



NÆR  
FOLKI HEILE  
NOREG

**SENTERPARTIETS  
PRINSIPP- OG  
HANDLINGSPROGRAM  
2025–2029**



Senterpartiet



# Innhald

<b>Trygg framtid i heile Noreg</b> .....	5
<b>Tillit til folk og lokalsamfunn</b> .....	7
Lokalt folkestyre.....	8
Avbyråkratisering og tillitsbasert styring .....	9
<b>Beredskap: Styrka nasjonalt totalforsvar</b> .....	11
Kommunane og fylkeskommunane .....	12
Nødetatane.....	13
Den offentleg organiserte redningstenesta.....	14
Frivillige rednings- og beredskapsorganisasjonar.....	14
Næringslivet .....	15
Sivilforsvaret.....	15
<b>Klima, miljø og natur: Grøn omstilling tek heile Noreg i bruk</b> .....	16
Rettferdig omstilling .....	16
Sirkulær økonomi på norske ressursar .....	17
Naturleg og industriell karbonfangst.....	18
Samspelet mellom natur og klima.....	19
Friluftsliv .....	21
<b>Arbeid, velferd og bustad: Gjer di plikt, krev din rett</b> .....	23
Arbeid.....	23
Velferd .....	25
Utanforskap .....	26
Bustad.....	27
<b>Barn, familie og mangfald: Ulike liv - like moglegheiter</b> .....	29
Barnetrygd, kontantstønad og foreldrepermisjon .....	29
Barnehage .....	31
Skulefritidsordning.....	32
Barnevernet.....	32
Mangfald.....	34
Urfolk og nasjonale minoritetar.....	35
Personar med funksjonsnedsetjing .....	36
LHBTQ+ .....	37
<b>Energi: Nasjonal kontroll over krafta vår</b> .....	38
Kraftutbygging og energieffektivisering .....	38

Nye energiformer og lokal sjølvråderett .....	39
Nei til EU si fjerde energimarknadspakke .....	39
<b>Forsvar: Norsk suverenitet og tryggleik .....</b>	<b>42</b>
Forsvarsløft.....	42
Heimevern og reservistar .....	43
Folka i Forsvaret .....	44
Totalforsvar.....	44
<b>Helse og omsorg: Førebygging, behandling og rehabilitering .....</b>	<b>47</b>
Folkehelse .....	47
Kvinnehelse .....	48
Kommunehelsetenesta .....	49
Velferdsteknologi og e-helse .....	51
Eldreomsorg .....	52
Pårørande .....	53
Fødetilbod og barselomsorg.....	54
Psykisk helse .....	54
Behandling og førebygging av rus .....	55
Bioteknologi.....	56
Spesialisthelsetenesta .....	57
<b>Innvandring og integrering: Kontrollert, rettferdig og inkluderande .....</b>	<b>60</b>
Flyktning- og asylpolitikk .....	61
Integrering .....	62
<b>Jordbruk, fiskeri og havbruk: Norsk mat gir tryggleik .....</b>	<b>64</b>
Jordbruk.....	65
Reindrift.....	68
Rovvilt .....	68
Matjord.....	70
Fiskeri.....	71
Havbruk.....	73
Dyrevelferd og dyrehelse.....	75
<b>Justis: Tryggleik over heile landet .....</b>	<b>77</b>
Politi.....	77
Arbeid mot vald og overgrep .....	79
Toll .....	81
Narkotika.....	81

Kriminalomsorga .....	82
Ungdomskriminalitet .....	83
Organisert kriminalitet.....	84
Domstolane .....	85
<b>Kultur, idrett og frivilligheit: For fellesskap og beredskap .....</b>	<b>87</b>
Frivilligheit .....	87
Medium og ytringsfridom .....	89
Kultur og idrett .....	90
Livssyn og kyrkje .....	92
Kulturarv .....	93
<b>Næring og industri: Verdiskaping i heile Noreg .....</b>	<b>95</b>
Industri og energi .....	97
Skogbruk.....	98
Maritime næringar.....	99
Reiseliv.....	99
Mineralnæringa .....	100
Olje og gass .....	101
<b>Økonomi og skatt: Verdiskaping og fordeling .....</b>	<b>104</b>
Skattar og avgifter.....	105
Statens pensjonsfond utland .....	107
Statens pensjonsfond Norge .....	107
<b>Samferdsel: Heile Noreg må bindast tettare saman .....</b>	<b>109</b>
Kollektivtilbod i heile Noreg .....	112
Luftfart .....	114
Hamner og farleier .....	115
Digitalisering.....	116
Post .....	118
<b>Utdanning og forskning: Skulegang som gir jobb, gode liv og verdiskaping .....</b>	<b>119</b>
Motivasjon, gjennomføring og rådgiving.....	120
Læraren .....	120
Grunnskulen .....	121
Vidaregåande opplæring .....	123
Yrkesfag.....	124
Høgare yrkesfagleg utdanning .....	125
Høgare utdanning .....	125

Studentvelferd .....	127
Forsking .....	128
Livslang læring .....	128
<b>Utanriks- og tryggingpolitikk: Norske interesser og internasjonal solidaritet .....</b>	<b>130</b>
Nordisk samarbeid .....	131
Internasjonal handel .....	132
Internasjonal utvikling .....	133
EU/EØS .....	134

# Trygg framtid i heile Noreg

Senterpartiet vil byggje samfunnet nedanfrå gjennom eit inkluderande folkestyre. Geografisk fordeling av makt, kapital og busetjing er kjernen i Senterpartiets ideologi. Senterpartiet ønskjer å flytte makta til å løyse problema nærast mogleg dei som opplever utfordringane på kroppen. Vi vil avbyråkratisere og desentralisere Noreg. Det statlege byråkratiet har over tid vakse seg for stort. Folk over heile Noreg skal ha moglegheit for å leve gode liv og å utvikle lokalsamfunna sine. Slik skal vi utvikle eit levande Noreg.

Eit land med høg grad av tillit mellom folk, til styresmakter, til rettsstaten og ei jamn fordeling av ressursar gir eit meir effektivt, rettferdig og demokratisk samfunn. Eit samfunn med små forskjellar mellom folk, uavhengig av kvar ein bur eller kva ein eig, aukar tilliten i samfunnet.

Eit livskraftig næringsliv over heile Noreg er ein føresetnad for å byggje landet. Små og store bedrifter utgjer grunnmuren i verdiskapinga og sysselsetjinga i Noreg. Næringspolitikken må styrke grunnlaget for å byggje, drive og vidareutvikle verksemdar. Senterpartiet meiner at føreseielege rammevilkår, kapitaltilgang og relevant kompetanse er viktig for utviklinga av verksemdene våre. Vi vil ha eit skatte- og avgiftsnivå som fremjar verdiskaping og styrker norsk og lokal eigarskap.

Den viktigaste oppgåva til styresmaktene er å sikre tryggleiken til innbyggjarane. Det handlar om å tryggje folks økonomi, nedkjempe kriminalitet og å sikre tilgang til helse- og velferdstenester same kvar ein bur eller kva bakgrunn ein har. Vi skal ha nasjonal kontroll over naturressursane, kritisk infrastruktur og energiforsyninga i Noreg.

Norske fossefall, norsk jord og skog, norsk olje og gass, fisk, mineral og havareal. Alle desse naturressursane har vi bevart nasjonal eigarskap til som følgje av kloke politiske vegval. Dette har sikra at heile folket har fått glede av naturressursane. Senterpartiet vil at vi skal bruke lærdommen frå eiga historie, og styrke den nasjonale eigarskapen og kontrollen over eigne naturressursar.

Fleire har komme inn i arbeidslivet dei siste åra. Noreg har blant dei høgaste sysselsetjingsandelane i Europa. Likevel står for mange utanfor jobb og utdanning. Det er eit stort tap for enkeltpersonar som ikkje får ta del i arbeidsfellesskap, og for samfunnet som treng arbeidskraft og mangfald. Folk må få utdanning som gir arbeid, og alle som kan, må bidra i arbeidslivet etter evne.

Landet vårt og verda står overfor nye utfordringar. Den tryggingpolitiske situasjonen gjer at den sivile og militære beredskapen vår må styrkjast over heile landet. Klimaendringane gjer oss meir sårbare for ekstremvær og kriser. Senterpartiet vil derfor styrke breidda i totalberedskapen vår. Politiet, Forsvaret og eiga sjølvforsyning av mat er avgjerande i dette arbeidet. Summen av mobiliserings- og motstandskraft i lokalsamfunna våre avgjer kor sterk den nasjonale beredskapen vår er når kriser rammar.

Den internasjonale uroa og stormaktsrivaliseringa gjer at Noreg må bevare og styrke dei internasjonale alliansane våre. Vi må bidra til ei verd prega av mellomstatleg samarbeid og respekt for internasjonal folkerett. Senterpartiet seier ja til internasjonalt samarbeid, men nei til EU-medlemskap og anna overnasjonalt styre. Noreg skal vere ein sterk og inkluderande nasjonalstat, der makta ligg på norske hender. Suverenitet er ein føresetnad for demokrati.

Klok forvaltning av rike naturressursar har lagt grunnlaget for den velferda vi har i dag. Vi forvaltar landet og havet på vegner av etterkommarane våre. Derfor må Noreg overlatast i betre stand enn vi overtok det i. Vekst er ikkje å forbruke meir, men å forvalte betre. Berekraftig bruk av fornybare ressursar har vore ein modell for norsk busetjing. I møtet med klima- og naturkrisa skal denne norske modellen vidareutviklast. Vi skal ha ei rask omstilling til ein sirkulær økonomi. I den sirkulære økonomien skal vi utvikle grøne næringar baserte på lokale fornybare ressursar. Meir ekstremvær gjer at vi må ruste opp infrastrukturen vår for å handtere eit varmare, våtare og villare klima.

Digitalisering, kunstig intelligens og ny teknologi gir moglegheiter for betre utnytting av ressursane våre og auka livskvalitet, men gjer også samfunnet vårt sårbart på nye måtar. Folk, næringsliv og det offentlege over heile Noreg må rustast for å kunne ta moglegheitene og å kunne møte utfordringane frå ny teknologi. Generative språkmodellar som nyttar kunstig intelligens, må tilpassast til det norske språket og norske verdiar for å vidareutvikle det Noreg vi er så glade i.

Fleire eldre og låge fødselstal utfordrar velferda og produksjonsevna i Noreg. Eldre er viktige ressursar i samfunnet. Samtidig må samfunnet rustast for at fleire vil trenge god eldreomsorg. Senterpartiet står i front for å styrke velferdsordningane for barnefamiliane. Noreg skal vere eit samfunn der folk har høve til å få så mange barn som dei ønskjer. Då må tida og økonomien i kvardagen til folk gå opp.

Nye utfordringar gir nye moglegheiter for å utvikle heile Noreg. Senterpartiet kjempar for eit levande Noreg med produktivitetsvekst, befolkningsvekst i distrikta og moglegheiter for å leve gode liv i by og bygd. Omstillinga vi skal gjennom skal byggje og trygge landet og gi betre liv for oss som bur her og dei som kjem etter oss. Folkestyre, rettferdig fordeling og berekraftig forvaltning er Senterpartiets politikk.

# Tillit til folk og lokalsamfunn

Senterpartiet vil utvikle gode lokalsamfunn i bygder, tettstader og byar i heile Noreg. Gode lokalsamfunn skaper sterke fellesskapar, legg til rette for verdiskaping, frivilligheit og reduserer utanforskap. Vi har mål om auka folkevekst i distrikta til glede for folk i bygder, tettstader og byar i heile landet. Senterpartiet ønskjer ikkje folkevekst i byar og pressområde på kostnad av trygge oppvekstmiljø, ivaretaka av stadens historie og kultur, og viktige naturverdiar som dyrka mark og produktiv skog. Senterpartiet ønskjer berekraftig vekst.

Næringsutvikling og tenester nært folk over heile Noreg er viktig for Senterpartiet. I nasjonalstaten Noreg skal alle føle at dei høyrer til ein stad. Alle skal ha tilgang til universelle velferdsgode og tenester uavhengig av ressursar og bustad. Når samfunnsfunksjonar blir sentraliserte, blir avstanden auka mellom innbyggjarar og styresmakter, som igjen kan svekkje tilliten i samfunnet. Offentlege oppgåver og nærvær til styresmakta må derfor ikkje sentraliserast bort frå lokalsamfunn.

Senterpartiet har fått på plass pilotar for bygdevekstavtalar som eit nytt verkemiddel i distriktpolitikken. Dette gir mange distriktskommunar høve til å teste ut og utvikle tenestene for å gi auka bulyst, betre tenestetilbod og sikre næringsutvikling i lokalsamfunna sine. Vi vil vidareutvikle og utvide denne ordninga. Senterpartiet vil også føre vidare ordninga med områdesatsingar og byvekstavtalar for å sikre miljøvennleg utvikling og gode levekår i pressområda.

Samfunnsutviklarrolla til fylkeskommunen må styrkjast for å både mobilisere, koordinere og støtte kommunar, næringsliv og frivillige organisasjonar.

## **Senterpartiet vil:**

- At statlege verksemdar skal legge til rette for at tilsette kan jobbe desentralisert.
- Etablere fleire desentraliserte kontorfellesskap for statlege tilsette.
- Vidareutvikle nærtenesesentera i kommunane for å tilby fleire statlege tenester nært folk.
- Flytte fleire statlege arbeidsplassar frå Oslo til andre delar av landet og sikre at lokalisering av statleg verksemd blir vurdert i ein regional arbeidsmarknadssamanheng og ikkje berre ut frå kommunestorleik. Minst éin kommune i sentralitetsklasse 3-6 skal alltid vurderast ved lokalisering av statlege arbeidsplassar. Unntaksreglar som gjer det mogleg å omgå utflyttingsvedtak, må avskaffast.
- Når leigekontraktar for statlege etatar i Oslo held på å gå ut, skal det vurderast om heile eller delar av verksemda kan flyttast ut av Oslo.
- Opprette eit forskingsprogram for distriktsutvikling i Noregs forskingsråd.
- Auke utbyggingstakten av 5G og stille lovpålagde krav om dekning i griskrendte strøk ved tildeling av frekvensar.
- Vidareutvikle og utvide ordninga med bygdevekstavtalar til å gjelde fleire kommunar.
- Framme småskala næringsverksemd i distrikta ved å forenkle plan- og godkjenningssprossar.

- Styrke arbeidet med å samordne statlege innvendingar og setje klare tidsfristar og avgrensingar for å unngå forseinkingar i planprosessar.
- Ha ein differensiert arealpolitikk i statlege planretningslinjer for å ta omsyn til ulike behov i tettbygde og gravgrendte strøk.

## Lokalt folkestyre

Det lokale folkestyret må styrkjast, slik at fleire får delta i utviklinga av samfunnet og det lokale tenestetilbodet. Folkestyret må utviklast gjennom desentralisering av statlege oppgåver til fylka. Senterpartiet ønskjer ein sjølvstendig og nyskapande kommunesektor, som utviklar det lokale velferda og lokalsamfunnet. For å sikre eit livskraftig lokalt folkestyre må øyremerking, rettsfesting og bemanningsnormer avgrensast. Alle nye oppgåver må fullfinansierast.

Kommunane og fylkeskommunane er sentrale tenesteprodusentar, samfunnsutviklarar og grunnmuren i folkestyret vårt. Senterpartiet meiner det er viktig at det er kort avstand mellom dei folkevalde og innbyggjarane. Eventuelle kommune- og fylkessamanslåingar skal vere frivillige og oppslutninga om desse skal vere avklarte i lokale folkeavstemmingar før igangsetjing.

Det kommunale inntektssystemet skal bidra til busetjing over heile Noreg, og sørgje for at alle innbyggjarar får likeverdige tenester.

Oppgåvene til statsforvaltaren må avgrensast til det som naturleg høyrer til rolla som forvaltar på vegne av staten. Andre oppgåver, som ikkje omhandlar tilsyn, kontroll eller klage, blir overført til folkevalt nivå.

### **Senterpartiet vil:**

- Føre vidare folkestyret vårt og forvaltninga vår organisert i tre nivå: Stat, fylke og kommune.
- Ikkje tvangssamanslå kommunar.
- Sikre at inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar reduserer forskjellar i samfunnet og bidreg til busetjing i heile landet, og ikkje stimulerer til kommunesamanslåingar.
- Behalde generalistkommuneprinsippet.
- Sette ned eit offentleg utval som skal gå gjennom detaljstyringa av norske kommunar, med mål om å ta ned det statlege styringstrykket, redusere den statlege detaljstyringa og auke det lokale, kommunale skjønnnet til å løyse og utføre oppgåver.
- Behalde dagens 19 valkrinsar ved stortingsval.
- Sikre at valgjennomføringa og at digitale system som er viktige for val, er godt beskytta.
- Sikre at overføringar til kommunar og fylkeskommunar i hovudsak blir gitt som frie midlar.
- Overføre fleire oppgåver frå staten og regional stat ute i fylka til fylkeskommunane og folkevalt nivå. Oppgåvene skal vere fullfinansierte.

- Overføre fleire av oppgåvene til statsforvaltaren som ikkje omhandlar tilsyn, kontroll eller klage til fylkeskommunen. Jordvern og beredskap skal vere unnateke.
- Stimulere til at dei største byane opprettar bydelsråd/kommunedelsråd, bydelsstyrar/kommunedelsstyrer eller bydelsutval/kommunedelsutval for å styrke det lokale folkestyret.
- At stortingsrepresentantar ikkje skal kunne utnemnast til statssekretær.

## Avbyråkratisering og tillitsbasert styring

Offentleg sektor har for stor grad av detaljstyring, og for lite tillit til dei som gjer jobben.

Tilsette i skule og helse er overbelasta med rapportering og detaljstyring.

«Bestiller/utførar-modellar» har ikkje gitt betre styring, men redusert fagleg skjønn og tid til innbyggjarane.

Senterpartiet vil føre vidare og intensivere arbeidet med tillitsreforma i offentleg sektor. Reduserte og forenkla rapporterings- og dokumentasjonskrav, frikommuneforsøk og utbreidd bruk av tillitsbasert leiding er nokre av grepa som er tekne i regjeringsperioden. Tillitsbasert styring må liggje til grunn i styringa av offentleg sektor.

Statlege etatar og direktorat har for mykje innverknad over saker som kan bli løyste gjennom politisk skjønn, bruk av lokal kunnskap, lokale tilpassingar og lokale prioriteringar. Senterpartiet vil derfor gå gjennom det statlege organisasjonskartet kritisk og redusere talet på direktorat. Somme direktorat kan legges ned. Andre kan slåast saman med ansvarleg departement eller andre direktorat. I denne prosessen skal statlege arbeidsplassar desentraliserast.

Regelverk for offentlege tilskotsordningar må gjerast fleksibelt og opne for bruk av meir lokalt skjønn. Det må opnast opp for meir forsøk og eksperimentering i kommunesektoren, på tvers av sektorar og forvaltningsnivå. Forsøkslova må reviderast, og det må utviklast frikommuneforsøk og frifylkeforsøk for å legge til rette for meir omfattande endrings- og fornyingsprosessar innanfor dei to forvaltningsnivåa.

Det offentlege må forvalte folks skattepengar og ressursane i fellesskapen på ein måte som skaper tillit i befolkninga. Senterpartiet er kritisk til det offentlege si utbreidde bruk av dyre konsulent- og kommunikasjonstenester, gapet mellom leiarlønningar og vanlege folk sine lønningar, og dessutan pengebruken i statlege IT-løysingar og utbyggingssjanser.

Lover og regelverk skal vere enkle å forstå, og avgjerder skal takast nærast mogleg innbyggjarane. Overdriven byråkratisering skaper frustrasjon, ineffektivitet og stel ressursar frå viktige samfunnsoppgåver. God lokalkunnskap er viktig for god beredskap og drift av landet vårt.

Innvendingar er viktige i demokratiet, men må ikkje hindre lokalt sjølvstyre utan sterke regionale eller nasjonale grunnar.

**Senterpartiet vil:**

- Redusere bruken av New Public Management som leiingsmodell i det offentlege.
- Sikre gode medverknadsprosessar som gjer at innbyggjarane kjenner seg høyrde.
- Redusere krav til internrevisjon i statlege etatar og arbeid for forenkling av forskrifter og skjema.
- Heve terskelverdien for å bli omfatta av forskrift for offentlege anskaffingar og bruke handlingsrommet betre.
- Redusere talet på direktorat og statlege etatar og sørgje for at det statlege byråkratiet blir redusert.
- Digitalisere og forenkle kontroll- og rapporteringssystema i det offentlege slik at fleire ressursar kan brukast på å levere betre tenester til innbyggjarane.
- Styrke arbeidet med forenkling og avbyråkratisering for offentleg sektor og næringslivet og differensiere mellom store og små bedrifter.
- Sikre at offentlege prosessar er opne og gir rom for innsyn.
- At bruken av konsulentar i offentleg verksemd blir redusert. Forvaltninga skal i staden byggje opp eigen kompetanse.
- Ha eit lønnstak for leiarar i staten og statlege føretak.
- Redusere talet på direktørstillingar i statlege etatar.
- Vidareutvikle institusjonar som Husbanken, Kommunalbanken og Statens lånekasse for utdanning, som viktige institusjonar for å sikre geografisk og sosial utjamning.

## Beredskap: Styrka nasjonalt totalforsvar

Den beste beredskapen og forsvar er busetjing, god infrastruktur, matproduksjon og anna næringsverksemd spreidd over heile Noreg. Senterpartiet meiner at det legg grunnlaget for sterk nasjonal motstandskraft og mobiliseringsevne.

Totalforsvaret omfattar samarbeid mellom det sivile samfunnet og Forsvaret i heile krisespekteret; frå fred, via tryggingsspolitisk krise og til væpna konflikt. Senterpartiet vil styrke totalforsvaret over heile Noreg. Senterpartiet fekk nedsett totalberedskapskommisjonen og leverte ei totalberedskapsmelding til Stortinget.

Vår del av verda har sidan andre verdskrig opplevd fred og framgang. Det internasjonale biletet er no prega av større spenningar og meir uvisse. Russland angreip Ukraina, og fleire land har opplevd ei svekking av demokratiske normer og verdiar.

Hybride truslar jamført med bruk av teknologi, usikre globale forsyningslinjer og auka mobilitet har endra tryggingssituasjonen. Dagens tryggingsspolitiske situasjon er alvorleg, og vi kan stå overfor auka konfrontasjon mellom totalitære regime og demokrati. Det nye trusselbiletet krev fornøya samhandling på tvers av sektorane for å sikre befolkninga tilgang på det aller nødvendigaste i kriser og krig.

"Akkurat-i-tide"-prinsippet har prega samfunnet sidan Berlinmurens fall. Vi vil erstatte det med "føre-var"-prinsippet og lage ein langtidsplan for sivil beredskap.

Den teknologiske utviklinga skaper nye moglegheiter, men også sårbarheiter og nye utfordringar. Offentlege instansar, næringsliv og privatpersonar er utsette for digitale truslar. Senterpartiet meiner det er viktig å prioritere ressursar til etterretning, og dessutan ivaretaking av infrastruktur og kompetansebygging for verksemdar og folk.

Befolkninga, kommunane, nødetatane, den offentleg organiserte redningstenesta og frivillige rednings- og beredskapsorganisasjonar er berebjelkane for beredskapen vår.

Befolkninga må sikrast god informasjon om kva kvar enkelt skal bidra med for å avhjelpe situasjonar langs heile krisespekteret. Ved at flest mogleg av innbyggjarane i landet kan hjelpe seg sjølve i ein akuttsituasjon, er det offentlege betre rusta til å hjelpe dei som treng det mest. Ressursane som skal handtere krisene, må vere spreidde over heile landet. Busetjing og infrastruktur i Aust-Finnmark er av særleg betydning for heile Noregs totalberedskap.

Klimaet er i endring på grunn av global oppvarming. For Noreg sin del vil det bety høgare gjennomsnittstemperaturar, meir nedbør og meir ekstremvêr. Det vil bli auka risiko for flaum og skred, meir styrtregn og havnivåstigning. Dei samfunnsområda som blir spesielt utsette er landbruk, bygg og anlegg, vatn og avløp og samferdsel. Ein viktig del av å byggje beredskap for framtida handlar om å integrere omsynet til klimaendringane i samfunnsplanlegginga.

### **Senterpartiet vil:**

- Sørge for at vi får på plass ein langtidsplan for sivil beredskap i kommande stortingsperiode.
- Styrke og verne norsk matproduksjon og foredling i heile landet for å sikre kapasiteten vår til å produsere og beredskapslager mat.
- Føre vidare og styrke satsinga på beredskapslager for korn. Lagring bør skje både i sentrale lager og desentralisert på gardar.
- Sikre tilstrekkeleg beredskapslager av kritiske legemiddel og medisinsk utstyr over heile landet, slik at befolkninga har tilgang på nødvendige medisinar i krisesituasjonar.
- Styrke nasjonal eigarskap og kontroll over strategisk viktige bedrifter, infrastruktur, teknologi og verdikjeder som bidreg til beredskap og tryggleik.
- Sørge for at vi har eit godt nok lovverk som hindrar uønskte utanlandske direkte og indirekte investeringar i og drift av til dømes infrastruktur, naturressursar og eigedom i Noreg.
- Kartlegge og avvikle utanlandsk eigarskap til eigedommar som har ei strategisk etterretningsmessig plassering.
- Sikre redundans i IKT og kraftforsyninga som del av ein beredskapspakke for samfunnskritisk infrastruktur.
- Sikre eit driftssikkert nødnett med dekning i heile landet i samarbeid med dei kommersielle aktørane i den norske marknaden. Redundans og tilgang må sikrast for alle relevante aktørar.
- Ha tilstrekkeleg datalagring for samfunnskritiske formål.
- Sikre at ansvarlege styresmakter har tydeleg mandat, kompetanse og kapasitet til å avdekkje og motverke forsøk på å spreie desinformasjon og svekkje nasjonal beredskap, innanfor ramma av yringsfridom og pressefridom.
- Få på plass tilstrekkelege ressursar til førebygging og etterretning av digitale truslar og angrep også på kommunalt og fylkeskommunalt nivå.
- Ruste opp og byggje nye tilfluktsrom som kan gi reelt vern for befolkninga, og dessutan gjeninnføre krav til tilfluktsrom ved oppføring av nye offentlege bygg.
- Vektlegge tryggleik og beredskap meir i offentlege innkjøp og anbod.
- Ha meir samøving mellom Forsvaret, frivillige organisasjonar, næringslivet, helsevesenet, brannvesenet og politiet, og dessutan kommune og fylkeskommune, for å sikre betre samhandling ved krisehendingar.
- Gi statsforvaltarane og Sysselmeisteren eit tydelegare ansvar og ei samordningsrolle i arbeidet med klimatilpassing.
- Betre kvaliteten og tilgjengelegheita i det offentlege kartgrunnlaget for å førebyggje skadar som følgje av klimaendringar.
- Vidareutvikle metoden i analysar av krisescenario for systematisk å ta omsyn til klimaendringar i vurderingar av framtidig risiko.
- Stille krav til auka kapasitet til reservestraum på telenettet

## **Kommunane og fylkeskommunane**

Kommunane må setjast i stand til å gjennomføre oppdaterte risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS) og å ha beredskapsplanar. Kommunale beredskapsråd må etablerast, anten i kvar enkelt kommune eller i samarbeid med nabokommunar.

Beredskapsråda må vere breitt samansette. Næringsliv og frivilligheit må delta for å sikre nødvendig samordning av beredskapen lokalt. Kommunale beredskapsråd skal gi oppdatert informasjon til innbyggjarane. Dei kommunale beredskapsråda skal sørgje for informasjonsflyt frå lokalt til regionalt og nasjonalt nivå.

Fylkeskommunane må sikre at kritisk infrastruktur kan møte ulike situasjonar som gjer at delar av infrastrukturen fell ut. Dette gjeld både fylkesvegane som beredskapsvegar og redundansen til den digitale infrastrukturen.

### **Senterpartiet vil:**

- Sikre minimum 50 prosent beredskapskoordinator per kommune, som er statleg fullfinansiert. Fleire kommunar kan samarbeide om beredskapskoordinator.
- Etablere regionale kurs om totalforsvar, samfunnstryggleik og beredskap som tilbod til sentrale beredskapsressursar på lokalt og regionalt nivå, for å sikre ein breiare og meir einskapleg innsikt i samfunnstryggleik og beredskap.
- Auke bidraget staten har til å kartlegge faresoner i område som kan vere utsett for flaum, ras og skred. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) og Noregs Geotekniske Institutt (NGI) må givast tilstrekkelege ressursar til å overvake område med kvikkleire og andre ras- og skredutsette område nøye.
- Sette kommunane i stand til å levere på krav om ROS-analysar, økonomiske og kompetansemessig.
- Utvikle risiko- og sårbarheitsanalysen i fylka (fylke-ROS) og kommunane, og bruke dei aktivt i lokalt klimatilpassingsarbeid.
- Etablere ei statleg låneordning der kommunar og fylkeskommunar kan få rentefrie lån til uventa utgifter på grunn av naturskade, flaum, skred eller statlege krav om naturskadeførebyggjande tiltak, før statleg kompensasjon blir gitt.

## **Nødetatane**

Nødetatane må sikrast økonomiske ressursar til å løyse oppgåvene sine gjennom samhandling over heile landet. Eit gjennomgåande problem i beredskapsetatane er at løyvingane til administrasjonsleddet aukar. På same tid får dei ytre etatane – som handterer krisene – ein mindre del. Senterpartiet meiner at ein større del av ressursane som går til brann- og redning, politiet og helsevesenet må gå til dei operative einingane.

Brannvesenet skal framleis vere eit kommunalt ansvar. Dei er ofte først på staden ved ulykker og andre hendingar. Dei andre nødetatane må bidra med kompetanse og ressursar for å ruste brannvesenet for oppgåvene dei møter. Brannvesenet må få løyvingar som sikrar investeringsevne og nødvendig utstyr. Senterpartiet vil halde oppe dagens 110-sentralar.

Ambulansen må kunne komme raskt over heile landet vårt. Senterpartiet vil halde oppe desentraliserte strukturar innanfor helse, og behalde og vidareutvikle sjukehus som grunnmuren i helseberedskapen. Legevakt, vår næraste beredskapsteneste, må vere tilgjengeleg i heile landet. Dette sikrar busetjing og at vi er rusta til å handtere situasjonar langs heile krisespekteret over heile Noreg.

Politiet fyller fleire viktige roller i beredskapssamanheng. Dei skal, mellom anna, drive med førebygging, delta i lokale beredskapsråd og avdekkje truslar. Politiets tryggingsteneste (PST) må sikrast ressursar til etterretningsarbeidet sitt for å identifisere og handtere samansette truslar.

**Senterpartiet vil:**

- Fastsetje forpliktande og føreseielege responstider for kvar av nødetatane. Responstid skal målast på kommune- eller kommunedelnivå.
- At operasjonssentralane til nødetatane skal ha nødvendig lokalkunnskap for å arbeide effektivt. Det er spesielt viktig å sikre kunnskap om lokal geografi og nødvendige språkferdigheiter, særleg i samiske område.
- Gi PST og politiet auka ressursar til etterretningsarbeidet sitt for å identifisere og handtere samansette truslar, også ved kritisk infrastruktur på sokkelen.
- Prøve ut nye samarbeidsformer mellom nødetatane i distriktsområde. Formålet er å styrke den samla beredskapen i område med store avstandar og lita befolkning. Det er ein føresetnad at kostnadene ikkje blir lagt over på kommunane og at samarbeidet ikkje svekkjer kompetansen i nødetatane.
- Sikre tilgang på bensin og diesel for nødetatane, uavhengig av straumtilgang, og gjeninnføre desentraliserte beredskapslager for bensin og diesel.

## Den offentleg organiserte redningstenesta

Senterpartiet har sørgd for at den offentleg organiserte redningstenesta har fått styrkt døgnbemanning ved avdelingane til begge hovudredningssentralane. På same tid er oppdragsmengda til sentralane aukande. Senterpartiet vil derfor som eit minimum halde oppe satsinga på desse landsdekkjande tenestene.

Heimevernet og Forsvaret kan brukast i beredskapsarbeidet ved store og alvorlege hendingar i fredstid. Dette vil vere ein viktig ressurs med stor menneskeleg kapasitet og langt uthald. Forsvaret skal også kunne stille utstyr til disposisjon.

**Senterpartiet vil:**

- At luftambulanser og andre beredskapstenester skal vere eit offentleg ansvar og drivast i offentleg/ideell regi.
- Halde oppe satsingane på Kystvakta og redningshelikoptera.

## Frivillige rednings- og beredskapsorganisasjonar

Frivillige organisasjonar inngår i Noregs beredskap. Frivillig deltaking er i seg sjølv god beredskap, då enkeltmenneska som har beredskapskompetanse er viktige i lokalsamfunna sine.

Senterpartiet meiner at bidraget til det frivillige må sikrast gjennom auka løyvingar til organisasjonane i tråd med tilrådingane frå Frivillige Organisasjonars Redningsfaglige Forum. Frivilligheita, under dette også nasjonale organisasjonar som yter omsorgsberedskap, må i langt større grad inkluderast i lokalt, regionalt og nasjonalt

beredskapsarbeid. Det kan vere ved øvingar, evalueringar og utarbeiding av beredskapsplanar.

**Senterpartiet vil:**

- Auke tilskotet til dei frivillige organisasjonane, og gi frivillige beredskapsorganisasjonar i heile landet eit løft.
- Gi avgiftsfritak for køyretøy og utstyr for frivillige redningstenester.
- Dekke frivillige beredskapsorganisasjoners kostnader til nødnett.
- Kompensere arbeidsgivarar som må avstå personell til øvingar, redningsaksjonar og annan samfunnsberedskap.
- Støtte nasjonale organisasjonar som yter omsorgsberedskap i kritesituasjonar.
- Sikre god beredskap til sjøs i heile landet gjennom å auke det offentlege tilskotet til Redningsselskapet.
- Sikre godt samarbeid med Den norske kyrkja og andre trus- og livssynssamfunn, og at desse er inkluderte i lokale, regionale og nasjonale beredskapsplanar.
- Vidareutvikle og styrke samarbeidet i Norden innanfor område som redningsteneste, beredskap, smittevernustyr og medisinar.

## Næringslivet

Næringslivet har verdifulle ressursar for Noregs totalberedskap. Senterpartiet meiner at næringslivet må inkluderast i beredskapsarbeid på alle nivå. Næringslivet skal inkluderast i dei kommunale beredskapsråda. Det offentlege skal sørgje for å ha god oversikt over kva kapasitetar næringslivet kan bidra med. Næringslivet og det offentlege bør lage avtalar som sikrar tilgang på innsatsfaktorar ved behov.

**Senterpartiet vil:**

- Styrke norsk farmasøytisk industri for å redusere avhengnaden av utanlandske leveransar.
- Opprette tilskotsordningar der næringsliv og privatpersonar får støtte til innkjøp av større beredskapsverktøy, som aggregat og drivstoff, som kan kollektivt nyttast i påkravde situasjonar.
- Etablere beredskapslager for nødvendige matvarer i regi av daglegvarekjedene.
- Vurdere ei ordning der dei store aktørane i daglegvarebransjen blir pålagde å ha lager og distribusjon i alle dei fem landsdelane våre.

## Sivilforsvaret

Sivilforsvaret er i beredskap for å verne befolkninga i krigssituasjonar og ved store hendingar. I tillegg har Sivilforsvaret ei viktig rolle som støttefunksjon til nødetatane i fredstid, som ved ulykker og naturkatastrofar. Utstyret til sivilforsvaret må vere plassert over heile Noreg, så det er tilgjengeleg når det trengst. Senterpartiet meiner det trengst eit sterkt sivilforsvar. Derfor har vi styrkt Sivilforsvaret og vil halde fram med ytterlegare styrking av denne viktige beredskapsressursen.

**Senterpartiet vil:**

- Halde oppe strukturen i Sivilforsvaret.
- Halde fram styrkeoppbygginga i Sivilforsvaret til 12 000 tenestepliktige.

# Klima, miljø og natur: Grøn omstilling tek heile Noreg i bruk

Vekst er ikkje å forbruke meir, men å forvalte betre. Senterpartiet vil at ressursar skal vinnast tilbake og gjenbrukas for å redusere klimagassutslepp, utarming av råstoff og natur, og dessutan forureining. Senterpartiet meiner at ansvarleg forbruk og gjenbruk må påskjønast. Dei som forureinar mest, må betale meir.

Klimakrisa er ein av vår tids største utfordringar. Noreg er som kunnskapssamfunn, og med store menneskelege og økonomiske ressursar, godt skikka til å ta leiarskap i kampen for klima, miljø og natur.

Naturen og hausting av naturressursar er grunnlaget for vår eksistens og evne til å overleve. I Senterpartiets forvaltartankegang har mennesket eit ansvar for at vi gjennom vår bruk av naturen tek vare på naturmangfald og miljø. Menneskets framtid er avhengig av at produksjonsevna og mangfaldet i naturen blir halde oppe.

Bruk og forvaltning av natur har vore grunnlaget for busetjing og aktivitet over det meste av Noreg. Utan bruk av norske fossefall, jord, skog, fisk, olje, gass og mineral, ville få av dagens lokalsamfunn ha vorte busette. Klok forvaltning av naturressursane er ein sentral del av den norske suksesshistoria. For Senterpartiet er det openbert at ressursane blir forvalta best gjennom berekraftig bruk av naturen - ikkje gjennom einsidig vern. Vi er avhengige av å bevare og oppattrette natur som fyller nødvendige funksjonar.

Den private eigedomsretten er viktig for å sikre eit breitt lag av lokale eigarar som haustar ressursane lokalt og har dette som levebrødet sitt. Dette gir den beste, mest effektive og langsiktige forvaltninga av naturressursane.

## Rettferdig omstilling

Noreg må oppfylle forpliktingane våre etter Parisavtalen. Det hastar å kutte utslepp for å avgrense global oppvarming mest mogleg. Noreg må følgje opp eigne forpliktingar i avtalen og bidra i det internasjonale samarbeidet for klimakutt og klimatilpassing. Noreg skal gjennomføre nasjonale utsleppskutt og bidra til utsleppskutt der dei er mest effektive. Dette inneber kvotekjøp og å finansiere effektive klimakutt i utlandet.

Senterpartiet vil prioritere effektive utsleppskutt og sikre ei rettferdig omstilling. Klimapolitikken må ha støtte frå folket, og vi må gi føreseielegheit for nye næringar og berekraftige løysingar.

Senterpartiet vil stimulere til tiltak vi alle kan gjere for å betre klimaet. Det er i Noregs eigeninteresse å omstille norsk økonomi. Gjennom omstilling skal vi sikre Noregs globale konkurransekraft. Derfor er det viktig med ambisiøse og målretta tiltak for omstilling.

Dei store grepa er det styresmaktene som må ta. Næringslivet må stimulerast til å halde fram med å drive forskning på og utvikle klimaløysingar som gir sysselsetjing og lønnsemd. For å få til raske utsleppskutt i Noreg må vi fjerne behovet for å bruke fossil energi i flest moglege sektorar. Vi bør også setje inn auka innsats mot dei største punktutsleppa i Noreg.

### **Senterpartiet vil:**

- Stimulere til nasjonale og regionale næringsprogram som Grønt industriløft og grønne næringsetableringar.
- Kartlegge korleis utsleppa frå Noregs 50 største punktutslepp kan reduserast.
- Ta i bruk differansekontraktar for å stimulere til ny teknologi der industrien har dei største punktutsleppa sine av klimagassar.
- Vurdere kritisk kva delar av EUs samarbeid på klimaområdet som tener norske interesser å delta i.
- Auke kapitalbasen til klimainvesteringsfondet for å gi verdiskaping og utsleppskutt i utviklingsland.
- Føre vidare og auke støtta til solkraft, jordvarme og fjernvarme til nye bygg og bustader.
- At støtteordningane for alternative energikjelder også skal vere tilgjengelege for kultur- og idrettsanlegg.
- Forenkle søknadsprosessane og betre støtteordningane for å gi enkeltpersonar, landbruk og lokalsamfunn ein stimulans til å satse på solceller, mini- og mikrokraftverk, gardsvindmøller, deling av straum og reduksjon av utslepp.

## Sirkulær økonomi på norske ressursar

Målet med sirkulærøkonomien er å skape verdier av ressursane i planeten på berekraftig vis. Dette inneber produksjon av varer med lang levetid og med minst moglege bruk av ikkje-fornybare ressursar. Reparasjon, gjenbruk og gjenvinning vil føre til ein kraftig reduksjon av avfall.

Skal vi lykkast med å gjere norsk økonomi sirkulær, må alle ledd i verdikjedene koordinerast betre, frå produksjon til forbruk og gjenvinning.

Overgangen til sirkulærøkonomien gir moglegheiter for Noreg. Sirkulære løysingar føreset auka satsing på biologiske næringar og fornybart råstoff frå primærnæringane. Næringane og råstoffa som kan vere alternativ til petroleum finst i distrikta våre. Avfall frå næring og hushald må i større grad gjenbrukas og vinnast tilbake i sirkulære verdikjeder.

Gjenvinning av kritiske materiale er viktig for Noregs beredskap og norsk produksjon. Vi treng å stimulere utviklinga av samfunnsnyttig gjenvinningsteknologi.

Gjennom aktiv bruk og god forvaltning av havet, jorda og skogen kan klimagassutsleppa reduserast og råvaretilgangen styrkjast. Marin forsøpling er eit stort lokalt og globalt problem. Plast og anna avfall blir transportert med havstraumane over verdshava. Det

trengst eit breitt spekter av tiltak frå haldningsendring og forbrukaransvar til samarbeid mellom nasjonar for å få bukt med dette problemet.

Aktiv næringspolitikk og nasjonal eigarskap av naturressursane er føresetnader for å lykkast med å utvikle ein sirkulær økonomi.

### **Senterpartiet vil:**

- Utvikle langsiktige verkemiddel i skatte- og avgiftssystemet slik at resirkulerte råvarer og sirkulære produkt blir konkurransedyktige.
- At Regjeringa inkluderer rapportering på sirkulær omstilling i grøn bok i statsbudsjettet, på linje med klimastatus.
- Legge til rette for auka gjenbruk gjennom økonomiske stimuli og regulatoriske tiltak.
- Innføre avgift på klede og tekstil med høgt plastinnhald.
- Redusere moms på reparasjon, gjenbruk og utleige av klede og utstyr.
- Stille sterkare krav til tekstilbransjen slik at "fast fashion" og tekstilsøppel blir redusert. Berekraftige materiale som ull, lin, bomull og viskose, og skinn, pels og andre naturleg nedbrytbare materiale, bør prioriterast.
- Stimulere til meir materiale som kan attvinnast i produksjon av forbruksvarer.
- Styrke arbeidet mot marin forsøpling nasjonalt og internasjonalt.
- Innføre tiltak for å stoppe plast på avvegar, og stoppe tilførsel av plast til vassdrag og havet.
- Arbeid for ein ambisiøs internasjonal plastavtale som sørgjer for at plast blir resirkulert og at plastforureining stansar.
- Utvide og forsterke produsentansvarsordninga for avfall.
- Styrke produsentansvaret for utstyr som blir brukt i fiskeri- og havbruksnæringa og sørgje for at fiskarar som leverer inn avfall ikkje må dekkje kostnadene ved dette.
- Fiskeflåten skal kunne returnere alt søppelet dei får i trålar og notar gratis på land ved privat kai.
- Gjere det gratis for private eller organisasjonar som ryddar avfall, å levere inn avfall frå havet, og kyst- og elvestrendene.
- Gi kommunane lovheimel til å gi straffegebyr i forsøplingssaker.
- Gi kommunane høve til å belaste kostnader til handtering av såkalla herrelaust avfall under sjølvkostområdet i renovasjonsordninga.
- Erstatte grunnavgifta på emballasje med ei insentivavgift basert på materialbruk som blir graderte etter ikkje-fornybart innhald og at det blir forhandla fram ein bransjeavtale om dette.
- Redusere matsvinn til eit minimum ved tiltak som femnar produsentar, daglegvarekjeder og forbrukarane.
- Justere avgiftssystemet slik at det ikkje lenger er lønnsamt å sende avfall til forbrenning i utlandet.

## Naturleg og industriell karbonfangst

Naturleg og industriell karbonfangst og bruk eller lagring av CO<sub>2</sub> (CCU og CCS) er nødvendig for å nå klimamåla. Derfor må det innførast verkemiddel som stimulerer til

fangst, bruk og lagring av CO<sub>2</sub> i stor og liten skala over heile Noreg. Dette kan legge til rette for ny industriutvikling, til dømes gjennom produksjon av blått hydrogen.

Norsk petroleumssektor vil halde fram med å spele ei avgjerande rolle i norsk økonomi og sysselsetjing og for europeisk energitryggleik i lang tid. Kunnskapen og teknologien frå sektoren er viktig i overgangen til fornybare løysingar. Samtidig skal vi planlegge for at petroleumsnæringa kan bli mindre i volum ettersom ressursane på norsk sokkel blir mindre og verda omstiller seg til meir fornybare energiformer. Kompetanse og kapital må kanalisert til fornybare næringar basert på norsk eigarskap og norske ressursar.

Senterpartiet meiner Noreg i større grad skal bruke skogen i klimakampen. Det bør legges til rette for at skogeigar får betalt for å utsetje hogst ut over økonomisk hogstmodnadsalder, og fram til alder for maksimal årleg middeltilvekst. Dette vil bidra mykje til CO<sub>2</sub>-fangst og lagring. Dette fordrar at skogen blir skjøtta annleis. Utvalde eigna bestand vil binde store mengder CO<sub>2</sub> og bidra til meir skurtømmer og langleva produkt til samfunnet. Betaling for økologiske tenester som skogen kan levere til samfunnet bør innførast i Noreg, slik det blir praktisert i mange europeiske land.

#### **Senterpartiet vil:**

- Betale bedrifter som fangar og bruker CO<sub>2</sub>, såkalla omvend CO<sub>2</sub>-avgift, for å få fortgang i industriell karbonfangst.
- Etablere ei nasjonal satsing på CCU (fangst og bruk) ved fangst av CO<sub>2</sub>, som gir nye moglegheiter for verdiskaping.
- Legge til rette for produksjon av nullutslepps energibærarar i Noreg.
- Bruke naturleg karbonfangst gjennom hav, skog og jord for å auke karbonopptaket og førebyggje klimaendringar.
- Utvide Bionovas mandat til utvikling av verdiskaping knytt til karbonfangst i skog, jord og hav.
- Legge til rette for hydrogen, ammoniakk, biodrivstoff og biogass der desse kan vere eigna alternativ innan landtransport og på sjøen, mellom anna gjennom vidareføring av programma for hydrogen og ammoniakk i fartøy.
- Legge til rette for industriell utvikling av blått og grønt hydrogen.
- At klimaavtalen med landbruket ligg fast og at tiltaka i Landbrukets klimaplan blir prioritert.
- Støtte utbygging av biorestlagar for å legge til rette for sirkulære verdikjeder.
- Styrke tilskot og forskning til å produsere biogass av matavfall, avfall frå næringsmiddelindustrien og husdyrgjødsel.
- Greie ut innføring av ei produksjonsstøtte til biogassanlegg etter modell frå naboland.
- Ta inn skog i klimamålet for 2035, dersom dette gjer det enklare å nå klimamålet og ikkje har negative verknader for skogbruket.

## Samspelet mellom natur og klima

Nedbygging av matjord og verdifulle naturmiljø kan gjere skade på dyre- og planteliv, og gjer oss meir sårbare og dårlegare i stand til å tilpasse oss eit endra klima. Utrydding

av dyre- og planteartar forårsakar uopprettelege skadar og set mattryggleiken i verda i fare.

Vi må i større grad ta i bruk allereie grå areal framfor å ta i bruk nye større, urørte område. Bruk av nye og urørte område til hyttebygging og infrastruktur kan ha konsekvensar for natur og sårbart dyreliv der samfunnsnytta kan vere avgrensa. Biologisk mangfald og sårbare økosystem må sikrast gjennom ein kombinasjon av nasjonalt regelverk og langsiktig lokal forvaltning. Senterpartiet vil styrke kapasiteten i kommunane i arealplanlegginga gjennom styrkt kommuneøkonomi, og dessutan å vidareutvikle løysingar som kan hjelpe kommunane i berekraftig forvaltning av areal- og naturressursar.

Vi vil sikre naturen og artsmangfaldet i og ved vassdraga og hindre forureining. Noreg har som stor havnasjon eit spesielt ansvar for FN's berekraftsmål om å ta vare på livet i havet. Noreg må igjennom politikk og handlingar sikre at havet kjem i betre økologisk balanse.

Mykje av det biologiske mangfaldet i Noreg er avhengig av menneskeleg bruk og skjøtsel. Om lag ein tredel av dei norske artane som er utryddingstrua høyrer heime i kulturlandskap, særleg i beiteområde og slåttemark. Derfor er framleis bruk av norsk natur til matproduksjon viktig for å halde oppe naturmangfaldet og for å sikre leveområde for pollinerande insekt.

Sårbare økosystem og artar som er trua må ivaretas. Ulike typar vern kan stundom vere eit nødvendig verkemiddel. Vern av sjeldne artar og naturtypar må skje gjennom ei klar prioritering for å sikre at det vi vernar, kan følgjast opp gjennom langsiktig verneforvaltning. Alt vern skal vere basert på klare, naturfaglege kriterium og vere forankra gjennom opne prosessar og lokalt sjølvstyre som sikrar rettane til grunneigarar, rettshavarar og lokalsamfunn. Korleis verneområdet kan brukast skal vere klarlagt når verna blir vedteke, slik at lokalbefolkninga har føreseielegheit. Grunneigarar, rettshavarar, lokalsamfunn, kommunar og regionar som er ramma av strengt vern og tek på seg ansvar for å bevare naturen på vegner av heile samfunnet må kompenseras for dette.

I byane våre er ofte naturverdiar under press frå utbyggjarinteresser. Konsekvensane kan vere at grønne lungar forsvinn, at landbruksjord blir bygd ned, at strandsona blir bygd ut eller at kulturmiljø ringast. Friområde for fellesskapen og dei lokale områda sine verdiar og særpreg må takast vare på.

#### **Senterpartiet vil:**

- Sikre ei differensiert arealforvaltning, som legg til rette for at dei mest verdifulle areala blir tekne vare på.
- Ikkje opne for olje- og gassverksemd på Møreblokkene, i Lofoten, Vesterålen, eller utanfor Senja (Nordland 6, Nordland 7 og Troms 2) eller i nærleiken av iskantsona i Arktis.
- Legge til rette for berekraftig fritidsbustadbygging med moglegheit for å velje enklare standard.

- Legge større vekt på viktigheita av beiteareal ved utbygging i utmark.
- Vidareutvikle løysingar for berekraftig forvaltning av areal- og naturressursar i kommunane, mellom anna i regi av Senter for berekraftig areal- og naturforvaltning. Erfaringsbasert kunnskap frå næringar som lever av naturen må vere ein del av dette kunnskapsgrunnlaget.
- Sikre at lokale interesser blir vektlagde i tilfelle der vern av naturområde blir vurdert. Frivillig skogvern må ikkje føre til ulemper for naboeigedommar som ikkje er ein del av vernet.
- Sikre lokal forvaltning og skjøtsel av verneområda gjennom satsing på verneområdesenter, og vidareutvikle dagens modell for lokal og regional forvaltning av verneområde elles.
- Auke kunnskapen om korleis arealpleie og ulike skogtiltak kan bidra til redusert brannrisiko i særleg utsette område.
- Sikre grunneigarar og rettshavarar full økonomisk kompensasjon ved etablering av verneområde.
- Bruke fjellova til å sikre lokal medverknad i forvaltninga av statsallmenningane, og dessutan føre vidare og styrke fjellstyreordninga i Sør-Noreg.
- Legge fjellova til grunn for forvaltninga av grunnen til staten i Nordland og Troms.
- Opprette og styrke tilskotsordningar for å sikre biologisk mangfald i kulturlandskapet i landbruket.
- Auke merksemda i arealforvaltninga på natur- og landbruksområde som bind jordsmonnet, lagrar karbon, vernar mot erosjon og som er viktig for overvasshandtering og flaumdemping.
- Sikre full erstatning ved ekspropriasjon av areal.
- Sikre gode levevilkår for villreinstammene i Noreg.
- Hindre at svartelista artar kjem inn i Noreg, og setje inn tiltak mot dei svartelistartane som allereie finst.
- Utrydde mårhund og villsvin frå norsk natur.
- Vere restriktiv når det gjeld genmodifiserte organismar og legge føre-var-prinsippet til grunn for godkjenning.
- Intensivere innsatsen med å førebyggje og rydde opp i forureina jord, sjø og sjøbotn. Nye teknologiar for å få dette til, må støttast.
- Legge til rette for og støtte tiltak for å fremje god vassforvaltning og godt vassmiljø.
- Gi tilskot til opning av bekkeløp som er viktige gytebekker for sjøaure og laks.
- At staten skal følgje opp arbeidet med å redde Oslofjorden.
- Stimulere til fleire tiltak for å redusere avrenning av næringsstoff frå jordbruket.

## Friluftsliv

Naturen er viktig for folkehelsa. Uteaktivitetar skaper trivsel og ei betre forståing for naturen. Tilgang til nære rekreasjonsområde er viktig for å sikre lett tilgang til friluftslivet, særleg for barn og unge i tette bustadområde. Utmarksareal er ein del av produksjonsgrunnlaget i bygdene. Eigeomsretten til grunneigarane og rettshavarane og forvaltaransvar skal liggje fast. Der staten, fylka eller kommunane er grunneigar, må lokalsamfunnet ha førsteretten til bruk og på ein rimeleg måte sikrast små- og storviltjakt og fiske.

Statsallmenningane er viktige friluftsområde. Dei har også tilbod til andre enn jegerar og fiskarar. Arbeidet som blir gjort av fjellstyra kjem mange grupper innanfor friluftslivet til gode.

**Senterpartiet vil:**

- Verne om allemannsretten innanfor dagens lovverk og styrke det haldningsskapande arbeidet om korleis ein skal ferdast i naturen, inkludert kva retter og plikter ein har.
- Vurdere å innføre eit handlingsrom i allemannsretten for å avgrense ferdsel i område utsett for press frå masseturisme.
- Verne om jakt, fangst, fiske og sanking som ein viktig del av matauk, naturopplevingar og norsk kulturarv.
- Tillate skuterkøyning på ubrøyta skogsveg.
- Gi meir rom for lokale avgjerder når det gjeld etablering av snøskuterløyper, bruk av vasskuter og motorbåt, og dessutan nødvendig barmarkskøyning med terrengkøyretøy.
- Støtte frivillige organisasjonar, grunneigarar og andre aktørar som legg til rette for friluftsliv, merking av turløyper og stiar, og dessutan informasjons- og forvaltningstiltak knytte til naturbruk og kulturarv.
- Lage ein nasjonal strategi for utvikling av grønne lungar, friluftsområde, kolonihagar, skulehagar og landbruk i folketette område.
- Halde fram arbeidet med offentleg støtte til sikring og oppkjøp av populære friluftsområde der dette aukar den allmenne tilgangen. Offentlege friområde må i større grad oppgraderast og gjerast tilgjengelege for alle.
- Sikre grunneigarars og rettshavarars interesser opp mot det organiserte og kommersialiserte friluftslivet.
- Tradisjonell samisk utmarksutøving (meahcastallan) skal kunne utøvast for å bevare denne kulturen og bevare det samiske språket.

# Arbeid, velferd og bustad: Gjer di plikt, krev din rett

Senterpartiet jobbar for eit trygt og inkluderande samfunn, der alle får moglegheiter og bidreg etter evne. Berekrafta i velferdsstaten avheng av at innbyggjarane yter etter evne og at flest mogleg er i arbeid.

Senterpartiet ynskjer at alle som kan skal få oppleve gleda av arbeid og aktivitet. Slik kan kvar enkelt få forme si eiga framtid og vere med på å løfte fellesskapet. Delen av folk i Noreg som er i arbeid har auka dei siste åra, etter mange år med nedgang. Noreg er blant dei landa i Europa med høgast del av befolkninga i arbeid. Likevel står rundt 20 prosent av alle i arbeidsfør alder utanfor arbeidslivet. Dette representerer ei moglegeheit då mange sektorar vil mangle arbeidsfolk framover.

For dei som ikkje kan, eller berre delvis kan stå i arbeid, skal vi ha eit sterkt tryggleiksnett i form av velferdsytningar. Dette gjeld om behovet er permanent eller berre for delar av livet. Ein stabil busituasjon er ei nødvendig ramme rundt alle menneske sine liv. Bustadforholda er viktige for familielivet og påverkar kor mange ungar vi får. Ein velfungerande bustadmarknad er ein føresetnad for nærings- og samfunnsutvikling i lokalsamfunn over heile Noreg.

## Arbeid

Senterpartiet vil legge til rette for at fleire kjem ut i arbeid. Det må arbeidast meir for å få eit arbeidsliv der arbeidsgjevarar legg til rette for tilpassa arbeid. Arbeidslivet er viktig for å høyre til for einskildmennesket. Senterpartiet meiner at det enkelte mennesket sine moglegheiter til å bidra etter evne må betrast.

Norsk arbeidsliv skal utviklast i samarbeid mellom styresmakter, arbeidsgjevarar, arbeidstakarar og deira organisasjonar. Samarbeidet byggjer på felles målsetningar om høg verdiskaping, full sysselsetjing, jamn fordeling av inntektene og reallønsvekst for alle grupper.

Trepartssamarbeidet skal medverke til gode arbeidsmiljø og tillit mellom avgjerletakarar, leiarar, tillitsvalde og arbeidstakarar. Eit arbeidsliv med høg del av fagorganiserte og organiserte bedrifter er viktig for lønsvekst og ordna arbeidstilhøve for alle. EU sin frie flyt av arbeidstakarar utfordrar den norske arbeidslivsmodellen. Senterpartiet meiner at EU-retten ikkje skal gå føre norsk regelverk forhandla fram av partane i arbeidslivet.

Arbeidslivet skal gje tryggleik for arbeidstakarane og samstundes gje arbeidsgjevarar tilgang på arbeidskraft med rett kompetanse. Eit meir fleksibelt arbeidsliv og ny teknologi gjev moglegheiter for desentralisering av arbeidsplassar, og det kan også gje arbeidstakarar større fleksibilitet i kvardagen. Samstundes må ein god balanse mellom arbeid, familieliv og fritid ivaretas.

Nye måtar å organisere arbeidslivet og nye forretningsmodellar for tenesteproduksjon, utfordrar det organiserte arbeidslivet slik vi kjenner det. Det kan medverke til å svekke etablerte arbeidstakarrettar, hindre lønsdanning basert på tariffavtaler og løyse opp samarbeid om utvikling av arbeidslivet i Noreg. Arbeidslivskriminalitet svekkar rettane og tryggleiksnettet for dei tilsette og skaper ulikskapar i konkurransevilkåra for seriøse bedrifter. Digitalisering og bruk av kunstig intelligens kan effektivisere arbeidslivet og frigjere arbeidskraft til andre område. Arbeidstakarar må ha moglegheit for omskulering og kompetanseheving slik at effektivisering ikkje fører til utstøyting frå arbeidslivet.

Mange sjukemeldingar er i dag knytt til forhold på arbeidsplassen og dårleg arbeidsmiljø. Å skape ein attraktiv arbeidsplass der dei tilsette trivast og ynskjer å jobbe er difor eit viktig tiltak for å bidra til at fleire er i jobb. Ansvaret for dette ligg både på dei tilsette og særleg leiarar i verksemder.

### **Senterpartiet vil:**

- Vidareutvikle den norske arbeidslivsmodellen mellom partane for å sikre arbeidstakarrettar i nye måtar å organisere arbeidslivet på.
- Som eit minimum halde fagforeningsfrådraget på nivået det er på i dag.
- Verne om frontfagsmodellen som basis for lønsforhandlingar.
- Sikre at norsk arbeidslivslovgjeving, norske tariffavtaler og ILO-konvensjonar har forrang framfor EU-retten.
- Styrke og effektivisere kontroll- og tilsynsarbeid på tvers av etatar for å trygge arbeidstakarane og sikre dei seriøse bedriftene.
- Ha kontroll over kven som oppheld seg i Noreg, at dei har lovleg opphald, arbeidsløyve og kva arbeidsgjevar dei har.
- Ha allmenngjering av tariffavtaler i bransjar som blir råka av ukontrollert arbeidsinnvandring som følge av EØS-avtalen.
- At det i offentlege anbod blir stilt krav til oppdragsgjevarar om løns- og arbeidsvilkår i henhold til gjeldande tariffavtale for den aktuelle bransjen.
- At offentleg sektor, som hovudregel, skal tilby heile, faste stillingar.
- Ha eit arbeidsliv som legg til rette for dei med redusert arbeidsevne og gjere det enklare å kombinere arbeid eller inntektsgjevande verksemd med pensjon og andre ytingar.
- Legge til rette for ein heiltidskultur i arbeidslivet, men som samstundes anerkjenner at arbeidstakarar har behov for ulik arbeidsbelastning i ulike livsfasar.
- At norsk regelverk knytt til helse, miljø og sikkerheit (HMS) på norsk sokkel skal vere under nasjonal kontroll.
- Rette opp "uførefella" som gjev lågare uføretrygd frå NAV for personar som har mottatt delvis uførepensjon frå offentleg tenestepensjon.
- Gå imot lovfesta minsteløn, men sikre allmenngjering av lønsbestemmelsane i tariffavtaler som har eit lågare lønsnivå enn 80 prosent av gjennomsnittleg industriarbeidarløn.
- Arbeide mot all diskriminering i arbeidslivet.
- Sikre kommunalt tilsette innan helse og oppvekst sesongtilpassa arbeidsklede og sko som ivaretar helse, miljø og tryggleik betalt av arbeidsgjevar.

## Velferd

Senterpartiet meiner at velferdsordningane skal vere universelle. Alle må få tilgang til dei same velferdsgoda for å sikre oppslutnaden om velferdsstaten. Med låge fødetal og ei aldrande befolkning blir det fleire omsorgsoppgåver, og færre hender. Då må alle i arbeidsfør alder med restarbeidsevne få høve til å delta i arbeidslivet. Dette krev god tilrettelegging. Kombinasjonen mellom arbeidsinntekt og ytingar må vere rettferdig og ubyråkratisk. NAV har ei avgjerande rolle som reiskap for å rettleie og å oppmuntre personar til å stå i jobb. Samspelet mellom fagpersoner i NAV, arbeidslivet, behandlere i helsetenesta og dei personane som treng ytingar må bli betre. Fyrstelinja i NAV må få større ansvar og mynde for å sikre brukarane dei riktige tiltaka.

Digitalisering av statiske ytingar som fødselspermisjon og alderstrygd har vore vellukka. For arbeids- og helserelaterte ytingar må vurderingane av den enkelte sine behov og rettar blir utgreia i eit tett og tilpassa opplegg med bistand frå lokale NAV-rettleiarar.

Å ha ein trygg jobb å gå til, ha tilhøyrrighet i eit fellesskap og å bidra til samfunnet er positivt for alle. Senterpartiet vil ha eit tilstrekkeleg tal varige tilrettelagte arbeidsplassar (VTA) for personar som treng desse.

Velferdsytingane må vere utforma på ein slik måte at dei byggjer opp under arbeidslinja. Vi støttar måla i pensjonsreforma, som stimulerer til arbeid og på same tid gjev valfridom når det gjeld tidspunkt for å gå av med pensjon.

### **Senterpartiet vil:**

- Utvide omfanget av ordningar med varige og mellombelse lønstilskot til arbeidsgjevar.
- Gjere avtala om inkluderande arbeidsliv meir forpliktande for alle partar i arbeidslivet. Både privat og offentleg sektor må forplikte seg til å få fleire med nedsett arbeidsevne i arbeid.
- Vidareføre sjukelønsordninga på nivået den har i dag og betre den for sjølvstendig næringsdrivande.
- Greie ut mogelegheita for at personar med alvorlege diagnosar som er under aktiv behandling, får nødvendig fleksibilitet når det gjeld sjukemeldinga si lengde og gradering, samt betre høve for arbeidsnærvar og økonomisk tryggleik i behandlingsperioden ut over eit år. Arbeidsgivar må i denne perioden gjevast fritak for arbeidsgivarperioden for sjukepengar.
- Styrke samanhengen mellom plikter og rettar i dei mellombelse ytingane, til dømes AAP og sjukepengar. Dette for å sikre ein brei oppslutnad om velferdsordningane som skal bidra til meir jambyrdige økonomiske forhold for folk som ikkje har vanleg arbeidsinntekt.
- Sikre at det skal vere eit økonomisk trygt val å jobbe i kombinasjon med uføretrygd, for å gjere overgangen til arbeidslivet enklare.
- Sørge for eit desentralisert NAV med kompetanse, tenester og auka avgjerslemakt på det enkelte kommunale NAV kontor. Regelverket må opne for fornuftige, lokale tilpassingar.

- Sikre at NAV blir organisert slik at den enkelte kommune kan ha eige NAV-kontor med tilstrekkelege opningstider og tilgjengelegheit.
- Dagens rettleiarar på dei lokale NAV kontora må gis mynde som sakshandsamarar og dermed ta avgjersler for de midlertidige ytingane, sjukepengar og arbeidsavklaringspengar (AAP).
- Flytte avgjerslemakta for fleire av dei mellombelse ytingane til dei lokale NAV-kontora.
- Endre anbudspraksisen i NAV slik at også mindre og ideelle tiltaksarrangørar kan levere tilbod om varige tilrettelagte arbeidsplassar (VTA), arbeidstrening og liknande.
- Gå gjennom arbeidsmarknadstiltak i NAV for å sikre kvalitet og effekt.
- Sikre rammevilkår for dei kommunalt eigde og ideelle attføringsbedriftene og unngå anbudsregimer som sentraliserar og byggjer ned viktige tilbod for tiltaksdeltakarane.
- Endre samordningslova slik at offentleg tenestepensjon ikkje blir redusert ved arbeid utover pensjonsalder.
- Auke minstepensjonen med eit kronetillegg.

## Utanforskap

Delen nordmenn som lever på uføretrygd aukar. Unge uføretrygda står for mesteparten av auka. Samfunnet sine kostnader knytt til dette er urovekkande høge, men fyrst og fremst er dette alvorleg for den enkelte. Når ein står utanfor arbeidslivet aukar risikoen for å hamne i utanforskap. Utanforskap bidreg til auka sosiale skilnader i helse, som også gjer utanforskap til ei folkehelseutfordring.

Mange unge som er på ytingar har ikkje fullført utdanning. Dette er ei mogelegheit for å få fleire inn i arbeidslivet, også dei som berre har noko restarbeidsevne. NAV lokalt må ha verkemiddel for å få til dette ved hjelp av til dømes lokal tilrettelegging, tilrettelegging for fullføring av utdanning eller dekking av behov for omskulering. Dette må gjerast i samarbeid med både kommunane og fylkeskommunane, som har ansvaret for vidaregåande opplæring og vaksne si opplæring.

Å bidra til at fleire får ei sterkare tilknytning til samfunnet kan også skje ved at uføre kjem i aktivitet gjennom frivillig arbeid. Dette vil kunne gje glede ved å føle at ein yter positivt til samfunnet og er del av eit fellesskap.

### **Senterpartiet vil:**

- Auke grensa for løn til uføre som prøver seg i jobb frå 0,4G til 1G.
- Vidareføre aktivitetsplikta for sosialhjelpsmottakarar under 30 år, kombinert med ein aktivitetsrett for mottakaren. Kommunane må få statstilskot for å organisere denne aktiviteten.
- Prøve ut aktivitetsplikt, også for aldersgrupper over 30 år som er sosialhjelpsmottakarar. Det er rettferdig at plikta og retten til aktivitet etter kvart kan kome alle til gode.
- Styrke ordningar og aktivitetar som legg til rette for at unge under 30 som står utanfor arbeidsliv eller utdanning får fullført utdanningsløp.

- Gje NAV eit tydeleg mandat og tilstrekkeleg med ressursar til å fylgje opp personar på uføretrygd som ynskjer og/eller har moglegheit til å kome inn på arbeidsmarknaden. Talet AFT-plassar må aukast og vekstbedriftene må styrkast.
- Sørge for ein saumlaus overgang frå vidaregåande skule til varig tilrettelagt arbeid for ungdom som er uføre som fylgje av sterk funksjonsnedsetting og oppmode til auka bruk av planlagde kompetansebevis i vidaregåande opplæring.
  - Halde fram å auke talet nye VTA-plassar.
- Gjeninnføre mogelegheita for å gje stønad til arbeidsretta tiltak til unge ned til 15 år, slik at dei som droppar ut av skulen kan kome i aktivitet. Dette må sjåast i samanheng med ungdomsgarantien.
- Sørge for eit meir fleksibelt NAV-regelverk og betre samhandling mellom NAV, kommunar og fylkeskommunar for å hindre at brukarar fell mellom fleire stolar.
- Styrke områdesatsingane i byområde med særlege levekårsutfordringar.

## Bustad

Senterpartiet meiner det er viktig at flest mogleg får høve til å eige sin eigen bustad. Velfungerande leigemarknader må sikrast for dei som i kortare eller lengre periodar leiger bustad.

I dag kan det vere vanskeleg å byggje ny bustad i fleire distrikt, fordi det er dårleg samsvar mellom byggekostnadane og den marknadsverdien huset får når det er ferdig. Det er difor behov for tilpassingar i lånemodellane og utgreiing av nye typar lån gjennom Husbanken. På same måte er det lite attraktivt å drive med kommersiell bustadutvikling fleire stadar i landet fordi utleigeprisane og salsprisane som fylgjer av investeringane, blir for høge samanlikna med dei generelle utleigeprisane på staden.

I sentrale strom slit mange med lågare inntekt med å kome inn på bustadmarknaden. Kommunane må drive ein aktiv bustadpolitikk, gjerne i samarbeid med private aktørar. Dei statlege verkemidla gjennom Husbanken må støtte kommunane som tek ei aktiv rolle. Startlån må brukast meir systematisk som verkemiddel.

Terskelen for å kome inn på bustadmarknaden har vorte for høg i store delar av landet dei siste tiåra. Senterpartiet vil legge betre til rette for einslege og fyrstegangsetablerarar, gjennom målretta tiltak som ivaretar utfordringane både i pressområde og i spreiddbygde strom. Det må byggast tilstrekkeleg med studentbustadar slik at resten av utleigemarknaden kan fungere godt.

Senterpartiet vil legge til rette for at kommunane kan utvikle ein variert bustadmarknad tilpassa innbyggjarar i ulike livsfasar, skiftande økonomisk situasjon og ulikt funksjonsnivå, blant anna gjennom ei vidare styrking av Husbanken. Bustadar med livsløpsstandard bør fremjast for at eldre og personar med funksjonsnedsettingar kan leve fullverdige liv i eigen heim så lenge som mogeleg.

Det ligg eit stort potensial i å ta betre vare på det vi har av eksisterande bygg. Senterpartiet vil legge ytterlegare til rette for rehabilitering og at nye bygg tilretteleggast

for seinare ombruk og resirkulering. Vi vil gjere det lettare å nytte eksisterande bygningsmasse til bustadformål og gjere det lettare for kommunane å tillate omregulering til bustad der det er hensiktsmessig.

Kor det leggst til rette for å byggje bustadar har mykje å sei for utviklinga av gode lokalsamfunn. Det er viktig å fylgje opp dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging, som Senterpartiet i regjering la fram i 2023. Det skal først ein politikk tilpassa regionale og lokale forhold, som gjev ny vekst og sterkare utvikling i område med svak eller negativ utvikling i folketalet. Senterpartiet vil legge til rette for spreidd bustadbygging i distrikta i område sett av til landbruk-, natur- og friluftformål.

### **Senterpartiet vil:**

- Innføre ei ordning som stimulerer til meir nybygging av bustadar i sentralitetsklasse 5 og 6.
- Gje tilskot til utskifting av vindauge og etterisolering av tak, veggjar og golv i sentralitetsklasse 5 og 6.
- Redusere kravet til Husbanken si tryggleiksvurdering for bustadar i område med låge salsverdiar for bustad, blant anna for bustadar i sentralitetsklasse 5 og 6.
- Gje bankane høve til å utvise meir skjønn for å tilpasse eigenkapitalkravet i område med låg marknadsverdi på bustadar.
- Styrke dei bustadpolitiske verkemidla i Husbanken, slik at kommunane blir best mogeleg i stand til å gjennomføre ein aktiv bustadpolitikk tilpassa lokale behov.
- Legge til rette for ordningar i Husbanken som stimulerar til rehabilitering av kommunale bustadar og privatbustadar i distrikta.
- Styrke startlånordninga for å hjelpe fleire til å eige eigen bustad.
- Sikre kommunane høve til å gje startlån på toppen av ordinært banklån.
- Styrke dei bustadsosiale verkemidla og sikre kommunane sine økonomiske rammer til å gje oppfølging til personar som har vanskar med å ha ein stabil busituasjon.
- Vidareføre styrkinga av bustøtteordninga for personar med låg inntekt og høge buutgifter, og vurdere inntektsgrensene.
- Auke delen bustadar med universell utforming.
- Støtte bruk av leige-til-eige-modellar i bustadmarknaden.
- Prøve ut skattefritak for privatpersonar for langtidsutleige av bustadar i distrikta for å skape auka bustadtilgang i leigemarknadane.
- Gje tilskot til sanering av ubebuelege hus og bygningar i særleg dårleg stand for å frigje tomter til nyetablerarar i distrikta.
- Auke maksgrensa for BSU til 50 000 kroner i årleg sparing, og 400 000 kroner som totalbeløp med eit skattefritak på 20 prosent.
- Innføre ei GSU-ordning (Gardssparing for unge) med 70 000 kroner i årleg sparing med 500 000 kroner som totalbeløp og eit skattefritak på 20 prosent.
- Sikre rask framdrift på arbeidet med digitalisering og forenkling av plan- og byggesaksprosessar.
- Forenkla bygningsmessige krav ved bruksendring frå fritidsbustad til bustad.

# Barn, familie og mangfald: Ulike liv - like moglegheiter

Å sørge for gode oppvekstvilkår for barn er av dei viktigaste oppgåvene i samfunnet. Senterpartiet har høge ambisjonar for familiepolitikken, i tråd med FN's barnekonvensjon. Familiepolitikk skal bidra til å jamne ut sosiale forskjellar, skape god livskvalitet og gi alle barn ein trygg og god oppvekst.

Senterpartiet har i regjering gjennomført ei stor satsing på barnefamiliar, med ein stor auke i barnetrygd, billigare barnehage og gratis SFO. Det har vorte færre barn som veks opp i fattigdom (vedvarande låginntekt), men det er framleis for mange barn i Noreg som kjenner på utanforskap på grunn av økonomi. Senterpartiet vil prioritere dei universelle velferdsordningane for barnefamiliar.

Over tid er fødselstala i Noreg reduserte til eit nivå som gjer at vi ikkje sjølv lenger held oppe befolkningstalet, noko som utfordrar produksjonsevna vår. Det er derfor i samfunnet si interesse å snu utviklinga med låg fruktbarheit. Senterpartiet vil prioritere tiltak for å snu utviklinga med fallande fødselstal i Noreg og legge til rette for at folk kan få så mange barn som dei ønskjer seg. Økonomi, tenestetilbod og bu- og arbeidssituasjon påverkar dette. Familiepolitikken skal legge til rette for god livskvalitet og gi eit godt grunnlag for å vere foreldre. Senterpartiet meiner at ein moderne foreldrepermisjon, rimelege barnehage- og SFO-plassar og sterke rettar for foreldre i arbeidslivet er viktige for å auke fødselstala. Familiar skal ha rom for å kunne organisere familielivet på ulike måtar.

Omsorg for og oppseding av barn er ansvaret til foreldra. I tilfelle der foreldra ikkje kan ha dette ansvaret skal samfunnet sikre barna god, stabil og føreseieleg omsorg. Dei første 1000 dagane etter unnfanging er avgjerande for barns utvikling. Senterpartiet vil førebyggje at barn opplever ein kvardag med omsorgssvikt, mobbing, rus eller fattigdom. For å følgje opp dei barna og familiane som på ulike måtar har utfordringar må det vere eit godt tverrfagleg samarbeid.

Barn har rett til samvær med begge foreldra, sjølv om foreldra bur kvar for seg. Foreldra har eit gjensidig ansvar for at samværsretten blir oppfylt.

Kommunane må ha økonomi til å kunne ha kvalifisert bemanning i skular og barnehagar, tilbod om fritidsaktivitetar og å kunne sørge for trygge møteplassar for barn og unge. Senterpartiet vil setje i verk målretta tiltak for å redusere fattigdom og hjelpe barn i utsette familiar. Slik skal vi sikre god inkludering i samfunnet og førebyggje utanforskap.

## Barnetrygd, kontantstønad og foreldrepermisjon

Barnetrygda er eit effektivt tiltak for sosial utjamning. Senterpartiet meiner det må legges betre til rette for flerbarnsfamilier, at fleire vel å få barn tidlegare og at studentar og andre som ikkje er i løna arbeid får gode økonomiske ordningar ved barnefødsel.

Småbarnsforeldre bør ha valfridom til å avgjere om dei ønskjer å vere heime med dei små barna sine. Senterpartiet vil føre vidare den målretta kontantstøtteordninga for barn i alderen 13 til 19 månader.

Betalt foreldrepermisjon er viktig for å sikre ein god start på livet til barna, og for å bidra til likestilling mellom foreldra. Ordningar tilpassa ulike livssituasjonar er viktig for å bidra til sosial og økonomisk utjamning. Senterpartiet støttar ei tredeling av foreldrepengeordninga. I familiar med tvillingar og trillingar må begge foreldra få meir foreldrepermisjon.

Fedre/medmødrekvoten er viktig for at fedre/medmødrer skal utvikle ein god og nær relasjon til barna sine frå fødselen av og i småbarnsåra, og dessutan ta del i oppveksten til barna. Fødselspermisjonen må også ivareta mors behov for kvile, rekonvalesens, tilpassing til nye rutinar og legge til rette for amming så lenge som tilrådd. Permisjonsregelverket må betre ta omsyn til sjølvstendig næringsdrivande, arbeidstakarar og studentar som reint praktisk ikkje kan ta permisjon samanhengande over lengre tid.

#### **Senterpartiet vil:**

- Auke barnetrygda og behalde denne støtta til barnefamiliane som ei universell ordning utan behovsprøving eller skattlegging.
- Innføre ei særskild støtte ved fødsel av tredje barn på grunn av auka utgifter til større bil og liknande.
- Gi skattelette til folk som får barn før dei er 30 år.
- At barnetrygd framleis skal haldast utanfor ved berekning av sosialhjelp.
- Føre vidare kontantstøtten for barn i alderen 13 til og med 19 månader.
- Auke eingongsstøtten ved fødsel til 1,5 gonger grunnbeløpet i folketrygda.
- Legge til rette for arbeidstidsreformer for kvinner og menn som gir rom for omsorgsarbeid.
- Minst halde oppe mødre/fedrekvote på 15 veker og ha 16 veker til felles fordeling ved full sats, og det må vere betre moglegheit for overføring mellom foreldre.
- Arbeid for at helsestasjonen blir styrkt slik at tilbodet om oppfølging og sosiale møtepunkt blir endå betre både for mødrer og fedrar.
- At foreldrepengeordninga tek utgangspunkt i fødedato, ikkje termin. Unntak for tilfelle der gravide føder før termin og dermed mistar retten til foreldrepengar på grunn av 6 månedersregelen.
- Gi bonusinnskott i Folketrygdordninga til den av foreldra som tek ut mest foreldrepermisjon.
- Auke fedrars sjølvstendige rett til uttak av foreldrepengar.
- Fjerne aktivitetskravet ved uttak av fellesperiode for foreldrepengar.
- At inntekt før svangerskap skal kunne danne grunnlag for foreldrepengar.
- Arbeid for at permisjonsregelverket i større grad tek omsyn til sjølvstendig næringsdrivande, arbeidstakarar og studentar som ikkje har høve til å ta ut permisjon samanhengande.
- Styrke familievernet slik at det blir eit reelt lågterskeltilbod for familiar som treng hjelp og støtte.

## Barnehage

Barnehagane skal byggje på ein grunnleggende respekt for eigenverdien frå barndommen og bidra til ein meningsfull oppvekst. Dette må gjelde uavhengig av funksjonsnivåa til barnet, bustad og den bakgrunnen barnet har sosialt, kulturelt og etnisk. Senterpartiet meiner at den viktigaste oppgåva til barnehagen er å fremje leik og sosialisering, noko som naturleg bidreg til utvikling, vekst, språk og trygge relasjonar. Å prioritere tidleg innsats i barnehage kan gjere stor forskjell på korleis eit barn klarer seg gjennom grunnskulen og i livet vidare. Barnehagen må ha fokus på foreldrerettlegg i samarbeid med andre yrkesgrupper.

Kvaliteten blir sikra gjennom pedagogiske leiarar som blir gitt tillit og tek ansvar for innhaldet i barnehagen innanfor den nasjonalt fastsette rammeplanen. Dei tilsette skal kjenne barna og sjå behova deira. Barna skal møtast av eit pedagogisk læringsmiljø. Barnehagelærarane må ha handlingsrom til å velje metodar og arbeidsmåtar. Barnehagane skal vere ein arena for tidleg innsats. Barn med særskilde behov må få rask oppfølging som sikrar god utvikling.

Barnehagane skal vere ein attraktiv arbeidsplass. God kommuneøkonomi er ein føresetnad for å styrke rekrutteringa av barnehagelærarar og tilsette. Bemanninga i barnehagane må vere god nok til at kvart enkelt barn blir sett og at belastninga ikkje blir for stor for dei tilsette. Det trengs større rekruttering til barnehagelæruddanningane for å sikre kvalifisert bemanning i alle barnehagar. Gode rekrutteringstiltak for å behalde og skaffe fleire barnehagelærarar og barne- og ungdomsarbeidarar må vidareutviklast og prioriterast.

Senterpartiet vil halde oppe eit mangfald av barnehagar, samtidig som vi må sikre at offentleg finansiering går til barnas beste. Offentlege pengar skal ikkje vere gjenstand for økonomisk spekulasjon. Foreldre og folkevalde skal ha høve til å kunne kjenne leiinga, styret og drifta til barnehagen. Senterpartiet ønskjer derfor ikkje ei utvikling der ein stadig større del av barnehagesektoren er eigd av kommersielle konsern, på kostnad av enkeltståande barnehagar.

Samiske barnehagar er viktige for å lykkast med revitalisering av dei samiske språka og samisk kultur, spesielt i område som har vore sterkt ramma av fornorsking. Dei samiske barnehagane må styrkjast med språkopplæringsressursar.

### **Senterpartiet vil:**

- Sikre eit meir fleksibelt barnehageopptak som ivaretar behovet til familiane. Kommunane må kompensere for dei meirkostnadene dette medfører.
- Innføre rett til barnehageplass for barn fødd i desember frå månaden dei fyller eitt år.
- Fullfinansiere bemannings- og pedagognorma.
- Støtte samiske barnehagar, og andre barnehagar med fleispråklege barn, og sikre at desse samhandlar godt med resten av lokalsamfunnet.
- Styrke bemanninga i barnehagar med stor del av framandspråklege barn med fokus på at barna får den språkkunnskapen og tryggleiken dei treng når dei skal over i skulen.

- Sikre at private barnehagar har lønns-, arbeids- og pensjonsvilkår på linje med det tilsette i offentlege barnehagar har.
- Styrke bemanninga i barnehagane gjennom å betre rekrutteringa, tilby etter- og vidareutdanning, støtte faste vikarar og redusere sjukefråværet.
- Vurdere innføring av meldeplikt for private barnehagar ved sal av både eigedomsselskap og driftsselskap, og dessutan vurdere å innføre forkjøpsrett for kommunen.

## Skulefritidsordning

Skulefritidsordninga (SFO) skal vere ein stad for fri leik og samvær og for kulturelle og fysiske aktivitetar. Deltaking på SFO gir språktrening og sosialt samvær som særleg minoritetsspråklege barn har nytte av. Senterpartiet i regjering har innført 12 timars gratis kjernetid per veke på SFO for betre å legge til rette for at alle familiar som ønskjer det skal få høve til å nytte seg av tilbodet. Vi ønskjer ikkje å gjere SFO til ein obligatorisk del av skuledagen, men tilbodet må sikrast god kvalitet gjennom formålstenleg organisering, godt aktivitetstilbod og pedagogisk innhald og kompetanse.

### **Senterpartiet vil:**

- At SFO framleis skal vere eit frivillig tilbod som blir utforma lokalt. Skuleeigar skal ha ansvar for forsvarleg bemanning, kvalifisert personale og tilfredsstillande areal.
- Innføre gratis heildagsplass på SFO for låginntektsfamiliar og barn på 1.-4. trinn i kommunar i sentralitetsklasse 5 og 6.
- Halde oppe gratis SFO i Nord-Troms og Finnmark.
- Innføre gratis barnehage for tredje barn ein har i barnehage og SFO samtidig, der staten kompenserer kommunane for kostnaden ved dette.
- Legge til rette for at andre aktivitetstilbod i kommunen, som kultur- og idrettsskule, kan integrerast i SFO-tida og at det blir lagt til rette for eit auka samarbeid med frivillige organisasjonar, til dømes frivilligsentralar og idrettslag, utan at dette går ut over aktiviteten i frivillige organisasjonar.

## Barnevernet

Barnevernet skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade helsa og utviklinga deira får nødvendig hjelp, omsorg, vern og utviklingsstøtte. For Senterpartiet er det viktig at barnevernet har høg legitimitet i befolkninga gjennom at krava i Barnevernslova, som eksplisitt seier at barn og unge skal møtast med tryggleik, kjærleik og forståing, blir oppfylte på ein god måte.

Barnas medråderett må styrkjast. Barn og familiar skal oppleve at barnevernet er tilgjengeleg og har tilstrekkeleg med tid og bemanning til å ivaretar behova deira. Tiltaka skal, så langt det er mogleg, bidra til at barnet kan halde fram med å bu heime. Dersom omsorgsovertaking er nødvendig, skal løysingar innanfor familien, slekta eller nettverket til barnet alltid blir vurdert som første alternativ. Løysingar der søsken får bu saman må prioriterast. Målet er uansett at barn og unge skal oppleve ro, tryggleik, stabilitet og

føreseielegheit, og språk- og kulturbakgrunnen til barnet må så langt som mogleg blir ivaretatt ved fosterheimplassering og omsorgsovertaking.

Fosterheimar er ein av dei viktigaste berebjelkane i det norske barnevernet. Senterpartiet arbeider for å ivareta dei eksisterande fosterheimane ved å styrke oppfølginga, sikre meir føreseielege rammer, forbetre pensjonsvilkåra og gi fosterforeldre større avgjerdsstyresmakt over praktiske avgjerder i kvardagen. Samtidig blir det lagt vekt på å betre rekrutteringa av nye fosterheimar, slik at barn og unge i fosterheimar får ein god overgang til vaksenlivet.

For mange barn i institusjonsbarnevernet flyttar for mykje, får dårleg helsehjelp, har psykiske lidingar og gjennomfører ikkje skule. Tilbodet på institusjon skal vere trygt og heilskapleg og tilpasse seg behova og ressursane til barna. Desse barna skal, som andre barn, få den helsehjelpa dei har behov for og rett til, frå helse- og omsorgstenesta der dei bur.

Senterpartiet er oppteken av at barn og unge som bur på institusjon har rett til vern, slik at dei ikkje blir utsette for fare eller skade. Dei tilsette må få gjort tydeleg sitt omsorgsansvar slik at dei skal kunne setje grenser for barna på same måte som foreldra kan gjere.

Familiar med minoritetsbakgrunn er overrepresenterte i barnevernssaker. Einslege mindreårige asylsøkjjarar har same rett til barnevernstenester som andre barn. Senterpartiet vil styrke den fleirkulturelle kompetansen i barnevernet og rekruttere fleire fosterheimar frå minoritetsgruppene. Barnevernet må ta omsyn til barnets språklege, kulturelle og religiøse bakgrunn for å sikre heilskapleg og tilpassa omsorg.

Ved akuttvedtak og omsorgsovertakingar skal omsynet til barnets beste alltid ha prioritet. Både barnets og foreldras rettstryggleik skal ivaretas, men dei barnefaglege vurderingane skal vege tyngst. Senterpartiet meiner einetiltak berre må gjennomførast i heilt særskilde tilfelle der dette er til barnets beste.

Senterpartiet støttar opp under ideell sektor, og meiner ikkje-kommersielle og ideelle drivarar av barnevernstilbod er gode supplement til det offentlege barnevernstilbodet. For å styrke desse aktørane jobbar Senterpartiet for å sikre gode rammevilkår for private ideelle tiltak og institusjonar. Vi ønskjer å avvikle anbodssystemet og konkurranseutsetjinga i barnevernssektoren. Det offentlege skal ha ansvaret for å utføre saksbehandlings- og utgreiingsoppgåver. Kompetansekrava til kommunalt og statleg barnevern må kunne oppfyllast på fleire måtar, og Senterpartiet meiner at praktisk erfaring og kompetanse må anerkjennast meir enn i dag. Slik vil ein få større breidd og fleksibilitet til å kunne nytte personell med ulik bakgrunn og kvalifikasjonar.

#### **Senterpartiet vil:**

- Sikre fullfinansiering av barnevernsreforma
- Styrke rammene til førebyggjande arbeid i helsestasjonar, barnehagar og skular for å sikre betre samarbeid og avgrense behovet for barnevernstenesta.
- At barn skal få meir å seie i barnevernssaker og styrke medverknaden til barna.

- Innføre eit nasjonalt program for foreldrestøttande tiltak i heile barnevernet for å førebyggje omsorgsovertaking, ved å gi praktisk og anna hjelp til rett tid til foreldre som slit.
- Legge til rette for bruk av barnepanel og pårørandepanel i utvikling av tenester og styrke oppfølginga av pårørande.
- Auke grunnkapasiteten i det statlege barnevernet og sikre at akuttberedskapen blir driven i offentleg og ideell regi. Avvikle den store bruken av enkeltkjøp frå kommersielle tilbydarar.
- Innføre informasjonsplikt om skiping av barnevernsinstitusjonar til vertskommunen.
- Styrke rettstryggleiken i alle ledd av barneverntenesta.
- Gi kommunane nok ressursar til å sørgje for eit godt ettervern til barnevernsbarn fram til fylte 25 år.
- Styrke samarbeidet mellom NAV og barnevernet og føre det inn i faste rammar.
- Styrke søskens rett til å vekse opp saman etter omsorgsovertaking og legge betre til rette for fosterfamiliar som tek imot søsken.
- Styrke rekrutteringa av fosterheimar, inkludert fosterheimar med minoritetsbakgrunn, og sikre at fosterheimar har likeverdige økonomiske vilkår, god oppfølging, rettleiing og opplæring.
- Sikre ivaretaking av helseundersøking av barns somatiske og psykiske helse i samband med alle omsorgsovertakingar.
- Styrke barne- og ungdomspsykiatrien (BUP) og systematisere samarbeidet mellom barnevernet og BUP.
- Gi tilsette i institusjonsbarnevernet tydelegare omsorgsansvar og gjere tydeleg reglar for grensesetjing og tiltak som hindrar at barnet blir utsett for fare eller skade.
- Flytte ansvaret for drift av barneverninstitusjonar ut av direktoratet (Bufdir) og reindyrke Bufdir som fagdirektorat for både kommunalt og statleg barnevern som ikkje har direkte ansvar for institusjonsdrift.
- Innføre tydelegare retningslinjer for å sørgje for at barnevernet kan gjennomføre tiltak for å ivareta barn som på grunn av gjenteken alvorleg kriminalitet og rusmisbruk treng å vere på institusjonen og ikkje kan reise tilbake til eit utsett miljø.
- Styrke ruskompetansen i barnevernet og flytte ansvaret for rusbehandling av barn til helsetenesta.
- At personar kan oppfylle kompetansekrav til stillingar i det statlege og kommunale barnevernet på fleire måtar og å anerkjenne praktisk erfaring og kompetanse meir enn i dag.
- Styrke minoritetskompetansen i barnevernet, gi alle nyrekrutterte tilbod om eitt års rettleiing og auka tilbod om etter- og vidareutdanning.

## Mangfald

Senterpartiet meiner likestilling og likeverd er ein viktig føresetnad for at alle skal ha verdige liv, uavhengig av funksjonsnivå, kjønn, kjønnsidentitet, livssyn, seksuell orientering og kulturell og språkleg bakgrunn. Alle skal ha høve til å delta i arbeids- og næringsliv og ha innverknad på samfunnsutviklinga.

Ingen personar eller grupper skal trenge å tole hets, trakassering, usynleggering eller diskriminering. Dette skal nedkjempast med auka forståing for sjølvråderett, medverknad, likeverd og haldningsskapande arbeid. Alle typar rasisme skal slåast hardt ned på.

Samfunnet skal legge til rette for at kvar enkelt får utnytta potensialet sitt. Arbeidsmarknaden i Noreg er for kjønnsdelt. Senterpartiet vil legge til rette for ordningar som bidreg til å rekruttere kvinner inn i mannsdominerte yrke og menn inn i kvinnedominerte yrke. Lik lønn for arbeid av lik verdi er eit grunnleggjende prinsipp som må gjennomførast snarast.

### **Senterpartiet vil:**

- Styrke Likestillings- og diskrimineringsombodets rolle.
- Gjere likestillingslova kjønnsnøytral.
- Arbeid for at leiargrupper i direktorat, statlege etatar og selskap der staten har eigardel, består av minst 40 prosent av kvart kjønn. Kvotering kan takast i bruk for å nå dette målet.
- Arbeid for at begge kjønn skal vere representerte med minst 40 prosent av leiarane på dei øvste nivåa i staten, fylkeskommunane og kommunane.
- Styrke innsatsen for å rekruttere fleire menn til dei praktiske oppgåvene innan helse- og omsorgsfaga, skule og barnehage.
- Sikre at begge foreldra i lovverket har like rettar ved samlivsbrot.
- Styrke arbeidet mot hatkriminalitet.
- Styrke innsatsen for å motverke dårleg psykisk helse i minoritetsgrupper.

## Urfolk og nasjonale minoritetar

Urfolket vårt, samane, og dei nasjonale minoritetane våre, kvenene/norskfinnane, jødane, skogfinnane, romar og romanifolk, skal kunne ta vare på og utvikle språka sine, kulturen sin og sitt nærings- og samfunnsliv.

Sannings- og forsoningskommisjonen granska fornorskingspolitikk og urett gjort overfor kvener/norskfinnar, skogfinnar og samar. Kommisjonen avleverte rapporten sin til Stortinget 1. juni 2023. Rapporten frå kommisjonen dannar grunnlaget for eit nødvendig offentleg ordsifte om minoritetane. Senterpartiet vil vere ein pådrivar for konstruktiv dialog og konkrete tiltak som kan bidra til å styrke kvener/norskfinnar, skogfinnar og samar rolla si og status i samfunnet.

Kvensk/finsk må styrkast i skulen, både gjennom allmenn kunnskap om kvenene/norskfinnane og ved språkopplæring. I likskap med at det bør halde fram med å vere krav om samiske perspektiv i skulen og i relevante helse- og sosialfaglege utdanningar, bør dette også inkludere kunnskap om kvener og dei andre nasjonale minoritetane.

Senterpartiet vil at Sametinget skal ha eit hovudansvar for å utvikle samisk språk, kultur, næringar og rettar på samanes eige grunnlag, saman med kommunar og fylkeskommunar.

Dei nasjonale minoritetane må givast gode moglegheiter for kulturutøving, formidling og kulturopplevingar. Vilkåra for film-/tv-produksjon, litteratur, teater, kunst og musikk av og for desse gruppene må styrkast.

#### **Senterpartiet vil:**

- Aktivt støtte opp om dei samiske og organisasjonane til dei nasjonale minoritetane.
- Styrke arbeidet for dei samiske språka og dei nasjonale minoritetsspråka i samarbeid med kommunane og språkgruppene.
- Samisk og kvensk språkopplæring i barnehagar og skular må styrkast, og det må aktivt jobbast med å auke rekruttering til, og redusere fråfall frå, samisk, kvensk og finsk språkopplæring.
- Utdanne fleire fagarbeidarar med fleirkulturell språk- og kulturkompetanse, særleg innanfor eldre- og demensomsorg.
- Følgje opp tiltak i handlingsplan mot antisemittisme og styrke det førebyggjande arbeidet.
- Følgje opp tiltak i handlingsplan mot samehets.
- Etablere eit nasjonalt ambulerande samisk fagteam, spissa fagleg om vald i nære relasjonar, seksuelle overgrep og negativ sosial kontroll.
- Støtte teknologi og språkverktøy som bruker samiske språk og kvensk, og omsetjingsverktøy som gjer at datastyrt kommunikasjon kan gå føre seg også på samisk og kvensk.
- Byggje opp gode fjernundervisningstilbod for samisk, kvensk og finsk i tråd med kompetansemål i læreplanen.
- Støtte opp om det samiske språkutviklingsprosjektet i samiske barnehagar som inkluderer gratis barnehage.

## Personar med funksjonsnedsetjing

Personar med funksjonsnedsetjingar har i dag for liten tilgang til arbeidslivet og heller ikkje god nok tilgang til helsetenester på linje med resten av befolkninga. Det er dessutan stor mangel på eigna bustader og lange ventetider på å få tildelt kommunale bustader. I eit samfunn med behov for meir arbeidskraft, må det legges betre til rette for at alle med arbeidsevne kan få bruke den.

Senterpartiet meiner personar med funksjonsnedsetjingar må få eit likestillingsløft for å sikre ei aktiv samfunnsdeltaking, også når det gjeld fritidsaktivitetar og friluftsliv. For barn og unge med funksjonsnedsetjingar er det viktig at skular er tilrettelagde, og at undervisningstilbodet er godt og blir kvalitetssikra. Ordninga med brukarstyrt personleg assistanse (BPA) for personar med langvarig og stort behov må bli eit reelt verktøy for likestilling og samfunnsdeltaking.

**Senterpartiet vil:**

- Arbeid for at det norske samfunnet skal vere universelt utforma innan 2035 og fullføre Vegkart Skole for universell utforming av skular.
- Revidere verjemålslova og innføre ei avgjerdsstøtteordning i tråd med FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD).
- Inkorporere CRPD i norsk lov.
- Greie ut støtteordningar for verksemder som legg til rette for at personar med funksjonsnedsetjingar får brukt arbeidsevna si.
- Tilby BPA-ordningar med god brukarmedverknad som bidreg til likeverd, sjølvråderett og samfunnsdeltaking.
- Utvide ordninga med funksjonsassistanse til fleire funksjonsnedsetjingar. Dette kan samordnast med BPA.
- Gi BPA-ordninga eit lågare innslagspunkt for statleg finansiering. Kommunal utgift per bruker skal ikkje overstige 1,5 millionar kroner.
- Sørge for at døve og høyrselshemma får tolketenester når dei treng det, også utanfor kontortid og på offentlege fridagar. Bruk av KI vil bli viktig for å oppnå dette.
- Sørge for at blinde og synshemma får synstolking og opplæring i bruk av punktskrift.
- Auke og utvide den nasjonale TT-ordninga til ei permanent ordning i alle fylke.
- Sikre personar med funksjonsnedsetjingar tilgang til hjelpemiddel, inkludert retten til sjølvråderett ved val av hjelpemiddel.
- Styrke ordninga med aktivitetshjelpemiddel for personar over 26 år.
- Sikre universelt utforma læremateriell til elevar med behov, som skal vere klare til skulestart.

## LHBTQ+

LHBTQ+-befolkninga har vunne viktige rettskampar dei siste tiåra. Likevel opplever mange framleis at dei blir diskriminerte og usynleggjorde i dagleglivet og i samfunnet.

LHBTQ+-personar er utsette for hatkriminalitet og vald og rapporterer også om diskriminering i møte med offentlege tenester. Det er eit samfunnsansvar å bidra til å skape eit meir tolerant og inkluderande samfunn.

**Senterpartiet vil:**

- Støtte tiltak og planar retta mot å auke aksepten for LHBTQ+-personar i alle lokalsamfunn og styrke arbeidet mot hatkriminalitet.
- Legge til rette for at LHBTQ+-personar kan vere seg sjølve i alle aldersfasar, også i møtet med offentlege tenester i samband med sjukdom, heimeteneste og institusjonsopphald, og dessutan innan oppvekst og utdanning.
- Tilpasse verktøy for konflikthandtering, dialog og tryggleiksprogram for oppfølging av offer for hatkriminalitet.
- Styrke innsatsen for å motverke dårleg psykisk helse i LHBTQ+-befolkninga.
- Støtte arbeidet for fleire møteplassar for LHBTQ+-personar som også tilhøyrar andre minoritetar, ettersom dette representerer ei ekstra utfordring.
- Endre retningslinjene for blodgiving slik at kriteria blir baserte på risikoåtferd og ikkje legning.

## Energi: Nasjonal kontroll over krafta vår

Rikeleg tilgang på rein, regulerbar og rimeleg fornybar kraft har vore ein føresetnad for utviklinga av industrien og det norske velferdssamfunnet. I åra framover forventast det eit stort behov for ny kraft. På same tid heng utbygginga av ny kraft og nettinfrastruktur etter. Senterpartiet vil at heile Noreg skal oppleve vekst, utvikling og omstilling. Då må det framleis sikrast kraftoverskot, prissmitta frå Europa må reduserast mest mogeleg og den nasjonale kontrollen over energipolitikken må styrkast.

EU sine reglar for energimarknaden og forbodet mot eksportrestriksjonar på straum for å redusere straumprisen resulterer i for høg etterspurnad samanlikna med tilbodet av kraft. Energipolitikken skal styrast av norske folkevalde. Senterpartiet skal vere ein garantist for suverenitet og nasjonal kontroll i energipolitikken.

### Kraftutbygging og energieffektivisering

Utan auka produksjon av rein kraft vil ikkje vi nå klimamåla. Tilgang på rimeleg fornybar kraft må også i framtida vere eit konkurransefortrinn for norsk næringsliv, og eit gode for norske hushald.

Fyrste skritt på vegen mot lågutsleppssamfunnet er auka energieffektivisering, at straumen brukast smartare og at vi legg godt til rette for auka produksjon av lokal energi. Solceller, termisk energi og bioenergi er dømer på lokale energikjelder som kan realiserast raskt, vil avlaste straumnett og redusere presset på sårbar natur.

Energipolitikk er også tryggleiks- og næringspolitikk. Russland sin bruk av energi som våpen etter invasjonen av Ukraina demonstrerer at energiforsyninga må vere under nasjonal kontroll. Det innebere at sjølvforsyninga må vere god nok også når uforutsette hendingar skjer.

Vi må legge til rette for betre utnytting av straumnett og forenkle konsesjonsprosessane for å få raskare nettutbyggingar, utan at det går utover den lokale medverknaden. Senterpartiet vil styrke nettselskapa sine mogelegheiter for tidleg samhandling med lokale interesser og styresmakter for å nytte noverande nett på ein betre måte. Slik kan nettkundane sikrast tilgang til fornybar energi til ein lågast mogeleg pris.

Inntektsrammemodellen til kraftnettselskapa må endrast. I dag bidreg modellen til å presse små og mellomstore nettselskap til å slå seg saman. Modellen hindrar også selskapa frå å vere frampå med lokal nettutbygging. Modellen klarar ikkje i tilstrekkeleg grad å ta høgde for lokale variasjonar som påverkar kostnadane ved å drifte og vedlikehalde kraftnettet, og den straffar selskap som forskutterar investeringar. Nettleiga må haldast på eit akseptabelt nivå.

Norsk olje- og gass produserast med betydeleg lågare CO<sub>2</sub>-utslepp enn mange andre stadar i verda. Likevel må utsleppa frå sjølve produksjonen reduserast kraftig. Dette vil vere eit viktig konkurransefortrinn for norsk olje- og gassproduksjon.

For å nå klimamåla og sikre industri og innbyggjarar nok straum til ein konkurransedyktig pris, må det byggast ut betydelege mengder rein energi. Då må vi satse på ulike energikjelder, som kan gje ny kraft til ein akseptabel kostnad raskt nok. Omsynet til natur og miljø og sameksistens med andre næringar må bli ivaretatt. Vi må oppgradere eldre vasskraftanlegg og bygge nye, samt skånsomt bygge ut andre former for energiproduksjon der det er tilslutnad lokalt. Senterpartiet meiner ein må vurdere skånsam utbygging av ny vasskraft i verna vassdrag dersom verneverdiane blir ivaretatt og formålet er å redusere skadeverknadane av flaum. Verknadane av inngrepet og redusert vasstand må ha mindre negativ påverknad på verneverdiane enn tradisjonell flaumforebygging langs elvekantane.

## Nye energiformer og lokal sjølvråderett

Fornybar energi og teknologiutvikling gjev grunnlag for næringsutvikling og verdiskaping i heile landet. Vi må halde fram med å produsere ny fornybar energi med eit klart føremål om å skape vekst og utvikling lokalt. Det er avgjerande at lokalsamfunna blir involvert i planlegginga og utbygginga av ny kraft. Senterpartiet vil spele på lag med lokalsamfunna og sikre at lokalsamfunn som stiller sine naturressursar til disposisjon for utbygging, får meir igjen for det og sikrast ein rettmessig del av verdiskapinga. Lokal aksept må vere ein føresetnad for nye arealinngrep til kraftproduksjon. Omsynet til reindriftsnæringa må også bli ivaretatt.

Fleire europeiske land satsar igjen på kjernekraft. Området har hatt ei stor utvikling av nye teknologiske løysingar og konsept som kan bli relevante for det norske kraftsystemet. Vi vil satse på ytterlegare forskning og kompetansebygging innanfor kjernekraft for å få meir kunnskap om kjernekrafta si framtidige rolle i den norske energimiksen. Utfordringar og konsekvensar ved avfallet knytt til kjernekraft må koma tydeleg fram i den nasjonale utgreiinga.

## Nei til EU si fjerde energimarknadspakke

EU sine reglar, forsterka gjennom tredje energimarknadspakke, gjere det forbode for Noreg å regulere og avgrense eksporten av straum gjennom utanlandskablane ut ifrå prisomsyn. Dette gjev ustabile straumprisar. Noreg har lang erfaring med kraftutveksling med nabolanda våre. Det har bidrege til forsyningstryggleik og relativt stabile og føreseielege straumprisar, men dei siste utanlandskablane auka eksportkapasiteten kraftig. Denne eksportkapasiteten har i kombinasjon med regelverket og avtalane knytt til kablane som vart underteikna av Solberg-regjeringa, inkludert tredje energimarknadspakke, skapt auka og ustabile straumprisar. Senterpartiet meiner vi må ha ei regulert utveksling av straum gjennom likestraumskablane. Slik kan vi ivareta våre nasjonale interesser og redusere prissmitta frå Europa.

For å hindre ytterlegare avgjeving av norsk suverenitet over norsk energipolitikk, seier Senterpartiet nei til EU si fjerde energimarknadspakke. Senterpartiet vil ha nasjonal kontroll over norsk energipolitikk og energiproduksjon.

### **Senterpartiet vil:**

- Seie nei til å innføre EU si fjerde energimarknadspakke i Noreg.
- Ha nasjonal kontroll over norsk energipolitikk og energiproduksjon.
- Starta arbeidet med å melde Noreg ut av EUs energibyrå ACER.
- Reforhandle avtalene om Tysklandskabelen Nordlink og Englandskabelen North Sea Link for å sikre ei regulert utveksling av straum som ivaretar våre nasjonale interesser, og hindrar at kablane fungerer som tilnærma reine eksportkablar.
- Seie nei til å fornye Skagerak 1&2 kablane til Danmark.
- Gjennomgå og vurdere reforhandling av avtalene som regulerer likestraumskablane til Danmark og Nederland.
- Redusere utvekslingskapasiteten gjennom likestrømskablane ved høye straumprisar.
- Sei nei til bygging av nye utanlandskablar, også i forbindelse med havvindprosjekter.
- Oppretthalde straumkompensasjonsordninga for hushald, frivillig sektor, gardsbruk og gartneri.
- Gjere om Statnett frå eit statsføretak til eit direktorat. Store politisk prioriterte nettutbyggingar i sentralnettet skal dekkjast over statsbudsjettet og ikkje gjennom auka nettleige.
- Endre Statkraft frå eit kategori 1-selskap til eit kategori 2-selskap for å mogleggera ein meir aktivt statleg eigarskap.
- Vurdere prissystemet for konsesjonskraft for konsesjonar frå før og etter 1959, slik at prisen på konsesjonskraft blir fastsett på likt grunnlag.
- Sørge for nasjonal forsyningstryggleik gjennom ei betre forvaltning av fleirårsmagasina innan vasskraft.
- Verne om ordninga med konsesjonskraft og -avgifter slik at kommunar og fylker som stiller areal til disposisjon for energiproduksjon bli kompensert for dette. Ved effektoppgraderinger av vasskraftverk må vertskommunane sine inntekter sikrast.
- Legge til rette for auka energieffektivisering hos hushald og næringsliv, blant anna ved å endre ENOVA sitt mandat til også å kunne støtte tiltak basert på moden teknologi og meir etappevise tiltak.
- Forenkla konsesjonsprosessar og auke saksbehandlingskapasiteten ytterlegare for å korte ned saksbehandlingstida.
- Flytte konsesjonsbehandling av småkraftverk til eit av NVE sine regionkontor.
- Redusere normandelen i inntektsrammemodellen til nettselskapa frå 70 prosent, som det er i dag, for å sikre at nettselskapa får dekka meir av sine reelle kostnader.
  - Korte ned tilknytingskøane til nett. Ved knappleik i straumnettet må det kunne gjerast ei politisk prioritering av kva verksemdar som bør få forrang til tilknytning.
- Redusere ulempene i inntektsrammemodellen som gjere at nettselskap manglar insentiv for å forskottere lokal kraftnettutbygging.
- Vurdere å innføre ei prising for ubrukt og reservert nettkapasitet.
- Vidareføre den kommunale vetoretten i behandlinga av vindkraftkonsesjonar.
- Sikre god sameksistens med andre næringar og natur og miljø ved utbygging av havvind og anna ny energi.

- Legge til rette for skånsam utbygging av ny vasskraft i verna vassdrag som tiltak for flaumdemping, gitt at verneverdiane blir ivaretatt.
- Innføre ei varig og rettferdig utjamningsordning av nettleiga i Noreg.
- Legge til rette for auka produksjon og bruk av bioenergi og biogass.
- Stanse ytterlegare elektrifisering av sokkelen med kraft frå land.
- Endre Energilova slik at søknadar om kraft til næringsliv i lokalsamfunn som har bygd ut kraft blir prioritert.
- Sette strengare krav til påkopling til fjernvarme i nybygg. Etablert kraftkrevjande industri som har spillvarme skal i større grad påleggast å gje tilbod om fjernvarme, og det skal leggast ein plan for fjernvarmesystem ved etablering av ny kraftkrevjande industri.
- Styrke kompetansen om kjernekraft i forvaltninga og forskingsmiljøa, og legge til rette for å raskt følgje opp den offentlege utgreiinga om kjernekraft som aktuell kraftkjelde i Noreg.
- Auke produksjonen av vind- og solenergi på allereie utbygde næringsområde og grå areal.
- Prioritere støtte til ENØK- tiltak til hushald og næringsliv.
- At overføring mellom eigedomar som grensar til kvarandre, og har same eigar, må vere friteke for nettleige på eigenprodusert straum.
- Stimulere til lokale energiklynger, der bustadeigarar, gardbrukarar og andre går i lag om produksjon av solenergi, bioenergi, mikrokraftverk og liknande, som distribuerast og forbrukast i nærområdet.
- Bruke flaskehalsinntektene for å redusere nettleiga.
- Gjere det meir lønnsamt å ruste opp og forbetre eksisterande vasskraftverk.
- Sørge for at naturressursskatten på vasskraft blir indeksregulert.
- Sikre god samhandling og kunnskapsdeling mellom kommunar og fylkeskommunar innanfor utvikling av energibruk, energitilgang og nettinfrastruktur.

# Forsvar: Norsk suverenitet og tryggleik

Målet for forsvars- og tryggingspolitikken er å hevde norsk suverenitet og sikre nasjonale interesser. Den viktigaste og mest grunnleggjende oppgåva for alle nasjonalstatar er å sikre eigne borgarars tryggleik og fridommen i nasjonen. Senterpartiet er tilhengjar av eit folkeforsvar som er til stades i heile landet. Ein føresetnad for det er busetjing i heile landet. Hovudoppgåva til Forsvaret er å tryggje norsk territorium, norske suverene rettar og det norske folkestyret. Ein kritisk føresetnad er tilgangen på mat i fred, krise og krig.

Senterpartiet meiner at Noreg må ta eit større ansvar for eigen og alliert tryggleik. Dette blir realisert gjennom å styrke det nasjonale forsvaret vårt og å oppfylle forplikningane våre overfor NATO.

Skiljet mellom fred, konflikt og krig har vorte meir uklart. Forsvaret av Noreg handlar stadig meir om korleis Forsvaret blir innretta kvar dag for å verne verdiar, framme interesser og bidra til kollektiv avskrekking og trygging. Norsk nærvær og kontroll er viktig i ei tid med meir stormaktsrivalisering.

Senterpartiet meiner den strategiske innretninga av Forsvaret må baserast på to grunnleggjende målsetjingar: For det første at Noreg må innrette forsvarsinnsatsen mot å førebyggje konflikt saman med forbundsfellane våre. For det andre at Forsvaret må vere rusta for at konflikt likevel kan hende.

Forsvaret må ha tilstrekkeleg bemanning og materiell til å handtere eit breitt spekter av truslar. Dette kan gjelde press mot suverenitet over norske naturressursar, omfattande og koordinert terror, eller andre situasjonar der militær hjelp til sivilsamfunnet må setjast i verk gjennom bistandsinstruksen.

NATO er tryggingssgarantien vår og utgjer rammeverket for forsvaret av Noreg. Å styrke det bilaterale forsvarssamarbeidet med våre næraste allierte blir stadig viktigare. Det same gjeld Noregs evne til å kunne ta imot allierte i fred, krise og krig. Samhandling og tett integrering med forbundsfellane våre er ein føresetnad. Senterpartiet vil jobbe for å forvalte og utvikle moglegheitene som ligg i eit samla Norden i NATO.

Det er viktig for Senterpartiet å anerkjenne innsatsen veteranane våre har gjort for Noreg i internasjonal teneste, og sørgje for god oppfølging før, under og etter teneste.

## Forsvarsløft

Med Senterpartiet i regjering har vi lagt fram eit stort forsvarsløft som styrker Forsvaret med over 600 milliardar kroner dei neste 12 åra. Senterpartiet vil jobbe for at heile Forsvaret skal styrkjast og byggjast opp i tråd med satsingane i Langtidsplanen. Å styrke grunnmuren og tette gap og manglar i dagens forsvar er ein føresetnad for vidare vekst.

Hæren må utviklast til å bli ein moderne landstyrke som kan fylle sin viktigaste funksjon – å hevde norsk suverenitet på norsk jord. Hæren skal styrkjast og utviklast frå ein til tre

brigadar med fleire soldatar og dessutan meir og betre utstyr. Det er strategisk viktig å sikre nærværet og kampkrafta i Troms og Finnmark. Hæren skal igjen få dedikert ein eigen helikopterskvadron til transport og annan luftstøtte lokalisert på Bardufoss.

I tillegg til dei tre brigadane i Finnmark, Troms og i Sør-Noreg vil Senterpartiet også auke Forsvarets nærvær i Midt-Noreg gjennom styrkinga av landsmakta. Ansvar for mottak av allierte, aust-vest-aksen til Sverige og Finland og amerikanske førehandslagre i Midt-Noreg gjer dette til ei viktig styrking.

Noreg har ei av dei lengste kystlinjene i verda. Sjø- og luftforsvaret spelar ei viktig rolle i å overvake og heva suverenitet av dei store kyst- og havområda våre, og dessutan norsk sokkel. På dette området er Noreg NATOs forlengde arm i nord. Saman med etterretning, cyberforsvar og landforsvar set dette oss i stand til å ivareta viktige oppgåver for NATO. Det meste av flåtestrukturen skal fornyast, og Sjøforsvaret skal vere kontinuerleg til stades i nærområda våre. Kystvakta og fregattane skal igjen få ei fungerande helikopterstøtte gjennom dedikerte helikopterskvadronar ved høvesvis Bardufoss og Håkonsvern.

Luftforsvaret skal sikre betre situasjonsforståing gjennom nærvær med overvakingsfly, kampfly og dronar. Luftvernmiljøet skal styrkjast betrakteleg med ei dobling av NASAMS-luftvernet og nytt langtrekkjande luftvern. Forsvarets spesialstyrkar og hæren får nye helikopter betre tilpassa oppdraget sitt. Gjennom NATO-samarbeid skal Forsvaret utviklast og rustast til å møte nye utfordringar som dronekrigføring.

Det er avgjerande at dei ulike forsvarsgreinene har eit tett samarbeid og at dei regelmessig øver saman for å oppnå størst mogleg samla kampkraft og ein reell avskrekkande effekt. Den teknologiske utviklinga går i rekordfart, og samansett verkemiddelbruk er stadig meir utbreidd. Senterpartiet er oppteken av at Forsvarets evnar i romdomenet og i det digitale rommet skal styrkjast. Senterpartiet vil prioritere ei kraftig satsing på FOU, innovasjon, teknologisk fornying og miljø og klima i forsvarssektoren.

## Heimevern og reservistar

Eit velfungerande Heimevern er særleg eigna til å møte endringane i eit uoversiktleg trusselbilette. Dette krev at Heimevernet må vere landsdekkjande og desentralisert. Heimevernet skal vere territorialt ansvarleg i heile Noreg, og må moderniserast vidare. Det gjeld både med tanke på materiell, kompetanse og oppgåver for å styrke den ressursen som Heimevernet representerer. Heimevernet skal styrkjast med tre nye innsatsstyrkar, og to er dedikerte til å verne objekt i kystsona. Heimevernet skal aukast til 45 000 soldatar. Senterpartiet støttar «geografisk utskrivning», slik at Heimevernet blir styrkt i heile landet.

Utbreidd bruk av reservistar har lange tradisjonar i Norden. Med den avgrensa befolkinga vår og langstrekke land verkar auka bruk av reservistar som ein kostnadseffektiv måte for å sikre Forsvaret tilstrekkeleg volum av personell og dessutan

personell med relevant sivil kompetanse i tilfelle ein tilspissa situasjon. I dagens tryggingsspolitiske klima verkar det endå tydelegare at vi må vere førebudde på det utenkjelege. Senterpartiet ønskjer å bruke reservistar som ein sentral del av beredskapstankegangen og totalforsvaret.

## Folka i Forsvaret

Noreg innførte allmenn verneplikt 1. januar 2015 som det første NATO-landet der kvinner og menn har lik plikt til å verne om landet sitt. I samfunnskontrakten mellom borgarar og staten er verneplikta eit berande prinsipp.

Rekruttering blir styrkt gjennom at fleire blir kalla inn til førstegangsteneste i Forsvaret. Alle norske ungdommar skal gjennomføre grunnleggjende trening i beredskap og livredning.

For å lykkast med forsvarsløftet, meiner Senterpartiet at det er avgjerande at det blir satsa meir på folka i Forsvaret, på soldatane. Utdanningskapasiteten må byggjast ut, familieordningar, lønns- og insentivordningar må styrkjast. Forsvaret må tilby konkurransedyktige pensjonsordningar. Kvaliteten og kapasiteten på kasernar, kvarter og bustader skal betrast.

## Totalforsvar

Forsvaret er avhengig av det sivile samfunnet for å lykkast med oppgåvene sine. Totalforsvaret handlar om at det militære forsvaret og den breie sivile beredskapen bidreg til å handtere hendingar når det trengst. Gjennom langtidsplanen skal Forsvaret tilførast store ressursar.

Utstyr og personell må komme det sivile samfunnet til gode i heile krisespekteret. Det føreset eit meir utstrekkt nærvær og eit større bidrag frå dei tilsette til Forsvaret i dei lokalsamfunna dei tenestegjer. Forsvaret skal vere føreseielege i forventningane sine til lokalsamfunna, som behovet for helsekapasitetar. Forsvarets behov for helsekapasitetar må sikrast gjennom føreseieleg finansiering av funksjonar som spesialisthelseteneste nær Forsvarets største basar. Styrkt samarbeid med kommunane blir også vesentleg framover av omsyn til bustadutvikling, familiepolitikk og anna.

Senterpartiet meiner at ein sterk norsk forsvarsindustri er viktig for den nasjonale beredskapen vår. Med store materiellinvesteringar som følgje av forsvarsløftet må vi sikre norsk industri gode moglegheiter. Senterpartiet er oppteken av at Noreg gjer vår del for å styrke produksjonskapasiteten for materiell og forsyningar som det er stort behov for hos oss og forbundsfellane våre.

Norsk næringsliv elles er ein fundamental del av beredskapen i landet. Senterpartiet ønskjer som utgangspunkt at Forsvaret inngår rammeavtalar med næringsliv i Noreg som fungerer i fred, krise og krig.

### **Senterpartiet vil:**

- Styrke løyvingane til Forsvaret til minimum 3 % av BNP, for å komme forventa forpliktingar i møte om byrdefordeling i NATO
- Sikre eit sterkt forsvar som er rusta for hovudoppgåva si; forsvar av norsk territorium.
- Auke løyvingane til Forsvaret i tråd med Langtidsplanen for Forsvaret 2025-2036.
- At Noreg skal etablere kapasitet innan langtrekkjande dronar i samarbeid med nære allierte.
- Ha eit forsvar basert på ei allmenn verneplikt, auke talet på ungdommar som årleg blir kalla inn til å avtene førstegongstenesta og differensiere lengda på tenesta etter Forsvarets behov.
- Forsvaret må ha styrkte familie og buordningar og dessutan økonomiske insentiv som i størst mogleg grad sikrar kontinuerleg nærvær nær basane og langsiktige arbeidsforhold i Forsvaret. Det er eit mål at flest mogleg av dei tilsette til Forsvaret skal vere busett nær basane dei jobbar ved.
- Auken i løyvinga til Forsvaret skal prioriterast til operativ verksemd.
- Organisere Forsvarets eigedommar og logistikkforvaltning meir effektivt og målretta.
- Sørge for at cyberforsvaret er konkurransedyktig med tanke på rekruttering av digital spisskompetanse.
- Desentralisere utdanninga i Forsvaret for å sikre nødvendig kompetanse i heile landet, gjennom å opprette militær utdanning i Nord-Noreg.
- Styrke Sjøforsvarets og Kystvaktas aktivitet og evne til kontroll i norske territorialfarvatn.
- Styrke etterretnings- og overvåkingsressursar for å sikre oppdatert situasjonsforståing i Nordområdet til nasjonale styresmakter og NATO.
- At Kystvakta og fregattane skal igjen få ei fungerande helikopterstøtte gjennom dedikerte helikopterskvadronar ved høvesvis Bardufoss og Håkonsvern.
- At Noreg skal føre vidare den historiske basestrategien vår i Nord for å sikre avskrekking og trygging i nærområda våre.
- Sikre at NATO-soldatar i Noreg held fram med å vere rotasjonsbaserte og ikkje har permanent nærvær.
- At skiping av eit nytt NATO luftoperasjonssenter i Noreg må byggje på eksisterande fagmiljø i Bodø og Sørreisa.
- Vidareutvikle det bilaterale forsvars- og tryggingssamarbeidet med Noregs viktigaste allierte, og dessutan styrke forsvars- og tryggingssamarbeid i Norden.
- Styrke arbeidet med objektsikring i Forsvaret.
- Halde fram moderniseringa av Heimevernet og ta høgd for teknologisk utvikling, materiell, oppgåver og kompetansebehov.
- Opprette maritime ressursar ved HV-distrikta.
- Bidra til etablering av Heimevernsungdom i alle Heimevernsområder.
- Gi Heimevernet, med støtte frå Noregs Lottetforbund og Norsk Reservistforbund, ansvar for desentraliserte mottak og kontaktpunkt for frivillige rulleførte og ikkje-rulleførte reservistar, og dessutan sivile, som ønskjer å bidra i ein krise- eller krigssituasjon.
- Definere skytebanar som kritisk infrastruktur.
- Styrke ettervernet for veteranar og familiane deira, og vurdere om fylkeskommunen kan ha ei rolle i dette.

- Auke støtta til Det frivillige skyttervesen.
- Fronte at Forsvaret ved utstyrsanskaffingar i større grad kjøper allereie utvikla og utprøvd utstyr. Innkjøp bør gjerast gjennom allierte, og norske styresmakter må sikre forplikande gjenkjøpsavtalar som bidreg til nasjonal verdiskaping og teknologioverføring.
- Sørge for at strategisk viktig infrastruktur har nasjonal eigarskap, og at Forsvaret er ein langsiktig og føreseieleg kontraktspart for private eigarar av infrastruktur som Forsvaret er avhengig av.
- Sørge for at det blir gitt midlar for å sikre at strategisk viktig og offentleg infrastruktur, som veg, vatn, jernbane og kai, ivaretar Forsvarets behov i fred, krise og krig.
- Sørge for at små og mellomstore bedrifter også kan levere på innkjøpsavtalar med Forsvaret.
- Arbeid for at militære basar i størst mogleg grad kan bli sjølvforsynte med mat og energi frå nærområdet/regionen.
- Lokalisere meir av støttefunksjonane i Forsvaret og verksemda i resten av etatane i sektoren nærare Forsvarets operative verksemd.

# Helse og omsorg: Førebygging, behandling og rehabilitering

Gode, offentlege helse- og omsorgstenester er ein avgjerande del av velferdssamfunnet vi har bygd opp i Noreg. Senterpartiet sitt mål er at den offentlege helsetenesta skal sørge for eit godt og likeverdig helsetilbod i heile landet. Fleire eldre i befolkninga fører til auka behov for desse tenestene i primær- og spesialisthelsetenesta. Veksten må møtast med styrking av den offentlege helsetenesta. Alternativet er ein stor marknad for private helsetenester som vil forsterke todelinga av helse- og omsorgstenestene, og bidra til å auke forskjellane i samfunnet.

Senterpartiet vil arbeide for eit helsefremjande samfunn, førebyggje sjukdom og sikre ei desentralisert helseteneste som yter gode og likeverdige helsetenester nært der folk bur. Vi vil auke løyvingane og ha eit sterkt offentleg helsevesen med låge eigendelar.

Frivillige og ideelle tilbydarar innan helse- og omsorgsfeltet må sikrast gode rammevilkår og føreseieleg drift. Senterpartiet vil auke innslaget av frivillige og ideelle aktørar som er bunde av tariffavtalar i helse- og omsorgssektoren. Dette på kostnad av privat, kommersiell sektor. Dagens anbodssystem bør erstattast med langsiktige avtalar basert på kvalitet.

Samarbeidet mellom spesialisthelsetenesta og kommunesektoren må vidareutviklast og ha ei klar ansvarsdeling i ei heilskapleg pasientteneste. Senterpartiet vil arbeide for ein ny leiingsmodell i helsesektoren der fagfolka som arbeider nærast pasientane får meir ansvar og tillit. Leiinga må vere lokal og stadleg. Rapportering og byråkratiske arbeidsoppgåver må automatiserast og reduserast.

Senterpartiet vil satse på modellar med auka grunnbemanning, heile stillingar, meir fleksible turnusar og betre leiaroppfølging for å styrke rekrutteringa, redusere sjukefråværet og sikre eit godt arbeidsmiljø. Dette, saman med fornuftig bruk av velferdsteknologi, vil vere viktige tiltak for å løyse bemanningsutfordringane i helsesektoren.

## Folkehelse

God helse er viktig for den enkelte sitt liv og har stor verdi for samfunnet. Det handlar om både kropp og sjel, om at psykisk og fysisk helse ofte heng tett saman. Det må legges til rette for at alle skal kunne ta vare på si eiga helse, samstundes som ein får hjelp når ein treng det. Senterpartiet vil vektlegge folkehelse sterkare i samfunnsplanlegginga og prioritera helsefremjande og førebyggjande tiltak.

Skilnadar i utdanning, inntekt og nærleik til helsetenestene bidreg til ulikskap i forventa levealder, sjukdom og helse. Senterpartiet vil redusere desse skilnadane gjennom å satse på folkehelse. Vi vil arbeide for å redusere omfanget av livsstilssjukdomar, nedkjempe smittsame sjukdomar og hindre antibiotikaresistens. Dette krev i sin tur auka

kompetanse på desse områda hos tilsette i helsetenestene og i befolkninga.

Usunt kosthald er ei helseutfordring. Skulen har ei sentral rolle i tidleg opplæring om sunt kosthald, og innføring av skulemåltid kan bidra til sosial utjamning. Senterpartiet vil arbeida for auka bruk av godkjent sunnheitsmerking av matvarer, og tiltak som bidreg til redusert salt- og sukkerinntak i befolkninga, og økt bruk av norske råvarer og økt råvarekunnskap.

Aukande antibiotikaresistens er ein alvorleg trussel mot god helse og beredskap. Forflytting av varer og folk på tvers av landegrensar, aukar risikoen for antibiotikaresistente bakteriar i Noreg og Norden. Senterpartiet vil ivareta eit restriktivt regelverk knytt til antibiotikabruk.

### **Senterpartiet vil:**

- Forsterke innsatsen for utjamning av levekår, med eit særskilt fokus på å betre vilkåra for barn i låginntektsfamiliar og styrka områdesatsingar.
- Ha ei nasjonal satsing på auka fysisk aktivitet for alle aldersgrupper.
- Gje frivillig sektor og idretten ei viktigare rolle i gjennomføringa av folkehelseiltak.
- Legge til rette for fleire frisklivsentraler i kommunane.
- Legge til rette for fleire helsestasjonar for eldre i kommunane.
- Legge til rette for fleksible tilbod i kommunane for eldre og personar med demenssjukdom.
- Innhente meir kunnskap om kva ultraproessert mat gjer med helsa til folk.
- Styrke samarbeidet mellom helsestyresmaktene og daglegvarebransjen for å legge til rette for eit sunnare kosthald.
- Styrke det samiske perspektivet i arbeidet med folkehelse og levekår, blant anna ved revisjon av folkehelsemeldinga og i folkehelsepolitisk råd.
- Støtte tiltak for å få ned talet på uønskte graviditetar, som betre seksualitetsundervisning, auka kunnskap om fertilitet og kropp og om å setje grenser.
- Auke forskning på kva som fremjar god helse, førebygging, rehabilitering, meistringslæring, sjukepleie og omsorg.
- Støtte og styrke arbeidet mot ulike former for støy og lysforureining i bu- og bymiljø.
- Jobbe for tiltak som forebyggjar at ungdom byrjar å bruke ulike tobakksprodukt.

## **Kvinnehelse**

Det biologiske kjønnet har noko å seie for korleis kroppen fungerer. Kjønnsperspektivet må legges til grunn for korleis og kva for nokre politiske prioriteringar som blir gjorde i helse- og folkehelsepolitikken.

For å sikre god helse og likeverdige helsetenester for alle, må kvinnehelse integrerast i helsetenesta, forskning og helseutdanningane. Senterpartiet vil følgje opp forslaget frå kvinnehelseutvalet om ein kvinnehelsemilliard, mellom anna gjennom å styrke forskning og kunnskap om kjønnsperspektiv og kvinners helse. Dette vil betre livet til den enkelte og spare samfunnet for kostnader.

### **Senterpartiet vil:**

- Auke forskning på sjukdommar og helsetilstandar som rammar kvinner.
- Styrke finansieringa av organisasjonar som jobbar med kvinnehelse.
- Ha som ambisjon om at Noreg skal vere verdsléiande på forskning på kvinnehelse innan 2035.
- Auke forskning på helsekonsekvensar av vald mot kvinner.
- Oppdatere dei nasjonale retningslinjene ved sjukdommar og helsetilstandar som rammar kvinner, og endre finansieringssystemet slik at førebygging og behandling av slike sjukdommar og helsetilstandar i større grad blir prioriterte.
- Korte ned vente- og behandlingstid for sjukdommar og helsetilstandar som rammar kvinner.
- Sikre at samiske kvinners helse blir ivaretatt, mellom anna gjennom systematikk i arbeidet med samisk språk- og kulturkompetanse i helse- og omsorgstenestene.
- Utvide tilgangen på blå resept på hormon for kvinner i overgangsalderen, og sikre at kvinner i overgangsalderen får god tilgang til informasjon.

## **Kommunehelsetenesta**

Senterpartiet meiner at kommunane framleis skal ha ansvar for kommunehelsetenesta, og at denne ikkje skal statleggerast. Dyktige og profesjonelle tilsette er den viktigaste ressursen for å sikre gode helsetenester. Senterpartiet vil ta vare på og rekruttere fleire dyktige leiarar og tilsette generelt i helsetenesta. Gode arbeidsvilkår tilpassa den enkelte og gode ordningar for oppfølging av tilsette er viktig for å sikre rekrutteringa og at tilsette blir verande i jobben over tid. I tillegg må det sikrast fleksible og desentraliserte utdanningstilbod i heile landet. Helsepersonell skal kunne vidareutvikle eigen kompetanse på arbeidsplassen og få høve til vidareutdanning.

Det trengst fleire yrkesgrupper og variert kompetanse i helsetenestene for å løyse oppgåvene på ein berekraftig måte. Samstundes er ein nøydd til å satse på førebyggjande tiltak og metodar for å redusere veksten i behovet for helse- og omsorgstenester. Senterpartiet vil legge til rette for eit kompetanseløft og omstilling av helsetenesta.

Senterpartiet vil legge til rette for oppretting av fleire distriktsmedisinske senter og intermediære avdelingar som eit viktig supplement til dei lokalsjukehusa vi har. Pasientar som treng planlagt behandling på sjukehus skal sleppe å reise langt. I større grad skal det blir tilrettelagt for at spesialist/lege ambulerer, medan pasientar kan ta i mot behandling på nærsjukehus.

Gjennom dei siste åra har det vorte gjort viktige forbetringar i fastlegeordninga. Dette arbeidet må vidareførast. Senterpartiet vil arbeide for betre rekruttering av fastlegar i distrikta, at det skal vera mogleg med næringsdrivande fastlegar og sikre ei god legevaktteneste over heile landet.

Primærhelse- og oppfølgingsteam i kommunane kan bidra til meir koordinerte tenester,

gjere det mogleg med større breidde i tenestetilbodet og bidra til meir korrekt arbeidsdeling mellom personellgrupper og betre bruk av samla ressursar.

Alle som treng det, må få tilbod om rehabilitering etter sjukdom. Rehabilitering aukar livskvaliteten og bidreg til at pasientar raskare blir sjølvhjelpne. Menneske med nedsett funksjonsevne må få eit godt habiliteringstilbod slik at dei kan leve mest mogleg sjølvstendig. Det må tilretteleggast for at dei skal kunne delta i fritidsaktivitetar, arbeidslivet og slik kunne leve gode liv. Samhandlingsreforma har gjeve kommunane eit tydelegare ansvar for førebygging, rehabilitering og opptrening av pasientar som er utskrivne frå sjukehus. Senterpartiet meiner kommunane må bli kompensert for dei økonomiske meirkostnadene ved dette.

Det er dei medisinske behova for tannbehandling, og ikkje økonomi, som må styre kven som har rett til og tilgang til naudsynte tannhelsetenester. Senterpartiet har utvida rettane til dei unge og vil vidare følga opp tilrådingane i tannhelseutvalet. Vi ynskjer å greie ut korleis dagens frikortordning kan utvidast for å dekke naudsynte tannhelsetenester. Fylkeskommunane skal framleis ha ansvar for ei desentralisert tannhelseteneste.

#### **Senterpartiet vil:**

- Arbeide for tilstrekkeleg dekning av fagfolk i kommunehelsetenesta, som helsefagarbeidarar, sjukepleiarar og jordmødre.
- Styrke personretta tiltak som legg til rette for å ta vare på og rekruttere tilsette til kommunehelsetenesta i distriktskommunar, til dømes gjennom styrking av ordninga med nedskrivning av studielån.
- Legge til rette for meir fleksible arbeidstidsordningar for helsepersonell i offentleg sektor.
- Avgrense omfanget av bemanningsnormer og rettighetsfesting som reduserer det kommunale sjølvstyret i omsorgssektoren.
- Stimulere til framtidige organiseringar av den kommunale allmennhelsetenesta der fastlegane samarbeider tettare med psykolog, sjukepleier, fysioterapeut og andre relevante yrkesgrupper.
- Arbeide for ein meir aktiv seniorpolitikk i samråd med partane i arbeidslivet, for å legge til rette for at helsepersonell kan stå lengre i jobb.
- Forbetre helsefellesskapet for å sikra pasientar god helsehjelp.
- Vidareutvikle kompetanseforum i fylka, samt vurdere å etablere eit nasjonalt samhandlingsforum etter dansk modell for å drøfte korleis ein kan løyse helsepersonellmangelen og sikre ei offentleg helseteneste av god kvalitet i heile Noreg.
- Fokuserer på førebygging og tidleg innsats når det gjeld fysisk og psykisk helse.
- Styrke helsestasjons- og skulehelsetenesta, særskilt med fokus på psykisk helse.
- At den kommunale helsetenesta skal samhandle med idrettslag, frisklivssentraler og liknande helsefremjande organisasjonar.
- Auke tverrfaglegheita i helse- og omsorgstenesta for å styrke innhaldet i tenesta og bidra til betre utnytting av ressursar.
- Vidareføre og styrke tilskotsordninga for legevakt i distriktskommunar, for å bidra til betre rekruttering og redusert vaktbelastning.

- Legge til rette for fagleg utvikling og grunn- og vidareutdanning for helsepersonell med til dømes desentraliserte utdanningstilbod.
- Legge til rette for at fleire kommunar kan delta i endringsprogram som TØRN-prosjektet.
- Innføre ein eigen opptrappingsplan som sikrar utvikling og finansiering av eit godt kommunalt arbeidsretta rehabiliterings- og habiliteringstilbod for alle pasientgrupper.
- Legge til rette for at kommunane kan styrke tilbodet til personar med psykisk uhelse, skadeleg rusbruk og avhengighetsproblematikk, mellom anna gjennom pårørandegrupper og organisasjonar.
- Styrke omsorgstilbodet ved livet sin ende og betre tilbodet om palliativ pleie.
- Arbeide for mammografitilbod, til dømes gjennom mammografibuss, i alle distriktskommunar med lang reiseveg til slike tilbod.
- Vaksiner mot smittsam hjernehinnebetennelse skal bys alle avgangselevar i vidaregåande skole, som en del av vaksinasjonsprogrammet.

## Velferdsteknologi og e-helse

Velferdsteknologi kan bidra til at fleire meistrar kvardagen, kjenner tryggleik og kan bu lengre heime. Den enkelte kan få større grad av fridom i eige liv. Pårørande kan få avlastning og kjenne større tryggleik. Kommunane kan bruke ressursane meir effektivt til å hjelpe flest mogleg. Senterpartiet er opptatt av at velferdsteknologi må vere eit verktøy for å gjere tenestene betre, og ikkje blir ei erstatning for menneskeleg omsorg.

Nye digitale tenester er nødvendige for å sikre innbyggjarane betre informasjon og desentraliserte tenester. Ved innføring må god informasjonsflyt på tvers av einingar og sektorar sikrast. Senterpartiet vil samarbeide med kommunesektoren om å etablere eit systemkart, der det blir kartlagt tekniske, juridiske, strukturelle, kulturelle og økonomiske barrierar for implementering av velferdsteknologi. Systemkartet skal bidra til å finne raske løysingar på enkle problem, og gode løysingar på komplekse problem.

### **Senterpartiet vil:**

- Gjennomføre eit kompetanseløft for velferdsteknologi i alle kommunar og vidareføre Nasjonalt velferdsteknologiprogram.
- Basere velferdsteknologi på opne standardar.
- Sikre tilgang på helsedata på tvers av offentleg og privat sektor som gjer det mogeleg å utvikle best mogeleg løysingar, samstundes som personvernet blir ivaretatt.
- Sikre at tilsette får naudsynt opplæring og støtte for å kunne bruke teknologien på ein forsvarleg og effektiv måte, herunder også kompetanse på algoritmane som ligg til grunn for avgjerder gjort av kunstig intelligens (KI).
- Sikre at KI-løysingar for helsetenesta blir utvikla og implementert på ein etisk forsvarleg måte, der personvernet og datatryggleiken til pasientane blir ivaretatt.
- Stimulere til bruk av innovative innkjøp for at kommunar kan samarbeide med lokale og regionale leverandørar ved innkjøp av velferdsteknologi.
- Sikra at dei som ikkje bruker digitale løysingar, har moglegheit til å sende og motta helseinformasjon på ein effektiv måte.

- At det skal være mogleg å fylle ut søknad og levere klage på papir ved fysisk oppmøte på offentlege kontor.
- Auke moglegheita for digitale helsekonsultasjonar, både av geografiske omsyn og av omsyn til pasientgrupper med særlege utfordringar.

## Eldreomsorg

Eldreomsorga skal gi tryggleik, hjelp og omsorg. Den må organiserast slik at eldre har tryggleik for god hjelp uavhengig av eigen situasjon eller om dei har ressurssterke pårørande. Alle skal behandlast med utgangspunkt i eigne føresetnader, inkludert språk og kultur. Eldreomsorga må vere behovsstyrt og eit kommunalt ansvar. Oppgåvene må løysast i samarbeid med kvar enkelt, pårørande, frivillige og ideelle aktørar.

Det blir fleire eldre i Noreg. Mange har god helse lenge og kan vere aktive deltakarar i samfunnslivet. Eldre skal ha høve til sjølv å forme sine liv, bruke sine evner, følgje opp interessene sine og ha innverknad på samfunnet. Samtidig er det viktig at det blir lagt til rette for at den restarbeidsevna kvar enkelt har, kan takast i bruk. Bidraget til dei eldre inn i frivillig sektor vil også vere avgjerande viktig i åra som kjem. Senterpartiet vil legge til rette for at kommunane har nødvendig kapasitet og system for å bruke dette potensialet.

Det er eit mål at menneske skal få bu i eigen bustad så lenge dei kan og vil. Mange har behov for meir tilrettelagde bustader når dei blir eldre. Senterpartiet vil legge til rette for at det offentlege i større grad tilbyr varierte bustadløysingar, der sosiale møteplassar og velferdsteknologi blir integrert i eldreomsorga i kommunane.

Senterpartiet vil ha meir fysisk, kulturell og sosial aktivitet og innhald i eldreomsorga. Vi vil satse meir på kvardagsrehabilitering. Rett og fullverdig ernæring er grunnleggende for god livskvalitet gjennom heile livet. Eldre på institusjon og omsorgssenter må garanterast gode måltid kvar dag, og ernæringsoppfølging tilpassa behovet til den enkelte.

Senterpartiet vil styrke demensomsorga i kommunane gjennom å sikre eit tilstrekkeleg kommunalt tilbod gjennom sjukdomsforløpet. Vi vil legge til rette for auka kompetanse om demens hos helsepersonell, pårørande og i befolkninga generelt.

### **Senterpartiet vil:**

- Utvikle ei behovsstyrt eldreomsorg med tillitsbasert og lokal leiing.
- Føre vidare eldreomsorga som eit kommunalt ansvar finansiert over kommunale budsjett.
- Auke støtta heimebuande eldre kan få til tilrettelegging av eigen bustad eller kjøp av tilrettelagd bustad.
- Halde fram med å byggje ut sjukeheims plassar, omsorgsbustader og servicebustader for eldre med statlege investerings- og rehabiliteringstilskot.

- Avvikle boteleggingssystemet mellom helseføretaka og kommunane for eldre utskrivingsklare pasientar, og i staden bruke desse midlane til å byggje opp den kommunale helsetenesta.
- Sikre eit aktivitetstilbod for alle med behov for det og stimulere til eit mangfald i tilbodet, gjerne i samarbeid med frivillige lag og foreiningar eller private tilbydarar og frivilligsentralar.
- Ikkje innføre ordning med fritt brukarval i eldreomsorga.
- Bidra til at bebuarar på sjukeheimar/omsorgssenter og heimebuande eldre får god og tilstrekkeleg ernæring. Maten bør vere laget lokalt og gjerne basert på lokale ressursar.
- Kompensere kommunane for utgifter til ressurskrevjande tenester, også for brukarar over 67 år.
- Skape eit meir demensvennleg samfunn ved at kommunale helse- og omsorgstenester i større grad blir bygde og tilrettelagde for personar med demens og pårørande deira.
- Utvide bruk av framtidsfullmakter for å sikre personar med svekt samtykkekompetanse eit godt omsorgstilbod.

## Pårørande

Dei pårørande er avgjerande for at vi skal lykkast med å yte gode helse- og omsorgstenester i Noreg. Utan den frivillige og familiebaserte omsorga ville ikkje tilbodet gått rundt. Dei pårørande si innsats bidreg til auka livskvalitet for pasienten og reduserer offentlege kostnader. Det må derfor legges til rette med nye tiltak for at det skal vere praktisk mogleg å vere pårørande over tid.

Mange pårørande er ressurssterke og kan yte stor innsats. På same tid kan mange pårørande ha behov for støtte, profesjonell hjelp og omsorg sjølv. Senterpartiet vil særleg ivareta barn og unge som er pårørande.

Dei som har eit særleg belastande omsorgsansvar kan få kommunal omsorgstønad. Pårørande må få meir føreseielege rammer for å kunne ta på seg omsorgsoppgåver som elles ville fall det til offentlege. Ved å inngå ein pårørandeavtale med kommunen, vil pårørande med særleg tyngjande omsorgsoppgåver få større føreseielegheit og få avklart behov som avlastning, opplæring og tiltak for å ivareta eiga helse.

Å få innverknad i avgjerdsprosessar og utforming av eige tenestetilbod er ein del av menneskeverdet. Ei reell moglegheit til medverknad krev at brukarane og pårørande deira får tilstrekkeleg informasjon, rettleiing og opplæring.

### **Senterpartiet vil:**

- Fastsetje ein opptrappingsplan for utbygging av dagaktivitetsplassar og korttidsopphald og slik sikre avlastning og tryggleik for pårørande.
- Forbetre pårørande sine permisjonsmoglegheiter i arbeidslivet, og moglege økonomiske kompensasjonsordningar, for å sikre likestilling og betre moglegheiter til å kombinere arbeid og omsorg.
- Greie ut korleis omsorgsarbeid kan gi pensjonsopptening.

- Sørge for økonomiske rammer som sikrar ei reell styrking av omsorgsstønsordninga.
- Styrke oppfølgingstilbodet for pårørande til pasientar med demens.
- Styrke ordningane for reise og opphald for nære pårørande som må reise langt i samband med sjukehusopphald og anna behandling.

## Fødetilbod og barselomsorg

Tryggleik ved fødsel og eit desentralisert fødetilbod er viktige mål i helsepolitikken. Lokalsjukehus med akutfunksjonar og fødetilbod er avgjerande for å nå desse måla. Finansieringa av føde- og barseltilbodet må tilpassast behovet. Innsatsstyrt finansiering er ikkje eigna. Forsking viser at dagane frå unnfanging til eit barns to-årsdag er spesielt viktige for utviklinga til barnet. Jordmortilbodet i kommunane er derfor viktig under graviditet og fødsel. Alle kvinner som treng det må derfor tilbydast følgjeteneste av jordmor. Jordmorkapasiteten i kommunen må vere tilstrekkeleg for å fylle dei behova som følgjer av kortare liggjetid ved sjukehus etter fødsel. Kvinner i barsel skal få god oppfølging og tilstrekkeleg tid på sjukehus i samband med fødsel. Kortare liggjetid enn tilrådd må vere kvinna sitt eige val.

### **Senterpartiet vil:**

- Styrke den kommunale jordmorhelsetenesta.
- Styrke følgjetenesta til sjukehus for fødande med meir enn éin times reiseveg.
- Styrke bemanninga ved kvinneklinikkane og sørge for at alle fødande blir sikra éin-til-éin-oppfølging av jordmor i aktiv fase av fødselen.
- Styrke tilbodet om fleirkulturell doula for gravide med minoritetsbakgrunn.
- Sikre papirlause gravide rett til helsetenester i samband med svangerskap, fødsel og barsel.
- At heimebesøk av helsesjukepleiar innan ti dagar etter heimkomst blir gjennomført over heile landet og at besøk av jordmor skal tilbydast alle fødande innan 1-3 dagar etter heimkomst.
- Sikre auka rekruttering av jordmødrer i kommunane.

## Psykisk helse

Senterpartiet vil at fleire skal oppleve god psykisk helse og livskvalitet. Dei som har behov for psykisk helsehjelp skal få tilgang på hjelp. Satsing på folkehelse, styrkt førebygging og fleire lågterskeltilbod i heile landet vil vere bra for folk og for samfunnet.

Senterpartiet vil satse vidare på modellen for rask psykisk helsehjelp med kapasitet i tenestene for oppfølging av personar utan tilvising.

Gode tenester nær folk er viktige innan psykisk helsevern. Senterpartiet vil prioritere tilbodet til pasientar med rusproblem og psykiske lidningar, og auke talet på sengeplassar innan psykisk helsevern og distriktpsikiatriske senter (DPS). Det er viktig å sikre god samhandling og ansvarsavklaring mellom spesialist- og kommunehelsetenesta, særleg i oppfølging av dei mest alvorleg psykisk sjuke.

Senterpartiet har fått gjennomslag for ein opptrappingsplan for psykisk helse. Det trengst ein sterkare innsats for å førebyggje psykiske plager og lidingar, samtidig som terskelen for å få hjelp må bli lågare. Personar med alvorlege psykiske lidingar må få meir heilskapleg behandling og oppfølging.

### **Senterpartiet vil:**

- Styrke tilbodet om psykisk helsehjelp i spesialisthelsetenesta og korte ned ventetider, gjennom satsing på desentraliserte polikliniske tilbod.
- Rammefinansiere psykisk helsevern og avslutte bruk av innsatsstyrt finansiering.
- Auke døgnkapasiteten og talet på sengeplassar i psykisk helsevern og auke senge- og behandlingsskapasiteten i BUP. Barn skal ikkje kunne avvisast for spesialisert helsehjelp i BUP utan at det er vurdert av spesialist med sjølvstendig behandlingsansvar.
- Vidareutvikle og styrke distriktpspsykiatriske senter (DPS) og barne- og ungdomspsykiatrien (BUP). Talet på sengeplassar ved DPS-ane må aukast.
- Styrke PP-tenesta, den psykososiale tenesta og skulehelsetenesta.
- Styrke kommunale helsetenester som gjeld rus og psykisk helse, herunder helsestasjonar, skulehelseteneste og andre kommunale tiltak for betre psykisk helsehjelp.
- Arbeide for at alle kommunar tilbyr lågterskeltiltak til innbyggjarane sine for å førebyggje alvorleg psykisk uhelse.
- Etablere fleire fleksible, aktivt oppsøkjande behandlingsteam (FACT-team) for å gi samtidige og heilskaplege tenester til menneske med alvorlege psykiske lidingar.
- Sørge for betre ivaretaking av somatisk helse hos pasientar med rusproblem og psykiske lidingar. Pasientar innan psykisk helse bør få tilbod om medisinfritt behandlingstilbod.
- Sikre samarbeidet mellom barne- og ungdomspsykiatrien (BUP) og skulehelsetenesta.
- Sørgje for at nasjonal handlingsplan for førebygging av sjølvskading og sjølvskading blir følgt opp og finansiert. Senterpartiet støttar nullvisjonen i arbeidet med sjølvmondsførebygging.
- Styrke innsatsen med førebygging og behandling av spiseforstyrningar.
- Styrke kapasiteten i Samisk nasjonal kompetanseteneste – psykisk helsevern og rus (SANKS).
- Styrke tilbodet til etterlatne etter sjølv mord.
- Intensivere det sjølvmondsførebyggjande arbeidet i kjende risikosituasjonar og styrke lokale krisetilbod.
- Styrke ordninga med individuell jobbstøtte gjennom NAV (IPS) for personar med psykiske utfordringar eller rusproblem.

## Behandling og førebygging av rus

Skadeleg bruk av rusmiddel fører til dårleg helse, og er årsaka til mange innleggingar på sjukehus og behandlingssinstitusjonar. Senterpartiet vil føre ein ruspolitikk med tydelege rammer, med mål om at færre skal bli rusavhengige.

Senterpartiet vil halde oppe forbodet mot bruk, innehaving og kjøp av narkotika. Dei som er rusavhengige og har sjukdomsproblem knytt til dette, skal ikkje straffeforfølgjast, men

følgjast tett opp av helsevesenet. Narkotika er eit stort samfunnsproblem som rammar brukarar, pårørande og lokalsamfunn hardt.

Ruslidingar er avhengnadssjukdommar som treng eit meir heilskapleg og effektivt behandlingstilbod enn i dag. Legemiddelassistert rehabilitering (LAR) kan vere nyttig for nokre pasientar, men må støttast opp av god helsehjelp og anna god behandling. All behandlingssinnsats innanfor spesialisthelsetenesta må følgjast opp av eit sterkare ettervern og tilbod om bustad, sysselsetjing, skulegang og nettverksbyggjande tiltak. Rusomsorga må styrkjast og tiltak mot overdosar må intensiverast.

Senterpartiet vil føre ein ansvarleg alkoholpolitikk og halde oppe Vinmonopolordninga. Mindre forbruk av alkohol og tobakk vil bidra til at fleire lever eit lengre og sunnare liv. Redusert forbruk vil igjen redusere store statlege utgifter knytte til sjukdom. Kommunane må styrke stillinga si som alkoholpolitisk styresmakt. Det skal vere strenge reaksjonar ved alvorlege brot på alkohollova. Vi vil auke oppslutninga om alkoholfrie soner og sikre auka informasjon om skadeverknadene av alkohol- og tobakksbruk under svangerskapet.

#### **Senterpartiet vil:**

- Tilby gratis legemiddel til røykjeslutt.
- Styrke det rusførebyggjande arbeidet for alle grupper, også barn.
- Innføre krav til innhaldsmerking av alkoholhaldige drikkevarer.
- Styrke behandlingstilbodet for personar med rus og/eller avhengnadsdiagnose, og sikre kjønnsespesifikke behandlingstilbod for kvinner og menn.
- Gjennomføre ei førebyggings- og behandlingsreform for å hindre auka bruk av narkotika i Noreg og forbetre behandlingstilbodet og oppfølgingsarbeidet overfor rusavhengige.
- Byggje opp ettervernet etter behandling av ruslidingar, og setje inn tiltak for å unngå lange ventetider i behandlingsskjeda.
- Legge til rette for fleire pårørandegrupper for unge med rusutfordringar.
- Støtte lågtterskeltilbod til unge som har rusproblem, og innføre tverrfagleg spesialisert rusbehandling for ungdommar med alvorleg rusavhengnad eller skadeleg forbruk av rusmiddel (TSB Ung).
- Halde oppe ein desentralisert struktur for rusbehandling, herunder institusjonar, utanfor dei største byregionane.
- Oppretthalde Vinmonopolets viktige samfunnsrolle og sørgje for at det er tilstrekkeleg tal på utsalsstader for at denne funksjonen blir ivaretatt.

## **Bioteknologi**

Bioteknologi og genteknologi opnar for viktige spørsmål som må sjåast i ein etisk og verdimeisig samanheng. Senterpartiet meiner at bioteknologi og genteknologi må møtast med ei haldning om at alle menneske har rett til liv, uavhengig av utviklingsmoglegheiter og evner.

Lowverket må ivareta dei positive moglegheitene som ligg innanfor feltet, samtidig som det blir sett klare grenser for kva som er etisk, medisinsk og ressursmessig akseptabelt. Senterpartiet meiner at det ikkje må vere den tekniske utviklinga åleine som skal vere avgjerande.

I saker om bioteknologi som handlar om barn, skal barnet sitt beste komme først. Det må legges vekt på at barn, så sant det er mogleg, bør få kjennskap til dei biologiske foreldra sine. Med den hurtige utviklinga som skjer innan bioteknologisk forskning, er det viktig at nye problemstillingar og kunnskap blir gjort tilgjengeleg og lagt fram for open debatt.

### **Senterpartiet vil:**

- Ha ein restriktiv politikk når det gjeld bruk av genteknologi, men opne for unntak når det gjeld diagnostikk og behandling av alvorlege sjukdommar, herunder bruk av stamceller.
- Gå imot bruk av befrukta egg, fostervev og aborterte foster i forskning.
- Regulere marknaden for genetisk sjølvtesting med lov for å ivareta personvern, retten til eigne helsedata og helsekonsekvensar ved villeiande testresultat. Genetisk testing av barn utanfor helsetenesta blir ikkje tillaten.
- Ikkje opne for aktiv dødshjelp i Noreg.
- Førebyggje eit sorteringssamfunn og legge betre til rette for familiar som ønskjer å bere fram barn med funksjonsnedsetjingar.
- At fosterdiagnostikk skal grunngjevast ut frå at det kan gi helsegevinst for mor og foster.
- Styrke det abortførebyggjande arbeidet gjennom rådgiving, rettleiing og informasjon.
- Ikkje tillate genredigering som skaper genetiske endringar i arveanlegg som kan gå i arv.

## Spesialisthelsetenesta

Nærleik til helsetilbod på alle nivå gir tryggleik. Senterpartiet vil styrke rolla til lokalsjukehusa i spesialisthelsetenesta og slik sikre kvalitet i akuttberedskap og tryggleik i lokalsamfunna. Godt samarbeid og tydeleg oppgåvefordeling mellom store og små sjukehus i regionane vil sikre gode tenester og effektiv utnytting av knappe, menneskelege ressursar.

Senterpartiet er for ein heilskapleg, samla og saumlaus spesialisthelseteneste. Senterpartiet vil byggje opp og styrke det offentlege helsetilbodet. Bruk av private, ideelle aktørar skal basere seg på langsiktige avtalar, styrt og prioriterte av det offentlege.

Spesialisthelsetenesta skal vere offentleg og desentralisert for å sikre tryggleik og beredskap. Alle skal få forsvarleg, trygg og moderne sjukehusbehandling når dei treng det. Eit velfungerande og desentralisert ambulansetilbod er ein føresetnad for tryggleiken til innbyggjarane når liv og helse blir trua. Senterpartiet meiner at ambulanseberedskapen særleg må styrkast der det er lange avstandar til sjukehus. Forskriftsfesta responstid må setjast i verk som vedteke og responstid må bereknast

også på kommunenivå. Ambulansane er ein viktig del av beredskapen i kommunane. Kommunane skal involverast før stasjonerte ambulansar eventuelt blir tekne ut av drift i nærområdet deira.

Innføring av ny teknologi skal heve kvaliteten, pasienttryggleiken og få spesialisthelsetilbod nærare folk og bidra til auka samhandling i helsetenesta.

Ein del diagnosar og traume krev spisskompetanse og erfaring. Senterpartiet vil støtte opp under at desse psykiatriske, medisinske og kirurgiske fagmiljøa får gode vilkår for vidare utvikling, og at innbyggjarar frå heile landet får nyte godt av denne ekspertisen.

Dei store investeringane i sektoren står i fare for å knekkje økonomien til helseføretaka. Dette medfører at gode tilbod over heile landet står i fare for å bli lagde ned for å sikre investeringskapital, noko som vil gå ut over drifta og pasientane.

Senterpartiet vil avvikle helseføretakmodellen og ta sjukehusa tilbake til folkevald styring og offentleg forvaltning. Vi vil føre vidare statleg eigarskap med direkte finansiering, men overføre dagens regionale ansvar til folkevalde sjukehusstyra, valt av medlemmene i fylkestinget. Desse skal styre innanfor rammene nedfelte av Stortinget i nasjonal helse- og samhandlingsplan. Senterpartiet vil arbeide for betre samhandling, slik at pasientar ikkje opplever å bli kasteballar mellom nivåa. Vi vil at kommunehelsetenesta og kommuneleiinga blir representert i styra i lokalsjukehusa for å sikre betre samarbeid mellom kommunar og statleg helseteneste lokalt.

#### **Senterpartiet vil:**

- Arbeide for at Noreg blir meir sjølvforsynt med medisinar og smittevernutstyr, gjennom oppbygging av eigen produksjon.
- Sikre at lokalsjukehusa som eit minimum skal ha døgnberedskap innan kirurgi, indremedisin, anestesi, røntgen og laboratorietenester, og dessutan fødetilbod.
- Styrke og utvikle distriktslokalmedisinske senter (DMS) i samarbeid mellom spesialisthelsetenesta og kommunar der dette er ei formålstenleg løysing.
- Sikre utdanning av generelle kirurgar for å støtte opp under behovet for breiddekompetanse på lokalsjukehus.
- At alle sjukehus skal ha stadleg leiging og eige styre for å sikre lokal og regional kunnskap og sikre god samhandling med kommunehelsetenesta rundt.
- Styrke finansieringa av sjukehusa for å sikre auka pasientbehandling, reduserte ventetider og auka evne til å handtere oppgåvevekst og geografiske forskjellar.
- Sikre framleis sjukehusdrift på Ullevål-tomta, og skalere ned nye OUS, slik at det blir økonomi også til andre nødvendige sjukehusinvesteringar i heile Helse Sør-Aust.
- Forkaste rekneskapsmodellen som stiller krav til overskot, og underlegge sjukehusa ordinær forvaltningsrekneskap.
- Sikre at innsatsstyrt finansiering går ned og rammefinansiering av sjukehusa blir den dominerande finansieringsmåten for spesialisthelsetenesta.
- Skilje mellom drift og investering og at store investeringar skal sikrast finansiering og demokratisk forankring gjennom ein nasjonal sjukehusplan vedteken av Stortinget.

- Behalde dagens sjukehusstruktur og ha ein sjukehusstruktur som sikrar beredskap, busetjing og tryggleik.
- Vidareutvikle lokalsjukehusa og spesialisthelsetenestetilbodet knytt til rus og psykiatri og sikre fleire spesialisthelsetenester der folk bur, spesielt med fokus på dei som treng langtidsbehandling, gjennom å bruke teknologi og auka samhandling mellom primær- og spesialisthelsetenesta.
- Styrke ambulanseberedskapen, og spesielt sikre kort responstid der det er særleg lang veg til sjukehus.
- Sikre at det blir utdanna nok helsepersonell og anna personell som er nødvendig i spesialisthelsetenesta, og bruke rett type personell på rett plass.
- Ha eit løft for teknologi og kunstig intelligens i spesialisthelsetenesta for å frigjere ressursar til pasientbehandling og sikre teknologi tilpassa norsk helsevesen.
- Sikre at spesialisthelsetenesta har faglege oppdaterte planar og tiltak for å redusere unødvendig bruk av breispektra antibiotika.
- Styrke forskings- og utgreiingsarbeid for å stoppe spreiding av antibiotikaresistente bakteriar.
- Utvikle ambulerande helsetilbod ved distriktsmedisinske senter.
- Ha ein opptrappingsplan for fleire turnusstillingar (LIS1-stillingar).
- Forbetre og forenkle pasientreiseordninga og sikre forsvarleg drosjetransport for pasientar i regi av helseføretaka.
- Bevare og utvikle tværfagleg spesialisert rehabilitering desentralisert i heile Noreg.
- Styrke tilbodet innan palliasjon og lindrande behandling i alle helseregionar.
- Auke refusjonssatsane på pasientreiser slik at dei kjem på eit akseptabelt nivå.

# Innvandring og integrering: Kontrollert, rettferdig og inkluderande

For at vi skal kunne bevare det tillitsbaserte velferdssamfunnet vårt, er det avgjerande at innvandringa ikkje er høgare enn at vi klarer å integrere alle innvandrara i den norske fellesskapen. Innvandringa til Noreg skal vere kontrollert og rettferdig.

Innvandring kan gi vekst og utvikling i eit land. Noreg ville ikkje vore det landet vi er i dag utan kunnskap, arbeidskraft og idear som er sende til landet gjennom innvandring. Samtidig kan for høg innvandring skape utfordringar, utanforskap og uro.

EØS-avtalen forhindrar Noreg frå å regulere arbeidsinnvandringa frå EU- og EØS-landa. Det skaper utfordringar for balansen på arbeidsmarknaden, eit negativt lønnspress og sosial dumping innan fleire bransjar. Det er viktig å dokumentere konsekvensane av sosial dumping og heile tida søkje mest mogleg effektive tiltak for å forhindre dette. Språkopplæring av arbeidsinnvandrara og eit organisert arbeidsliv er avgjerande for å forhindre sosial dumping og for å sikre trygge jobbar i Noreg.

Innvandringa til Noreg kan ikkje vere høgare enn det arbeidsmarknaden vår og velferdssystem er i stand til å ta imot. Noreg skal bidra med det vi kan for å forbetre situasjonen for menneske på flukt. På same tid må vi ha kontroll over eigne grenser og kven som kjem til landet. Det er ein føresetnad for god integrering. Dagens asylsystem er ikkje rettferdig for dei som treng det mest. Noreg må derfor prioritere kvoteflyktningar og auka humanitær hjelp i nærområda for å hjelpe så mange som mogleg på ein mest mogleg effektiv måte.

Vi har alle eit ansvar for at dei som kjem til Noreg blir tekne vel imot og for å utvise nulltoleranse for rasisme. Vi må bruke tid og ressursar på å gi dei høve til å bli ein del av det norske samfunnet. Integrering er ein tovegsprosess der forholda må legges til rette for at nykomne innvandrara skal bli godt integrerte i det norske samfunnet. Menneske som kjem til Noreg må givast høve til å ta i bruk eigne ressursar – i arbeidslivet og i lokalsamfunnet. Samtidig skal vi ha ein politikk der samfunnet stiller krav. Alle har ei plikt til å lære seg norsk og å bidra i jobb- og samfunnsliv. Utfordringane knytte til bustad, utdanning og jobb må løysast. Det er gjennom fast bustad og arbeid vi skaper den beste integreringa.

Dei som blir innvilga opphald i Noreg skal integrerast raskt. Rask og god norskopplæring, og dessutan innføring i norsk historie og demokratisk tradisjon, er viktig for at dei som kjem skal kunne delta i samfunnet på lik linje med alle andre. Dette er særleg viktig for barn og unge, fordi det er grunnleggjende for vidare skulegang. Gode norskkunnskapar er nødvendig for å bevare tillit til kvarandre og for å unngå utviklinga av parallellsamfunn og ekstremisme. Ein nøkkel for å lykkast med integreringa er å auke arbeidsdeltakinga blant innvandrargrupper der sysselsetjingsgrada i dag er låg.

## Flyktning- og asylpolitikk

Senterpartiet vil føre ein ansvarleg og anstendig flyktning- og asylpolitikk som byggjer på dei internasjonale forpliktingane våre, humane tradisjonar og den nasjonale kapasiteten vår. Asylpolitikken er tent med brei tverrpolitisk semje.

Noreg kan over tid ikkje ha ein praksis på asyl- og innvandringsfeltet som skil seg vesentleg frå nabolanda våre. Det er viktig at Noreg har ein klar praksis i asylsaker. Dette vil bidra til å avgrense talet på asylsøkjjarar utan vernebehov og forkorte behandlingstida i asylforvaltninga.

Alle som søker asyl i Noreg skal ha tryggleik for at rettstryggleiken deira blir ivaretatt. Utlendingsstyresmaktene må organiserast på ein måte som sikrar rask og forsvarleg saksbehandling. Dei som ikkje blir innvilga opphald må returnere så snart som mogleg etter endeleg avslag. Rask retur er til det beste for asylsøkjaren sjølv og Noreg, og essensielt for å bevare tilliten til asylsystemet. Det er avgjerande for tilliten til asylsystemet at avgjerder og reglar for handheving av retur blir overhaldne konsekvent. Uklare signal og omgåing av regelverket må unngåast. Senterpartiet meiner ventetida på asylmottak må gjerast kortast mogleg. Dei som får opphaldsløyve i Noreg må busetjast og integrerast raskt. Kommunane må få ressursar som speglar den store innsatsen som trengst for å skape god og trygg integrering.

Senterpartiet meiner at skiping av asylmottak i privat eller ideell regi må varslast vertskommunane i god tid for å sikre at tenestene det offentlege plikter å tilby kan etablerast tidsnok og på ein god og tilstrekkeleg måte. Mottaka må i langt større grad innrettast slik at dei forenkler busetjings- og integreringsarbeidet for dei som får varig opphald. Det bør etablerast ei minstenorm for kva tilbod som blir gitt til personar i asylmottak, der helse- og sosialfagleg oppfølging på mottaka blir styrkt.

Blant dei områda som bør løftast fram, er aktivitet i ventetida, språkopplæring, skulegang for barn og unge, styrkt kompetanse og innsats knytt til avklaring og tidleg behandling av psykiske og fysiske helseutfordringar. Einslege mindreårige asylsøkjjarar er spesielt sårbare. Dei treng trygge og gode oppvekstvilkår. Busetjing av einslege mindreårige krev eit spesialtilpassa apparat i kommunane. Barns beste må ileggas spesiell vekt i saker om opphald. Einslege mindreårige som har fått vern i Noreg skal ikkje risikere å bli uttransporterte ved myndigalder etter mange års butid i Noreg.

### **Senterpartiet vil:**

- At asylsøkjjarar får ei rask og rettssikker avklaring av søknaden. Etter at opphaldsløyve er gitt, skal busetjingsintervjuet skje med ein gong og busetjing skje så raskt som mogleg.
- Vektlegge barns beste i saker om retur.
- Ha rask retur av dei som har fått endeleg avslag på asylsøknaden sin i Noreg, ikkje minst for å halde oppe tilliten til asylsystemet.
- Gå gjennom situasjonen for ureturnerbare asylsøkjjarar, særleg med omsyn til statslause.

- Nytte handlingsrommet i dagens lovverk til å vise asylsøkjalar til trygge land utanfor Europa, altså land som ivaretar rettane til flyktningane i tråd med Flyktningkonvensjonen, dersom dei har komme til Noreg via dette landet.
- Styrke ordninga med retur støtte stort og leggje betre til rette for frivillig retur.
- Gi kommunane 100 prosent statleg kostnadsdekning ved busetjing av flyktningar, og når dei er vertskommunar for mottak.
- Intensivere innsatsen mot at einslege mindreårige asylsøkjalar forsvinn frå mottak, og forsterke arbeidet for å finne og hjelpe dei som har vorte borte.
- Heve kvaliteten på norsk- og samfunnskunnskapsundervisninga for flyktningar. Den må bli meir praktisk og tilpassa det livet flyktningane skal ut i.
- Styrke frivillige organisasjonar som har gode prosjekt og aktivitetar retta mot einslege mindreårige.
- Støtte arbeidet med å byggje ut tilbod i Noreg til einslege mindreårige asylsøkjalar, først og fremst i regi av det offentlege.
- Einslege mindreårige asylsøkjalar bør få utnemnt verje som er busett i same kommune.
- Ikkje tillate ein praksis der personar som har fått opphaldsløyve i Noreg på grunn av vernebehov likevel oppheld seg jamleg i eige opphavland.
- At det ikkje skal kunne opprettast asylmottak i ein kommune mot kommunen si vilje.
- At asylmottak som hovudregel skal plasserast utanfor dei store byane.
- Støtte opp om busetjing av flyktningar i heile landet.
- Prioritere sårbare grupper som kvinner og barn blant overføringsflyktningar (kvoteflyktningar) frå FNs høgkommissær for flyktningar.
- Styrke rettstryggleiken til barn fødd i Noreg og som står utan statsborgarskap.
- Stramme inn vilkåra for familieinnvandring.
- Harmonisere utbetalingar og rettar til nivå med nabolanda våre.
- Opprette fleire returavtalar med fleire mottakarland.
- Heve den øvre aldersgrensa for målgruppa for introduksjonsprogrammet.
- Innføre eit eige betalingskort for asylsøkjalar der pengane berre kan brukast i Noreg, etter modell frå Tyskland.
- Gå gjennom regelverk og praksis knytt til tilbakekalling av opphaldsløyve med mål om at fleire straffbare handlingar skal føre til utvising.

## Integrering

Den norske busetjingsmodellen basert på frivilligheit for kommunane er det beste utgangspunktet for godt busetjings- og integreringsarbeid. Innvandrarar som har relevant utdanning må få godkjent utdanninga i Noreg så raskt som mogleg. Det må gjerast enklast mogleg å fullføre oppstarten utdanningsløp i Noreg. Det må legges betre til rette for vidare oppfølging av menneske som ikkje når kvalifiseringsmål i løpet av introduksjonsprogrammet. Vilråa for tildeling av økonomisk sosialhjelp må fremje integrering.

Noreg skil seg frå andre land rundt oss med at vi har styrt busetjing av flyktningar. Vi skal halde fram med å fordele flyktningar ut til lokalsamfunn over heile landet, slik at vi unngår isolerte miljø og parallellsamfunn.

Frivillige organisasjonar og sivilsamfunnet spelar ei nøkkelrolle i integreringsarbeidet. Frivilligheita skapar dei gode møteplassane der ein, på tvers av ulikskapane våre, møtest og deltek i meningsfulle aktivitetar. Dette er arenaer for meningsutveksling, dialog og samhald. Senterpartiet vil styrke desse aktørane slik at dei kan halde fram med inkluderande tiltak som femnar breitt.

### **Senterpartiet vil:**

- Styrke språkopplæringstilbodet for arbeidsinnvandrarar.
- Etablere enklare overgangsordningar for innvandrarar med utdanning, slik at dei raskt kan komme inn i yrke dei er utdanna for.
- Styrke det økonomiske handlingsrommet frå fylkeskommunane i arbeidet med å oppfylle forpliktingane sine etter integreringslova, som karriererettleiing og utforming av regionale kompetanseplanar.
- Styrke statleg støtte til integreringstiltak i regi av det frivillige.
- Praktisere meir fleksible utdanningsløp for å kvalifisere fleire til relevant arbeid, og sikre dei som har utdanning frå heimlandet moglegheit for nødvendig påbygging, slik at dei blir kvalifiserte til å jobbe i Noreg.
- Arbeid vidare med å redusere satsane på foreldrebetaling i barnehage og SFO, også av omsyn til integrering.
- Styrke samarbeidet mellom frivillige og kommunane for å hjelpe barn og unge med innvandrarakgrunn inn i fritidsaktivitetar.
- Innføre tiltak for å motverke at busette flyttar frå bustadkommunen ved avslutta introduksjonsprogram.
- Sørje for at introduksjonsprogrammet blir meir arbeidsretta og tilpassa den lokale arbeidsmarknaden, og at NAV kjem tidleg inn i løpet.
- Bruke introduksjonsprogrammet til å sikre integrering også av neste generasjon ved å fremje forståinga av det store ansvaret som ligg i forelderrolla i Noreg.
- Styrke innsatsen for å førebyggje æresrelatert vald og styrke innsatsen til barnevernet opp mot innvandrarfamiliar.
- Stille krav om at mottakarar av trustilskot skal bidra til integrering, toleranse, demokratiforståing og likestilling.
- Støtte restriksjonar når det gjeld finansiering av trussamfunn frå utlandet.
- Ikkje utbetale barnetrygd til foreldre som sender barna på lange utanlandsopphald utan norsk eller godkjend skulegang og som nektar å samarbeide med skule, barnevern eller politi.
- Vurdere om det å sende barna på lange utanlandsopphald utan norsk eller godkjend skulegang kan vere sjølvstendig grunn til omsorgsovertaking eller tap av opphaldsløyve.
- Ha tidleg kompetansekartlegging over personar som skal busettast og få på plass ein kunnskapsbase over kompetansebehov i kommunane. Samsvar mellom kompetanse og kompetansebehov i lokale verksemder blir vektlagt ved val av busetjingskommune.
- Legge til rette for at nykomne flyktingungdommer tidleg blir gitt innpass i norsk arbeidsliv gjennom feriejobbar og liknande, på lik linje med ungdom som har norsk bakgrunn, språk og nettverk.

# Jordbruk, fiskeri og havbruk: Norsk mat gir tryggleik

Matprodusentar over heile Noreg utfører eit samfunnsoppdrag som er ein viktig del av den nasjonale beredskapen vår. Med aukande internasjonalt konfliktnivå, trusselen frå klimaendringar og behov for betre global fordeling, må Noreg styrke sjølvforsyningsgrada. Då må vi ta i bruk dei ressursane vi har for å produsere mat. Totalberedskapen som norske matprodusentar står for, også utover matproduksjon, har vorte viste fleire gonger ved hendingar som brann, ekstremvêr og ulykker.

Norske matprodusentars kunnskap og erfaringar, råvarene, nordisk klima og topografi og store sesongvariasjonar er utgangspunktet for den norske matkulturen og produksjonen av trygg mat. Maten er utgangspunktet for dei største komplette verdikjedene i Noreg. Noreg har ein unik plante- og dyrehelse med lite bruk av antibiotika og plantevernemiddel som danner grunnlaget for produksjon av trygg og rein mat. Det er viktig at det blir teke nødvendige forholdsreglar for å sikre lågt smittepress og minimal bruk av antibiotika også i framtida.

Å velje norsk mat er eit trygt val. Senterpartiet vil jobbe for betre opphavsmerking og produktinformasjon på matvarer. Offentlege verksemdar må kjøpe inn norsk mat når det er eit alternativ. Senterpartiet vil gjere det enklare for produsentar å selje råvarer og foredla varer direkte til forbrukar.

Senterpartiet vil at fleire av mattradisjonane våre skal nytte merkeordninga Beskytta Betegnelse, for slik å auke bruken av mattradisjonane våre i opplevingsbasert næring, og styrke verdiskapinga for lokale produsentar.

Noreg er ein verdisleiande aktør innan fiskeri og havbruk. Senterpartiet vil føre ein offensiv politikk for å styrke og vidareutvikle desse næringane. Dei gir viktige arbeidsplassar og verdiskaping i mange lokalsamfunn. Fiskeri og havbruk bidreg til norsk og internasjonal matforsyning, og gir eksportinntekter. Ressursane i havet og langs kysten er eigedommen til fellesskapen. Ressursane skal sikrast for framtidige generasjonar gjennom berekraftig forvaltning og nasjonal sjølvråderett.

Senterpartiet vil styrke den nasjonale matvaremarknaden samtidig som konkurranselovgivinga vår blir skjerpa, slik at kjedemakta i daglegvarebransjen blir redusert. Den vertikale kontrollen til daglegvarekjedene over verdikjeda og deira eigne merkevarer (EMV) svekkjer uavhengige merkevarers posisjon og lønnsmda i industrien. Dette flyttar marginar og effektiviseringsgevinstar bort frå primærprodusent og matvareindustri, og over til daglegvarekjedene.

Senterpartiet vil arbeide for reglar som sikrar fordeling av makt mellom ledda i verdikjeda og ein rettferdig handelspraksis. Forbrukarar og styresmakter må givast innsyn i prisfastsetjing og konkurranse i daglegvaremarknaden.

Kasting av mat er sløsing med ein dyrebar ressurs. Senterpartiet vil motverke matsvinnet gjennom tett samarbeid med produsent- og salsleddet, slik at matsvinn blir redusert og overskotsmat blir gitt bort.

## Jordbruk

Jordbruket legg grunnlaget for busetjing, verdiskaping og beredskap over heile Noreg. For å utvikle jordbruket over heile landet vil Senterpartiet auke lønnsmda i bruk av jordbruksareala gjennom eit sterkt importvern, årlege forhandlingar mellom staten og faglaga i jordbruket og ved å sikre gardbrukarane ei sterkare marknadsmakt. Denne marknadsmakta blir sikra gjennom gode ordningar for gardbrukarane, eit sterkt tollvern og landbrukssamvirka som marknadsregulator.

Kanaliseringspolitikken sørgjer for at jordbruksareal over heile landet blir utnytta på best mogleg måte. Senterpartiet vil ha ein berekraftig bruk av jordbruksressursane i landet og auke matproduksjonen basert på norske ressursar i heile Noreg. Då må jordbruket over heile Noreg ha god og likeverdig tilgang på tenester, infrastruktur og investeringskapital. Matproduksjon må vere lønnsamt. Slik blir rekruttering, dyrevelferd og investeringar i fornya driftsapparat sikra. Teknologikutvikling og fornying av driftsapparatet er nødvendig for å sikre lønnsemd og gode familieliv. Talgrunnlaget dannar utgangspunktet for jordbruksforhandlingane. Den politiske semja i 2025 om dei tekniske føresetnadene for grunnlaget, bidreg til føreseielegheit og gjer at talgrunnlaget kan stå seg over tid. Inntektsmoglegheitene skal aukast og inntektsgapet til andre grupper tettast. Samtidig som inntektsgapet skal tettast innan 2027, skal sjølvforsyningsgraden av norske jordbruksvarer aukast til 50 prosent innan 2030. Det skal skje gjennom auka planteproduksjon, produksjon av dei varene som forbrukaren etterspør og tiltak for å auke etterspurnaden.

Senterpartiet vil ha meir norsk matproduksjon, og at fleire unge skal velje å bli bønder. Gode velferdsordningar er grunnleggende for rekruttering, livskvalitet, velferd for bonden og dyrevelferd. Avløysartilskotet må følgje lønnsutviklinga i samfunnet. Velferdsordningane må utviklast, ved å avskaffe samordningsregelen mot anna inntekt, slik at bønder får eit godt sikringsnett, også dei med arbeid utanfor garden.

Ein variert bruksstruktur over heile landet sikrar eit breitt fagmiljø som er viktig for fagleg utvikling, arbeidsfellesskap og psykisk helse for kvar enkelt bonde. Slik sikrar vi gode fagmiljø, produktive og berekraftige jordbruksareal, og dessutan levande bygder.

Eigarskapen av jord og skog skal i størst mogleg grad vere personleg. Dette skaper livskraftige lokalsamfunn, sikrar at landbruksressursane blir haldne i hevd, eit mangfald av små og store bruk og at verdiskaping skjer i heile landet. Senterpartiet vil føre vidare odelslova og lovas grunnlovsværn, halde oppe konsesjonslova med personleg buplikt, føre vidare priskontroll av landbrukseigedommar med jord og skog, og dessutan sikre driveplikt for all dyrka jord.

Bruk av utmarka er ein viktig ressurs for landbruket og er viktig beredskapsmessig med omsyn til klimatiske variasjonar. Utmark i bruk er viktig pleie av kulturlandskapet, og ein stor bidragsytar til sjølvforsyninga vår av jordbruksvarer. Næringa må ha gode og samanhengande beiteareal for å bruke utmarka på best mogleg måte til matproduksjon. Ei styrkt satsing på jordbruket sikrar at fotosyntesen, naturen sin eigen karbonfangst og -lagring, er i aktivitet over heile Noreg.

### **Senterpartiet vil:**

- Auke inntekta til bonden og tette inntektsgapet til andre næringar innan 2027.
- Styrke importvernet for å utvikle og sikre norsk jordbruksproduksjon ved å utnytte moglegheitsrommet i inngåtte handelsavtalar.
- Noreg må søkje samarbeid med andre land for å auke handlingsrommet i inngåtte handelsavtalar.
- Styrke tollvernet på produkt som det er naturlege føresetnader for å produsere i Noreg.
- Arbeid for at framtidige WTO-avtalar og andre handelsavtalar ivaretar retten og plikta til eigen matproduksjon. Handel med matvarer bør i større grad regulerast for å ivareta beredskap. Handlingsrommet i WTO-avtalen må utnyttast.
- Endre §9 i konsesjonslova. Selskap med avgrensa ansvar skal ikkje kunne eige landbrukseigedomar. Dette fører til spekulasjon i tidvis store norske eigedomar med store verdjar.
- Gjennomføre ei større kartlegging av økonomien i dei ulike produksjonane og delane av landet etter at opptrappingsplanen for landbruket er gjennomført i 2027.
- Sikre ein velfungerande marknads- og produksjonsregulering og sikre rolla til samvirket som marknadsregulator og avtakar av norske råvarer frå heile landet.
- Bevare prisutjamningsordninga for mjølk for å sikre at mjølkeprodusentar får lik pris uavhengig av kvar mjølka blir produsert og kva ho skal brukast til.
- Avgrense makta til daglegvarekjedene, styrke stillinga til råvareprodusentane i varekjeda og avgrense tilgangen matkjedene har til vertikal og horisontal integrering i matmarknaden.
- Fjerne dei konkurransepolitiske verkemidla i prisutjamningsordninga for mjølk, og styrke støtta til mindre meieriaktørar og ysteri.
- Halde oppe forbodet mot førebyggjande bruk av antibiotika og vekstframande medikament i dyrefôr.
- Auke prisen bonden får betalt for produkta sine. Løyvinga over statsbudsjettet må brukast målretta til dei jordbrukspolitiske måla som marknadsprisane ikkje greier å oppfylle.
- Styrke norsk matproduksjon basert på eige ressursgrunnlag og sørgje for at sjølvforsyningsgrada, korrigerert for importerte fôrråvarer, blir auka til minst 50 prosent innan 2030.
- Auke produksjonen av fôrmidlar som grunnlag for husdyrproduksjonen med mål om å redusere fôrimporten.
- Føre ein restriktiv politikk for import av husdyr, kjæledyr og plantar for å bevare den gode dyre- og plantehelsa i Noreg. Vurdere å avgrense fri planteimport og auke norsk produksjon med bakgrunn i uønskt smitte og stor transport.

- Satse meir på planteproduksjon av grønsaker, frukt og bær, for å styrke norsk sjølvforsyning.
- Auke norsk kornproduksjon, særleg matkorn, og betre kornøkonomien.
- Auke beredskapslagringa av korn og etablere beredskapslager for såkorn og såfrø.
- Auke midlane til landbruksforskning og styrke utdanningstilbodet innanfor høgskule, fagskule og universitetsutdanning i landbruk, og dessutan arbeide for å auke rekruttering til dei same faga.
- Styrke utdanningstilbodet innan naturbruk på vidaregåande skule.
- Auke tilskot til grøfting.
- Auke tilskot til investeringar i driftsbygningar i landbruket.
- Auke tilskota til omstilling frå bås fjøs til lausdrift kraftig for å sikre mjølkeproduksjon i heile landet, særleg for små og mellomstore bruk.
- I samarbeid med samvirka forsterke støtteordningar som bidreg til ein meir desentralisert meieristruktur og slakteristruktur for kjøtt, og slik bidra til beredskap i heile landet.
- Arbeide for betre støtteordningar ved fødselspermisjon, langvarig sjukdom, kriser og ulykker i husstandar innanfor jordbruket.
- Sikre at beitemark er i bruk og stimulerer til auka beiting som eit verkemiddel for bevaring av kulturlandskap, setring og biologisk mangfald. Beitetilskot, setertilskot, utmarkstilskot og husdyrtilskot må aukast.
- Staten skal streva etter at næringa skal få gjennomført tiltaka i klimaavtalen til jordbruket, gjennom å sikre finansiering av tiltaka i avtalen og utan at det betyr nedskalering i jordbrukssektoren.
- Styrke satsinga på bioøkonomi og klimatiltak for jordbruk og skogbruk gjennom Bionova.
- Ikkje innføre CO<sub>2</sub>-avgift på biologiske produksjonar.
- Gjere det enklare for produsentane å selje råvarer og foredla varer direkte til forbrukar.
- Stimulere til å ta i bruk ny teknologi for å auke beitebruka.
- Innføre nasjonalt tilskot for karbonlagring i jord.
- Auke støtta til implementeringa av klimaplanen i landbruket.
- Auke støtta og forenkle rapporteringa for transportstøtte til biogassproduksjon.
- Styrke klimarådgiving på enkeltgardsbruk og sikre dokumentasjon av kutt av klimagassutslepp.
- Auke forskning og fokus på jordhelse og karbonlagring i jord.
- Opprette ei fondsordning for klimainvesteringar i jordbruket som gir skattefordel ved utvalde klimainvesteringar i gardsdrifta.
- Gjere ei vurdering av korleis verkemidla til landbrukssektoren kan brukast for å legge til rette for klimatilpassing og klimarobuste driftsformer.
- Gå gjennom og betre ordningane for erstatning ved naturskade, tilskot ved produksjonssvikt/avlingskade og forsikringar for landbruket for å sikre matproduksjon ved eit endra klima.
- Føre ei streng bu- og driveplikt av landbrukseigedommar.
- Prøve ut digitale kart i større omfang for meir differensiert utmåling av tilskot.
- Fjerne moms på norsk frukt og grønt.
- Bruke verkemiddel over jordbruksavtalen for å nå nasjonale mål innanfor økologisk landbruk, og for å legge til rette for føreseielege rammevilkår for økologisk landbruk.

- Innføre eit beredskapstilskot til handsaming av jordbruksråvarer i Finnmark, Troms og Nordland.
- Revidere lov om god handelsskikk med sikte på å skjerpe reguleringa av kva krav aktørane kan stille til kvarandre i forhandlingane. Eigne merkevarer (EMV) må merkast med produsent og opphavsland. Ulik behandling av EMV-produkt og uavhengige merkevarer må forbydast.
- Utvide ordninga for alkoholsal frå gardsbutikkar og gardsbryggjeri.
- Sikre investeringar og framtidstru i fjellandbruket og arktisk landbruk for å sikre auka beredskap og sjølvforsyning.

## Reindrift

Reindrifta er ei viktig tradisjonell næring for delar av den samiske befolkninga i Noreg. Den bidreg til å bevare samisk kultur, samfunnsliv og språk. Reindrifta har store moglegheiter for auka verdiskaping. På same tid er rovdyr og klimaendringar truslar for næringa. Den største utfordringa i næringa er press på beiteareal. Utbygging av infrastruktur og etablering av nye næringar et beiteland bit for bit, og fører til auka forstyrringar. Senterpartiet vil føre ein streng rovdyrpolitikk.

### **Senterpartiet vil:**

- Framleis anerkjenne reindrifta som ei viktig kulturnæring som er familiebasert og byggjer på eit unikt levesett.
- Sikre eit godt samarbeid på tvers av landegrenser for vidareføring av tradisjonell reindrift.
- Sikre reinbeitedistrikta tilstrekkelege ressursar. Distrikta skal kunne ivareta interessene til reindrifta, og ha høve til å delta aktivt i planprosessar for å skape gode totalløysingar til beste for alle.
- At tradisjonell reindrift og berekraftig forvaltning skal takast omsyn til ved næringsetableringar.
- Legge til rette for betre infrastruktur for slakting av rein.
- Legge til rette for auka verdiskaping av kjøtt og biprodukt, og dessutan satsing på kulturformidling og turisme basert på reindrift.
- Arbeide for ein styrkt beredskap for klimaskapte beiteutfordringar.
- Ha rovdryrfrie kalvingsområde.
- Ha ein heilskapleg gjennomgang av skatte- og avgiftsregelverket for reindriftnæringa.

## Rovvilt

Den todelte målsetjinga for norsk rovviltpolitikk inneber at ein skal avvege omsynet til rovvilt opp mot omsynet til beitenæringane og det biologiske mangfaldet som er avhengig av beiting. Senterpartiet ønskjer ei streng forvaltning av norske rovviltbestandar av omsyn til utmarksnæringar og lokalbefolkning i store delar av Noreg. Senterpartiet vil halde oppe utstrekt beitebruk og annan utmarksbruk i heile landet. Ein rovviltbestand som går utover beitenæringane vil vere negativt for norsk matproduksjon.

Rovviltpolitikken må byggje på prinsippa om klare bestandsmål, lokal forvaltning, effektive uttak og full erstatning for rovdyrskadar.

Senterpartiet vil at staten tek eit større ansvar for å regulere bestandane. Statens naturoppsyn (SNO) må brukast meir aktivt til å ta ut rovvilt. Soneforvaltning er for å sikre bestanden av rovvilt, men når bestandsmåla er nådde må det forvaltast innanfor både rovvilt- og beiteprioriterte område. Område der skadetrykket har vore stort over fleire år, må prioriterast med ekstraordinære, målretta uttak. Rovviltnemndene må få vedtaksmakt. Det skal givast auka moglegheit for å ferde ut førebyggjande fellingsløyve når det gjeld lisensfelling og skadefelling. Miljødirektoratet, SNO og kommunale skadefellingslag skal sørgje for uttak av restkvotar etter enda lisensfelling. SNO og dei kommunale skadefellingslaga skal setje i verk uttak så raskt som mogleg.

Om ein skal lykkast med den todelte målsetjinga i rovviltpolitikken, må forvaltninga byggje på god kartlegging av rovviltbestandane. Bestandsmål for rovvilt må vere faktiske bestandsmål, ikkje minimumsmål eller intervall. Bestandsregulerande tiltak skal utførast ved hjelp av lisensfelling og det skal etablerast gode rammer og støtteordningar for arbeidet til fellingsmannskapa. Skadeførebyggjande uttak i belasta område skal kunne gjennomførast effektivt. Moglegheitene for bruk av tekniske hjelpemiddel og laus, på drivande halsande hundar under jakt og felling må vidareutviklast.

Ørn blir forvalta etter estimerte bestandar. Det er i altfor liten grad gjennomført systematiske registreringar for å fastslå faktisk bestand. I område med mykje ørn må uttak vurderast som skadeførebyggjande tiltak.

Den samiske reindrifta opplever eit rovviltpress som truar heile denne næringskulturen. Det er avgjerande at det raskt blir sett i verk tiltak som sikrar reindrifta i heile landet, og spesielt i dei mest utsette områda. Førebyggjande uttak av rovvilt er særleg viktig forut for kalvingsperioden.

#### **Senterpartiet vil:**

- Etablere nye, reduserte bestandsmål for ulv, jerv, gaupe, bjørn og ørn.
- Kontinuerleg arbeid for at folk og næringar ikkje blir skadelidande ved norsk rovviltpolitikk.
- Sikre at dei regionale rovviltnemndene har rammer og fullmakter som sikrar ei effektiv forvaltning.
- Fullføre arbeidet med ny teljemetode på gaupe.
- Gi full erstatning til dei som lid tap som følgje av tap til rovvilt.
- Endre kriteria for å dokumentere rovvilttap.
- Sørgje for å starte eit lovarbeid for å styrke nødverjeretten.
- Gå inn for å lage ein eigen skadefellingforskrift for å effektivisere uttak av skadegjerar.
- Sørgje for auka kunnskap om konsekvensane av rovdyrpolitikken for reindriftsnæringa, ramma kommunar, beitenæring og andre utmarksnæringar, og dessutan setje i verk effektive tiltak som reduserer direkte og indirekte tap. Der tapa ikkje kan reduserast, skal dei kompensast.

- Sørgje for at beitenæringars og ramma kommunars fagkompetanse i større grad blir inkludert i kunnskapsgrunnlaget for rovdyrforvaltninga.
- Etablere ein forvaltningspraksis med uttak av ørn i område med tette bestandar og der tap og skadar på bufe og tamreindyr er sannsynleggjorde.
- Effektivisere lisensfelling og prioritere slik felling i nærleiken av beiteområde. Fastsette kvotar skal takast ut med hjelp frå SNO.
- Skilje klart mellom lisensfelling og uttak av skadedyr.
- At dersom ein art ligg over bestandsmål skal det gjerast uttak for å komme ned på bestandsmål.
- Gi godkjende fellingslag som utfører uttak fleire verkemiddel til å utføre oppgåva.
- At lisensjegerane og skadefellingsmannskap skal kunne givast same vern som offentlege tenestemenn i alle fasar av oppdragsgjennomføringa når dei deltek i lisensfelling.
- Sikre at det er mogleg å bruke alle tilgjengelege tekniske hjelpemiddel ved skadefelling.
- Tillate bruk av hund ved skade- og lisensfelling og sørgje for at slike hundar kan trenast i Noreg.
- Løyve meir midlar til førebyggjande og konfliktdempande tiltak.
- Sikre at det i beitesesongen skal vere ståande fellingsløyve på rovvilt i beiteprioriterte område, innanfor rovdysikre beitegjerde, på innmarksbeite og i kalvingsområde for rein eller på utsida av forvaltningsområdet til rovviltet.
- Kartlegge dei kostnadene og tap i verdiskaping som rovviltbestandane påfører lokalsamfunna i form av tap av beitedyr, tapt beitebruk og anna innskrenking i bruk av utmark og utmarksressursar. Jaktrett og viltressursar må inkluderast.
- Flytte styringa av den statlege rovviltforvaltninga til Landbruks- og matdepartementet.
- Ta i bruk nye teknologiske hjelpemiddel for å styrke førebyggjande og konfliktdempande tiltak, som radiobjøller og andre aktuelle teknologiar.

## Matjord

Matjord er ein nasjonal ressurs som må forvaltast nasjonalt. Produksjon av mat og bioenergi krev berekraftig arealbruk. I Noreg utgjer dyrka mark berre 3 prosent av landarealet. Meir matjord må derfor dyrkast opp, og mindre matjord må byggjast ned.

Matjord er også ein knappleiksressurs i verdssamfunnet. Omsynet til utbygging av industri, infrastruktur og bustader må balanserast betre mot det langsiktige omsynet til produksjon av mat. Den norske metoden med lokal eigarskap til matjorda må takast vare på. I tillegg må vi redusere hindringar for aktiv arealbruk. Aktiv bruk er det beste vernet.

Det er eit paradoks at utmark i nokre samanhengar har eit sterkare vern enn innmark. Senterpartiet meiner derfor at dyrka mark må få eit langt sterkare lovvern enn i dag.

Jordbruksareal som går ut av drift er ei stor utfordring. For å hindre tap av matjord må jordbrukspolitikken styrkjast og matproduksjon gi god lønnsemd, slik at vi held oppe jordbruket i heile landet.

Senterpartiet vil at omsynet til jordvernet skal avklarast så tidleg som mogleg i samferdselsprosjekt. Ved val av standard og trasé må det synleggerast alternativ til nedbygging av landbruksjord.

#### **Senterpartiet vil:**

- Sikre at jordvern blir overordna i all framtidig arealforvaltning.
- I dialog med kommunane tilbakeføre minst halvparten av samla areal dyrka mark som er avsett til utbyggingsformål i kommunale planar, og som enno ikkje er bygd ned til landbruks-, natur-, friluftsf- og reindriftsområde (LNF-R).
- Redusere den årlege bruksendringa av matjord til utbyggingsformål til maks 2000 mål årleg innan 2030. Den årlege tilbakeføringa av areal til LNF-R skal kvart år vere større enn årleg bruksendring til utbyggingsformål.
- Lovfeste tilgang til varig vern av matjord.
- Innføre forbod mot opsjonsavtalar om kjøp av matjord for framtidig bruksendring til industri-, handels- eller bustadområde.
- At staten skal bidra med verkemiddel for å skjerme dyrka areal for klimaskadar som styrtregn, flaum og ras.
- At jordvernet skal vektast tyngre i planprosessar og dispensasjonar, og at det skal nydyrkast like mykje jord som det blir omdisponert. Gjennom kommunale matjordplanar skal reguleringsstyresmakta sikre areal for bruk slik at kvaliteten på matjord blir ivaretatt og at matproduksjonen kan aukast.
- At matjord må få eit høgare status og vern i førebygging og tiltak ved jord- og skredførebygging.
- Endre dagens nasjonale retningslinjer for samordning av arealbruk og mobilitet, slik at jordvern blir gitt høgaste prioritet ved utbygging i pressområda. Føresegnene i jordlova må givast forrang framfor desse retningslinjene. Desse endra retningslinjene må også legges til grunn for byvekstavtalane.

## Fiskeri

Fiskeressursane er eigde av det norske folket i fellesskap. Dei har vore grunnlaget for busetjing og verdiskaping langs norskekysten i fleire tusen år. Det er viktig å legge til rette for at fiskeressursane framleis skal skape aktivitet langs kysten. Deltakarlova, havressurslova og fiskesalagslova er viktige pilarar for norsk fiskeripolitikk. For Senterpartiet er det viktig at lovene blir handheva og at dei distriktspolitiske intensjonane blir ivaretatt.

Alle barn må få delta i fritidsaktivitetar saman med andre. Derfor vil Senterpartiet føre vidare fritidsløftet saman med frivillige organisasjonar og kommunar, og styrke statlege tilskotsordningar for at kommunar kan gi tilbod til alle barn uavhengig av økonomi.

Senterpartiet meiner det bør legges til rette for at det frivillige får innpass i skulekvardagen, omsorgsinstitusjonar og andre stader der offentlig sektor tilbyr tenester. Frivillig sektor skal ikkje overta det offentlege ansvaret for tenesteleveransar, men vere eit supplement. Derfor må ein revidere regelen om at aktivitetar som kjem offentlege oppgåver til gode, ikkje får momskompensasjon.

Frivillig sektor bør i større grad inkluderast i introduksjonsprogrammet for innvandrarak, arbeidstreningstiltak og liknande. Frivillig arbeid kan også vere eit supplement til arbeidsretta tiltak. Offentlege anbod på dette feltet må innrettast slik at frivillige organisasjonar kan kvalifisere.

#### **Senterpartiet vil:**

- Sikre full, føreseieleg og regelstyrt momskompensasjon til frivillig sektor.
- Styrke grunnstøtta til organisasjonane framfor auka prosjektstøtte.
- Auke grunnstøtta til frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar.
- Auke skattefritaket for gåver til frivillige organisasjonar.
- Revidere regelen om at «verksemd som kjem offentlege oppgåver til gode» ikkje får momskompensasjon.
- Legge til rette for eit løft på fritidsklubbfeltet.
- Desentralisere fleire av dei statlege kulturmidlane til fylkeskommunane.
- Vere garantist for einerettsmodellen for lotteri og pengespel.
- Auke det statlege driftstilskotet til alle frivilligsentralane i landet, og sikre at finansieringa av kvar sentral ikkje blir svekt når talet på sentralar går opp.
- Endre arbeidsmiljølovas §14-9 slik at fleire delar av det frivillige enn idretten har høve til mellombelse tilsetjingar.
- Personar som får offentlege stønader skal ikkje trekkjast for frivillig arbeid som ikkje er godtgjort.

- Gjere det enklare for det frivillige å delta i offentlege anbod knytte til inkludering og arbeidstrening.
- Legge til rette for deltaking og involvering av det frivillige i kommunale planprosessar, til dømes ved utforming av offentlege bygg.
- Kommunane skal sørge for at lokale er tilgjengelege for det frivillige, og gjere tydeleg retten studieforbunda har til tilgang på undervisningslokale.
- Styrke og støtte opp om studieforbunda på bakgrunn av evalueringa av studieforbundsordninga.
- Forskriftsfeste delen av Norsk Tippingss overskot som går til kulturformål, og gjere tydeleg kriterium for fordeling til sivilsamfunn, frivilligheita og andre ikkje-kommersielle formål.
- Koordinere frivilligheita på kulturarvfeltet betre. Ansvar er i dag spreidd på svært mange sektordepartement, med ulike støtteordningar.
- Gi full momskompensasjon ved bygging, ombygging og oppgradering av organisasjonseigde hus og anlegg.

## Medium og ytringsfridom

Falske nyheiter og desinformasjon blir brukt medvite for å skape splitting blant folk. Då spelar sterke, uavhengige medium ei nøkkelrolle. Samtidig må vi i større grad motarbeide krefter som ønskjer å hindre eit godt offentleg ordskifte. Vi kan ikkje vere naive, men vere førebudde på å bruke sterke verkemiddel for å imøtegå destruktive aktørar.

Redaktørstyrte journalistiske massemedium er ein av dei viktigaste berebjelkane i eit demokratisk samfunn. Skal dei fungere godt, er dei avhengige av at befolkninga har tillit til den journalistikken som blir produsert. Falske nettstader og auka spreining av feil- og desinformasjon kan bli ei trygging utfordring og bidra til polarisering.

Mediestøtte til aviser er avgjerande for å sikre eit sterkt mediemangfald over heile landet. Mediestøtta må styrkjast og særleg innrettast mot innovasjon og rolla til media som forsvararar av demokratiet. Lokale medium er sentrale føresetnader for lokaldemokrati og identitetsberarar i lokalsamfunnet, og må særleg ivaretas i støtteordningar. Senterpartiet meiner det er fornuftig at mediepolitiske verkemiddel er plattformnøytrale og knytt til innhald og ikkje distribusjonsform.

Sosiale mediums rolle utfordrar ein opplyst samfunnsdebatt. Senterpartiet vil ha ei offentleg utgreiing som ser på korleis vi kan få eit betre offentleg ordskifte.

Senterpartiet vil sikre eit vedhaldande sterkt allmenningkastingstilbod med klare programforplikningar overfor breie og smale grupper, og med nærvær over heile landet. Distriktskontora i NRK spelar ei nøkkelrolle i det regionale medietilbodet og må styrkjast.

### **Senterpartiet vil:**

- Innføre eit plattformnøytralt momsfrtak for redaktørstyrte nyheitsmedium.
- Føre vidare modellen med ein kommersiell allmennkringkastar med hovudkontor og eigen nyheitsredaksjon utanfor Oslo, og legge til rette for å utvide den for å få fleire produksjonsmiljø og meir innhald frå heile landet.
- Sikre NRKs allmennkringkastingsoppdrag gjennom sterke distriktsredaksjoner med nærvær i alle fylke.
- Fornye og forsterke NRKs distriktsprogramråd sine mandat.
- Innføre redaksjonell mediestøtte for lokalradio, og likestille lokalradio med andre medium i offentlege tilskotsordningar.
- Forlengje dagens FM-konsesjonar for lokalradio, mellom anna av beredskapsomsyn.
- Sikre framleis distribusjon av papiraviser i heile landet.
- Opprette ei demokratistøtteordning for norske medium til mellom anna graveprosjekt, styrking av journalistikk, verifiseringsverktøy, kunnskapsformidling og tilgang til redaktørstyrte medium for barn og unge.
- Sikre at ansvarlege styresmakter har tydeleg mandat, kompetanse og kapasitet til å avdekkje og motverke forsøk på å spreie desinformasjon og svekkje nasjonal beredskap.

## **Kultur og idrett**

Kultur og idrett bind nasjonalstaten og lokalsamfunn saman. Derfor vil Senterpartiet styrke norsk kulturliv, og norsk breidde- og toppidrett.

Senterpartiet vil ta vare på den kulturelle identiteten og kulturarven vår. Samtidig har kunst og kulturelle uttrykk ein eigenverdi som må få gode vilkår for å utvikle seg fritt. Den nasjonale kulturpolitikken skal sikre gode vilkår for amatørar og aktørar innanfor det profesjonelle kunst- og kulturfeltet. Barn og unge skal ha tilgang på kunst og kultur. Senterpartiet vil styrke kommunane og fylkeskommunanes rolle i kulturpolitikken. Senterpartiet ønskjer å løfte den kulturelle grunnmuren vår – det lokale kulturlivet. Tilgang til utstyr og lokale for alle må prioriterast. Dei kommunale kulturskulane er viktige. Alle barn som ønskjer det, skal få tilbod om plass i kulturskulen til ein rimeleg pris. Senterpartiet ønskjer å styrke skulebiblioteka, og gi dei ei dedikert rolle i å utvikle leselyst.

Idretten står gjennom lokale idrettslag og uorganisert drift, for Noregs største fritidsaktivitet. Senterpartiet vil halde fram ein offensiv politikk for å gi idretten gode vilkår, for slik å gi kvar enkelt idretts glede på breidde- eller toppnivå. Noregs idrettsforbund og andre sentrale idrettsorganisasjonar skal sikrast gode rammer for å vidareutvikle idretten, basert på gode verdiar, og sikre rein idrett fri for doping og kunstige stimuli. Unge menneske skal givast gode verdiar, slik at dei tek gode val for idrettskarrieren sin og livet vidare.

Offentlege biblioteks rolle i samfunnet skal vidareutviklast som sosiale møtearenaer som kombinerer læring, formidling, leselyst og integrering. Senterpartiet ønskjer å styrke biblioteka som nav for frivilligheit og kulturformidling. Gratis lån av utstyr via ordningar som BUA og Skattekista, og tilgang til gamingutstyr og ulike aktivitetstilbod via

fritidsklubbane, har vorte stadig viktigare for å hindre utanforskap blant barn og unge i dyrtida. Senterpartiet meiner derfor at desse tilboda må satsast på framover.

Noreg har eit sterkt film-, medie- og medietilknytt produksjonsmiljø. Senterpartiet vil styrke innsatsen for å utvikle norsk film- og medieproduksjon til å ta større delar av marknaden og å få fleire filminnspelningar til Noreg.

### **Senterpartiet vil:**

- Halde fram satsinga på regional og lokal kultur i heile landet, herunder den frivillige kulturen. Dei regionale kulturfonda må trappast opp ytterlegare.
- Overføre fleire av Kulturdirektoratets oppgåver til fylkeskommunane.
- Sørgje for at det er mogleg å oppleve og utøve profesjonell kunst og kultur over heile landet, ved å støtte opp om distriktsinstitusjoner og -orkestra, kunstsentera og dei regionale kulturhusa, og dessutan styrke kunstnarstipenda og kunstnaralliansar, og ordningar som den kulturelle skulesekken og den kulturelle spaserstokken.
- Satse meir på kultur- og kreative næringar og leggje til rette for fleire kulturarbeidsplassar, under dette opprette fleire kulturnæringshagar i distrikta.
- Løfte norsk film- og medieproduksjon og få fleire produksjonar til Noreg ved å auke filmfondet, styrke den regionale filmsatsinga og regelstyre filminsentivordninga.
- Satse offensivt på leselyst hos barn og unge gjennom skule- og folkebiblioteka.
- Forsterke dei litteraturpolitiske verkemidla, slik som innkjøpsordningane, stipendordningane og fastprisordningane.
- Opprette ei eiga støtteordning som blir målretta mot inkludering av barn og unge i idrett og kultur.
- Slå ring om einerettsmodellen for å verne sårbare grupper mot å bli speleavhengige og gi mest mogleg tilbake til norsk frivillighet, idrett og kultur.
- Innføre ei statleg mellomfinansieringsordning for spelemidlane for å gi idretten større føreseielegheit ved anleggsbygging.
- Sikre tilpassing av regelverk og nødvendig statleg finansiering som gjer at anlegg drive i regi av Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges idrettsforbund og Det frivillige skyttervesen blir vidareført.
- Sikre finansiering av eit nytt nasjonalt toppidrettssenter og styrke finansieringa av Olympiatoppen.
- Auke støtta til idrettskretsane.
- Auke støtta til breiddeidretten, korps og andre kulturelle fritidsaktivitetar i Noreg.
- Jobbe aktivt for å fjerne familieøkonomi som barriere for å delta i idrett og fritidsaktivitetar.
- Gi fritidsklubbane og liknande aktivitetstilbod meir ressursar til å halde fram arbeidet sitt mot utanforskap.
- Auke løyvingane til utstyrssentralar som BUA for å sikre at ordninga når ut til flest mogleg med eit breitt utval av tilpassa, trygt og funksjonelt utstyr.
- Støtte opp under e-sport og spel som ein kulturarena som kan inkludere alle.
- Halde fast på målsetjinga om å løyve ein prosent av statsbudsjettet til kultur.
- Auke løyvinga til den desentraliserte ordninga til kulturbygg over spelemidlar til kulturformål.

## Livssyn og kyrkje

Senterpartiet vil ha ein aktiv og støttande politikk for trus- og livssynssamfunna i Noreg. Noreg har i dag eit mangfald av trus- og livssynssamfunn, samtidig som Den norske kyrkja er den norske folkekyrkja som skal vere til stades i heile landet. Det er viktig å sikre ei likebehandling av ulike trus- og livssynssamfunn; samtidig som ein klarer å støtte opp om Den norske kyrkjas spesielle ansvar som folkekyrkje.

Den norske kyrkja og andre trus- og livssynssamfunn er godt organiserte fellesskapar som kan bidra fleksibelt i kriser, og den norske kyrkja har eit særleg beredskapsansvar. Trus- og livssynssamfunna bidreg mykje til fellesskapen ved å drive sosialt arbeid, vere viktige fellesskapar og ha trygge aktivitetar for barn og unge. Dei kan også vere ein førebyggingsarena mot ekstremisme.

Mangfaldet av trusretningar og livssyn i befolkninga må reflekterast i politisk, økonomisk, juridisk og institusjonell likebehandling av trus- og livssynssamfunn. Samtidig meiner Senterpartiet at storsamfunnet må stille tydelege krav til demokrati og menneskerettar som ein føresetnad for å få offentleg støtte.

Kristendommen er nært samanvoven med kulturarven og tradisjonane vår. Senterpartiet meiner det er viktig at skuleverket legg til rette for at alle som bur i Noreg blir kjent med denne kulturen. Den norske kyrkja er også ein viktig kultur- og tradisjonsberar med dei 1600 kyrkjene sine. Mange av kyrkjebyggja våre er kulturhistorisk verdifulle bygg, som må takast vare på. Gjennom deling av Opplysningsvesenets fond og oppretting av eit kyrkjebevaringsfond er det no ei moglegheit til å realisere store statlege midlar til kyrkjebevaring, som kjem i tillegg til ansvaret til kommunane for finansiering av kyrkjebygg. Senterpartiet har som mål at mellomalderkyrkjer skal få normal vedlikehaldsstandard innan Nasjonaljubileet 2030. Senterpartiet vil støtte opp under Nasjonaljubileet 2030 med finansiering av årlege tiltak.

### **Senterpartiet vil:**

- Sikre Den norske kyrkja som folkekyrkje gjennom føreseielege økonomiske rammevilkår som ivaretar lokalt nærvær over heile landet.
- Framleis ha ein aktiv politikk for å støtte opp under trus- og livssynssamfunn, også økonomisk.
- Arbeid for eit livssynsoppe samfunn der vi har toleranse for kvarandre sine tru- og livssyn og der alle kan praktisere trua si og livssyn på ein trygg måte.
- Føre vidare tilgangen til å halde skulegudstenester. Deltaking må vere frivillig.
- Halde fram eit nasjonalt løft for kyrkjebygg gjennom tilskotsordninga til kulturhistorisk verdifulle kyrkjebygg, og sikre kyrkjebevaringsfondet som eit evigvarande fond for framtidige generasjonar.
- Sikre at offentleg støtte til trus- og livssynssamfunn skal brukast i Noreg og i samsvar med norsk lov.
- Innføre restriksjonar når det gjeld finansiering av trussamfunn frå utlandet.
- Styrke rettleiinga av trussamfunna knytte til demokrati, likestilling og anna regelverk, og sikre betre dialog mellom trus- og livssynssamfunna og styresmaktene.

- Stille krav til personar som kjem til Noreg for å praktisere som religiøse leiarar. Dei skal ha eller skaffe seg kunnskap om sentrale verdiar i det norske samfunnet og den religiøse rådgivingsrolla.
- Føre vidare dagens delte finansiering av Den norske kyrkja, for å bevare kommunane sitt ansvar lokalt.
- Legge til rette for at kyrkjelege val kan haldast samtidig med offentlege val og like ved dei ordinære vallokala.
- Gå gjennom gravferdslova for å gjere det enklare for pårørande som ønskjer oskespreiing som gravferdsform og setje i gang eit arbeid for å sikre krematoriekapasiteten i framtida i offentleg regi.

## Kulturarv

Senterpartiet meiner kulturarven best blir ivaretatt gjennom rett bruk, og aktiv forvaltning og formidling. Derfor skal samfunnet samla sett ha ansvar for å ta vare på den felles kulturarven, både den materielle og immaterielle. Handverkstradisjonar, folkemusikk, folketru, forteljartradisjon og folkedans frå historia vår må ikkje gå tapt. Noreg skal ta ansvar for sin del av verdsarven. Kulturarven til samane er eit viktig ansvarsområde for Noreg og nabolanda våre i nord. Kulturarven til dei nasjonale minoritetane må også forvaltast og formidlast på ein god måte.

### **Senterpartiet vil:**

- Støtte opp om det frivillige kulturvernet og dei private eigarane av kulturminne som er rygggraden i det norske vernearbeidet. Det er særleg viktig å legge til rette for ei satsing på det frivillige ved lokalmusea våre.
- Styrke løyvingane til kulturvernet slik at nasjonale målsetjingar om vedlikehald og restaurering kan nåast. Det er særleg viktig å satse på nasjonale teknisk-industrielle kulturminne og norske verdsarvstader. Noreg må arbeide for at den eineståande kulturarven vår frå vikingtida blir ein del av Verdsarvlista.
- Lansere ein opptrappingsplan for løyvingane til Kulturminnefondet, med mål om at fondet innan 2030 får 300 mill. kr til utdeling kvart år.
- Auke støtta til kulturvernsorganisasjonane.
- Sikre at den modellen som er etablert med Kirkebevaringsfondet, garanterer at staten kvart år fram til 2050 løyver 500 mill. kr til kyrkjevedlikehald.
- Sikre at 1000-årsmarkeringa av slaget på Stiklestad i 2030 blir ei viktig nasjonal storhending, og støtte opp om den jobben som Stiklestad nasjonale kultursenter og Den norske kyrkja gjer for 2030-jubiléet.
- Sikre at Kirkebevaringsfondet blir eit evigvarande fond til beste for kyrkjeleg kulturminnevern etter 2050. Fondet skal ivaretas på ein måte som sikrar at fondskapitalen ikkje ringast.
- Følgje opp Bååstede (tilbakeføringsprosjektet for samisk museumsmateriale) mellom anna ved magasin- og utstillingslokale ved samiske museum.
- Arbeid for skatte- og avgiftslettar for private eigarar av freda og bevaringsregulerte eigedommar.
- Endre eigedomsskattelova slik at private eigarar av freda og verneregulerte bygningar er garanterte fritak for eigedomsskatt.

- At vedlikehald på freda bygningar i privat eige skal kunne utgiftsførast.
- Arbeide for at eigarar av freda bygningar på ein rimeleg måte skal inngå i sjølvassurandørordninga i staten, slik at staten på denne måten lettar utgiftene for dei private eigarane.
- At staten fullt ut ber kostnaden når utvidingar, nydyrking og nybygg på alminnelege gardsbruk krev utgravingar.
- Etablere minst eitt bygningsvernsenter i kvart fylke for kursing av huseigarar og opplæring av handverkarar.
- Sikre musea økonomiske rammer som moglegger vidareutvikling av utstillingar, formidling og utviklingstiltak, samt nødvendige ressursar til vedlikehald av bygningar.
- Styrke kulturminne- og museumsarbeidet for samisk kultur og nasjonale minoritetar.
- Styrke kystkultur og fartøyvern fagleg og økonomisk gjennom langsiktige og føreseielege rammar.
- Styrke støtta til institusjonar, organisasjonar og festivalar som arbeider for å fremje og bevare folkemusikk og -dans, folkekunst, og dessutan norske mat- og drikke tradisjonar, og støtte kulturskular som fremjar og bevarer lokal immateriell kulturarv.
- Satse på kulturminne og kulturmiljø i samanheng med friluftsliv.
- Greie ut korleis musea kan samarbeide med lokale aktørar om korleis tilbakeføring og utlån av viktige kulturgjenstandar kan bidra til at desse blir knytte nærare til lokalmiljøet dei har komme frå.
- Styrke nordisk samarbeid om utlån, formidling og tilbakeføring av kulturgjenstandar.
- Samle ansvaret for kulturarvspolitikken i Kulturdepartementet, og styrke fylkeskommunanes og Sametingets rolle i kulturminnevernet.

## Næring og industri: Verdiskaping i heile Noreg

Rike naturressursar legg grunnlaget for stor norsk verdiskaping til havs og på land. Nasjonal kontroll over naturressursane er ein norsk suksessformel, som sikrar ei god forvaltning og fordeling av verdiane, samt gevinstar til lokalsamfunn over heile landet. Det er eit offentleg ansvar å sikra nasjonalt eigarskap til naturressursar, kritisk infrastruktur og selskap som er viktige for norsk tryggleik.

Næringslivet skaper arbeidsplassar og verdier i heile Noreg. Senterpartiet vil føre ein aktiv næringspolitikk som legg til rette for eit livskraftig og mangfaldig næringsliv med små og store selskap over heile Noreg, og som stimulerer til å vidareutvikle eksisterande næringar og å skape nye næringar i overgangen til ein sirkulær økonomi. Næringspolitikken må virke i lag med klima-, natur- og miljøpolitikken.

Senterpartiet vil ha lange norske verdikjeder frå råvare til produkt. Slik sikrar vi størst mogleg verdiskaping av ressursane våre. Senterpartiet meiner det er viktig å satsa innanfor dei næringane der vi har fortrinn og der vi har etablerte næringsklynger. Dei viktige eksportnæringane våre skal bli støtta, samstundes som vi stimulerer til ny eksport frå nye produkt og bransjar.

Privat eigarskap og privat initiativ er avgjerande for verdiskapinga i Noreg. Dei små og mellomstore bedriftene utgjer ein stor del av det totale norske næringslivet, og er dominerande i tal verksemdar. Dei store verksemdene er viktige arbeidsplassar og verdiskaparar i samfunnet.

Senterpartiet ynskjer norsk eigarskap i det private næringslivet fordi dette sikrar verdiskaping, kompetanse, arbeidsplassar og framtidige investeringar i Noreg. Næringslivet treng gode og føreseielege rammevilkår. Senterpartiet vil stimulere til større investeringar i små og mellomstore bedrifter, som ofte har lokale eigarar. Difor vil Senterpartiet mellom anna redusere formuesskatten for eigarar av små og mellomstore bedrifter, samstundes som at personar med store formuar må bidra til velferdsstaten etter evne. Dette stimulerer til geografisk spreiding av kapitalmakt.

Noreg er, og skal vere, attraktivt for utanlandske selskap å investere og etablere seg i, og norsk eigarskap skal vere fordelaktig. Det styrkar norsk næringsliv sin tilgang på risikokapital og dermed innovasjonskrafta til norsk økonomi.

Vi vil behalde statleg eigarskap til dei store børsnoterte norske selskapa. Dette sikrar hovudkontor og forskings- og utviklingsaktivitet i Noreg. Om det er nødvendig vil Senterpartiet gå inn for at staten kan kjøpe eigardelar, mellombels eller permanent, i selskap som er viktige for nasjonal kontroll og tryggleik.

Senterpartiet vil etablere ordningar som hindrar at bedrifter og areal blir kjøpt opp av maktar som kan ha som intensjon å destabilisere Noreg eller våre allierte.

Investeringsrekord og rekordlåg arbeidsløyse har utløyst eit stort behov for meir arbeidskraft i norsk næringsliv. Samstundes står ein av fem personar i arbeidsdyktig alder heilt eller delvis utanfor arbeidslivet. Senterpartiet vil ha eit krafttak for å gje fleire dei verktyøya og kompetansen dei treng for å fylle næringslivet sine behov.

Meir middel til næringsfond i kommunane er ei effektiv og målretta satsing på lokalt næringsliv. Kommunane må også vere effektive areal- og planmynde som legg til rette for næringslivet. Senterpartiet vil gje verktyø til kommunar og næringsliv for å gjenbruka mest mogleg areal for å sikre berekraftig arealbruk.

Fylkeskommunen er viktig for å spisse regionale fortrinn, og for regional mobilisering. Senterpartiet vil styrke denne regionalpolitiske utviklingsrolla gjennom å satse på regionale utviklingsprogram, der fylkeskommunen samarbeider med aktørar som SIVA og Innovasjon Norge. Frikommuneordninga er ei gunstig ordning for å utvikle lokale fortrinn og skape dynamiske næringsmiljø. Ho må utviklast vidare.

Senterpartiet vil halde fram arbeidet med avbyråkratisering og forenkling. Moglegheitene knytt til digitalisering må nyttast maksimalt for å forenkle kvardagen til bedriftene. Det offentlege må avgrensa kontroll og rapporteringsrutinar til eit minimum. Dette er særleg viktig for sjølvstendig næringsdrivande. Dei tar stor personleg risiko og bidreg til norsk økonomi. Senterpartiet vil styrke satsinga på sjølvstendig næringsdrivande.

Senterpartiet vil ha sterke norske finansinstitusjonar, og vil arbeide for at desse har gode rammevilkår i konkurransen med utanlandske finansselskap. Senterpartiet ynskjer aktive politiske grep som bidrar til å bygge opp sterke kapitalforvaltingsmiljø, og utanfor Oslo. Næringslivet treng finansinstitusjonar som tek ansvarleg risiko for å utvikle norsk næringsliv. Dei lokale sparebankane er særskilt viktige for å sikre tilgjengeleg kapital og investeringar i heile Noreg.

Varehandelen skapar verdiar og sysselset personar over heile landet. Næringa gjev effektive karrierevegar, kompetanseutvikling og leiarerfaring, ofte som eit alternativ til lang og formell utdanning. Senterpartiet meiner konkurransevilkåra i varehandelen må vera slik at vi kan ha både fysiske butikkar og netthandel. Vi vil hindra at utanlandsk netthandel får konkurransefortrinn gjennom skatte- og avgiftssystemet. Senterpartiet vil avgrense grensehandelen for å sikre norske arbeidsplassar og verdiskaping.

#### **Senterpartiet vil:**

- Legge fram ei stortingsmelding om korleis Noreg kan sikra nasjonalt eigarskap til strategisk viktige bedrifter og teknologiar.
- Effektivisera offentleg sektor og redusera byråkratiet særleg for næringslivet.
- Forenkle systemet for skattlegging av enkeltpersonføretak.
- Forenkle skattefunnordninga slik at den er betre tilpassa bruk og av enkeltpersonføretak, slik at ho blir reelt nøytral når det gjeld selskapsform.
- Jobbe for ordningar som bidreg til å sikra inntekta til sjølvstendig næringsdrivande under svangerskaps-, fødsels- og foreldrepermisjon.

- Styrka ordningane som støttar gründerar i den kritiske etableringsfasen, særleg auka tidlegfasemidlar.
- Redusere formuesskatten for eigarar av små og mellomstore bedrifter, mellom anna gjennom auka botnfrådrag og verdsetjingsrabattar.
- Styrka samarbeidet mellom næringsliv og utdanningssektoren om grunn-, etter- og vidareutdanning for å sikre relevant arbeidskraft.
- Bruke trepartssamarbeid for å sikre at flest mogleg som står utanfor arbeidslivet får jobb.
- Ikkje utvida ordninga med søndagsopne butikkar.
- Styrke Merkurprogrammet som sikrar butikkar på små stadar.
- Innføra ei norsk aktsemdslov for næringslivet.
- Gje handverksbedrifter som produserer alkoholhaldig drikke høve til å merka produkt med anerkjende utmerkingar.
- Styrke bedriftsintern opplæring som eit alternativ til permitteringar.
- Styrke SIVA for å bygge opp under berekraftig industriell verdiskaping og produksjon i heile Noreg.

## Industri og energi

Industribedriftene er flaggskip for Noreg. Dei er i alle delar av landet og dannar ryggrada i mange lokalsamfunn. Senterpartiet vil legge til rette for at eksisterande industri utviklar seg, og at vi får nye industrietableringar over heile Noreg.

Eit stabilt demokrati, kombinert med ny teknologi og automatisering, gjev moglegheiter for å hente heim produksjon til Noreg. Dette gjev moglegheit for auka produktivitet, høgare verdiskaping og auka eksportinntekter. Industriproduksjon basert på rein norsk kraft og med verdsleiande miljøteknologi bidreg til å få ned klimagassutsleppa.

Næringsmiddelindustrien er ein av våre største og mest komplette verdikjeder. Ei storstilt satsing på robotisering og ny sensorteknologi gjer det mogleg å effektivisere bransjen. For Senterpartiet er det eit mål at moderne produksjonsteknologi skal gje arbeidsplassar over heile landet.

### **Senterpartiet vil:**

- Sikre at Investinor AS og andre statlege investeringsfond skal kunne investere direkte i bedrifter og verksemder og kunne ha ein langsiktig strategi for slike investeringar.
- Gje skatteinsentiv til investeringar i produksjonsmaterieell for industrien.
- Ved offentlege anbud, stilla langsiktige og føreseielege krav til mellom anna beredskap, redusert CO<sub>2</sub>-avtrykk og levetidskostnad på innkjøp, som legg til rette for konkurransedyktige norske industribedrifter.
- Bruke staten sine innkjøp til å utvikla og styrka gjenkjøp i norsk forsvarsindustri.
- Justere Enova sitt mandat for å legge betre til rette for reduserte utslepp og auka produksjon basert på kjende teknologiar.
- Effektivisere statlege saksbehandlings- og reguleringsprosessar for å legge betre til rette for industriutvikling.

- Styrke arbeidet med robotisering og automatisering på tvers av ulike industrier. Arbeide målretta for at bedrifter på tvers av ulike industrier finn det interessant å flytte verksemd til Noreg.
- Auke støtta til etterutdanning, kompetanseheving og innovasjonsprosjekt.

## Skogbruk

Senterpartiet vil auke verdiskapinga frå norsk skog- og treindustri. For å få til dette vil vi auke avverkninga i norske skogar, auke delen tømmer som blir foredla i Noreg og utnytte restråstoff betre. Industrien har god kompetanse innan avanserte biokjemiske produkt og moglegheiter for auka verdiskaping gjennom samspel med andre norske industrier, som metallurgisk industri. Senterpartiet vil støtte opp om den norske verdikjeda, stimulere til bruk av tre i bygg og styrke finansieringa av industriprosessar som nyttar tømmer.

Skogen er ein viktig del av løysinga i klimapolitikken. Den er også ein viktig del av det grønne skiftet for å produsere fornybare innsatsfaktorar av grønt karbon. Vi haustar i dag av tidlegare tiders kloke skogpolitikk med skogreising og satsing på skog. Ein meir aktiv skogkultur med planting og ungskogpleie vil korte ned omløpstida og auke kvaliteten og produksjonen med større del sagtømmer. Dette sikrar framtidig karbonopptak, auka produksjon og fornybare ressursar som kan erstatte fossile innsatsfaktorar. Vern av skog kan vere nødvendig for å ta vare på livsmiljø for truga artar. Då må strengt vitenskapleg dokumenterte behov liggje til grunn, for verna skog gjev ingen fornybare råstoff til det grønne skiftet.

Gode skogareal blir bygd ned utan at dette blir erstatta med nye areal, og mange areal er for lite nytta til karbonopptak og produksjon. Vi må vere meir restriktive med nedbygging av gode produksjonsområde for tømmer. På same tid må vi bygge opp nye skogproduksjonsområde der det ligg til rette for det, og det ikkje er i konflikt med økologiske verdiar. Eit endra klima med villare vêr svekkar immunforsvaret i trea og gjev nye skadegjerarar i skogen, og det er naudsynt med forskning og utvikling for å sikre skogproduksjon i framtida.

### **Senterpartiet vil:**

- Auke tilskot til planting og ungskogpleie og andre skogkulturtiltak for å sikre ein robust framtidsskog med auka CO<sub>2</sub>-opptak og sikre framtidig tømmerproduksjon.
- Etablere eit program for godt klimaskogbruk i samarbeid mellom skognæringa, berørte utmarksnæringar og staten, der målet er å få opp nye produksjonsareal og å auke kvaliteten på eksisterande skogareal.
- Gjeninnføre tilskotet for uttak av hogstavfall som stimulans til produksjon av biobrensel.
- Auke beviljingane til taubanedrift og bygging av skogsvegar for traktor og bil.
- Prioritere norsk tre i alle offentlege byggeprosjekt der det er mogleg, ved nybygg og renovering.
- Auke forskingsinnsatsen for sortsutvikling for å sikre skogproduksjon i eit endra klima og med nye skadedyr og sjukdomar.

- Utvide Bionova sitt mandat til å ha ansvar for utvikling av verdiskaping knytt til karbonfangst i skog.
- Få meir trehandsamande industri i Noreg gjennom støtteordningar, og å prioritere forskning, innovasjon og utvikling av foredla, fornybare produkt.

## Maritime næringar

Noreg er ein havnasjon med stolte tradisjonar som skal førast vidare. Vi skal satsa vidare som leiande innan grøn skipsfart.

Vi har ei verdisleiande maritim klynge med hjørnesteinsbedrifter. Dei spelar ei viktig rolle i overgangen til det grønne skiftet og for Noreg som sjøfartsnasjon. For å vidareutvikla den maritime næringa og få meir innanlands transport frå veg til sjø, vil Senterpartiet ha ei satsing på fornying av nærskipfarten. Dette vil styrke verfts- og leverandørindustrien, gje lågare klimautslepp og stimulere til teknologiutvikling og eksport.

Norske sjøfolk er ein føresetnad for vidare utvikling av maritim næring i Noreg. Senterpartiet meiner sjøfolk skal vere sikra norske løns- og arbeidsvilkår for arbeidet sitt til sjøs i norske farvatn og på norsk sokkel. Senterpartiet skal vere garantisten for tilskotsordninga for sjøfolk (nettolønsordninga) som sikrar norske sjøfolk si konkurransekraft, og fremjar rekruttering til den maritime klynga. Senterpartiet vil også sikre og trygge arbeidskvardagen til sjøfolka gjennom eit maritimt tilpassa lovverk i skipsarbeidsloven. Dette lovverket, som er «arbeidsmiljølova» på sjøen, må til ei kvar tid vere oppdatert sett opp mot arbeidsmiljølova på land.

### **Senterpartiet vil:**

- Fjerne makstaket i tilskotsordninga for sjøfolk (nettolønsordninga) og gjere ho gjeldande for alle sjøfolk om bord i alle fartøysegment som ei varig ordning. Innhaldet i ordninga bør også i større grad bli lovfesta for å sikre betre føreseielegheit.
- Styrke ordningar for kondemnering og ombygging av mellom anna offshorefartøy til lågutsleppsartøy.
- Fjerne CO<sub>2</sub>-avgifta på LNG for gods- og passasjertransport i innanriks sjøfart.
- Føre ein aktiv verftspolitik som sikrar at ein større del av nybygg og vedlikehald blir gjort i Noreg.
- Sikra at mest mogleg av dei store investeringane i Sjøforsvaret skal tilfalla norske aktørar.
- Utvikle forskuddgarantien til norske skipsverft gjennom Eksportfinansiering Norge (Eksfin).
- Ta internasjonalt leiarskap innan grøn skipsfart.

## Reiseliv

Reiselivsnæringa er ein viktig sysselsettar og verdiskapar i store delar av Noreg. Reiseliv som kombinerer reiser, opplevingar og mat er i vekst. Dette gjev moglegheiter innanfor dei næringane som har grunnlaget sitt i forvaltning av naturressursar, og som lykkast med utvikling av samarbeid med lokale produsentar.

På same tid gjev satsing på kultur i reiselivet moglegheita til å vise fram historia og tradisjonane våre, og Noreg slik det er i dag. Senterpartiet vil stimulere til meir heilårleg turisme, fleire heilårlege arbeidsplassar og større lønsemd i reiselivsnæringa, for slik å bidra til større lokal verdiskaping.

Stadig fleire reisande etterspør meir berekraftige destinasjonar. Merkeordningar som «Berekraftig reisemål» vil difor blir viktigare for å kunne trekke til seg turistar. Ordningane må reelt bidra til meir berekraft, og omfanget av rapportering må vere edrueleg, reduserast og forenklast.

Utviklinga av reiselivsnæringa skal vere berekraftig og ta omsyn til miljø og lokalsamfunn. Det er viktig at næringa spelar på lag med grunneigarar og rettighetshavere i produktutvikling og tenesteproduksjon, slik at alle i lokalsamfunna får nytte av og bidrar positivt til å styrke reiselivsnæringa.

### **Senterpartiet vil:**

- Utvikle gode ordningar for besøksbidrag i reiselivsnæringa.
- Ikkje auke momsens for reiseliv, persontransport og kultur.
- Sikra at beredskap og tenester som er viktige for liv og helse blir dimensjonert etter tal besøkande på destinasjonar.
- Forenkla reglar og ha større grad av samordning av statlege tilsyn ved kontroll hos bedrifter.
- At reiselivsnæringa og offentlege aktørar saman må skape nye og vidareutvikle eksisterande opplevingar, i dialog med grunneigarar og lokalsamfunna .
- Styrke samarbeidet mellom reiselivsaktørar, kulturliv og matprodusentar gjennom felles marknadsføring og samarbeid om utvikling av reiselivsprodukt.
- Bidra til auka internasjonal marknadsføring av norsk reiseliv, med vekt på destinasjonanes besøksstrategi.
- Legge til rette for berekraftig opplevingsturisme og naturbasert turisme i tilknytning til nasjonalparkane.
- Styrke og sikre finansiering av regionalparkar som samarbeidsmodell for distriktsutvikling og verdiskaping med utgangspunkt i lokale natur- og kulturverdiar.
- Styrke norsk matkultur i reiselivsnæringa.
- Sikre finansiering av UNESCO biosfære- og geoparkar.

## **Mineralnæringa**

Noreg har lange tradisjonar innan mineralnæringa. Det er ei næring som blir stadig viktigare i utviklinga av ny teknologi og i det grøne skiftet. Den vestlege verda er i dag i stor grad avhengig av mineralforekomstar frå andre delar av verda, og frå autoritære regime. Dette er ei stor sårbarheit.

Tilgang på mineralressursar gjev Noreg store moglegheiter for verdiskaping og for å bidra til geopolitisk tryggleik. Senterpartiet er positive til at havbunnsmineralene på norsk sokkel blir kartlagt av private og offentlege styresmakter. Utvinning i framtida forutset at

verksemda kan drivast i tråd med strenge miljøkrav og at det sikrast at fiskerinæringa blir ivaretatt.

Ei oppdatert kartlegging av mineralressursane i Noreg, kombinert med krav og eit føreseielege rammeverk, kan legge grunnlaget for ei berekraftig og lønsam mineralnæring i vekst. På same tid må arbeidet med gjenvinning av minerala styrkast, slik at primæruttaka ikkje blir større enn nødvendig. Rammeverket for næringa må utformast slik at ein større del av verdiskapinga frå mineralverksemd kjem dei aktuelle lokalsamfunna til gode. Regelverk og myndebehandling i mineralutvinningsaker må samhandlast betre.

Kommunane skal vera planmynde, medan løyve etter andre sektorlover bør samordnast av statsforvaltaren. Målet må vere at tiltakshavarar møter koordinerte styresmakter. Det bør utviklast miljøstandardar for deponi i land og sjø. Forskingsinnsatsen knytt til deponi må styrkast.

### **Senterpartiet vil:**

- At Noreg legg til rette for utvinning av strategiske mineralar for å bidra til europeiske land si sjølvstende, utvikle heile nasjonale verdikjedar og sikre nasjonalt eigarskap til desse.
- Sikre nasjonalt eigarskap til mineralressursane, og sørge for at ein del av overskotet kjem fellesskapet til gode.
- Opprette eit statleg mineralselskap.
- Etablere ein strategi for nasjonal vidareforedling av minerala.
- Utreie ei kommunal utvinningsavgift for å gje kommunane ein del av verdiskapinga ved mineralutvinning og ved utvinning av sjeldne jordartar.
- Ha berekraftig mineralutvinning som tek omsyn til fiskeri, havbruk, beitenæringar og sårbare naturressursar.
- Stilla strenge krav til avfallshandtering og kjemikaliebruk og støtte forskning på effektiv og berekraftig gruvedrift.
- Styrke den grunnleggende geologiske kartlegginga i regi av Noregs geologiske undersøking (NGU).
- Etablere støtteordningar for undersøkingar av potensielt lønsame mineralressursar.

## **Olje og gass**

Dei rike olje- og gassførekomstane på norsk kontinentalsokkel har gjennom 50 år skapt grunnlaget for Noreg si største eksportnæring, og gitt landet vårt unik økonomisk handlefridom. Samstundes er klimagassutslepp frå næringa med på å forsterka den globale oppvarminga, og verda må omstille seg til fornybare energikjelder som over tid kjem til å redusere etterspurnaden etter fossilt råstoff.

Krigen i Ukraina har forsterka Noreg si sentrale rolle som gass- og oljeleverandør til Europa. Norsk olje og gass er avgjerande for tryggleiken og velferda til europeiske borgarar. Utan norsk olje og gass ville det europeiske samfunnet ha stått ovafor ei energikrise, og det ville gjort det enklare for Russland å nå sine mål for invasjonen av

Ukraina. Norsk petroleumssektor spelar difor ei sentral geopolitisk rolle og bidreg til Europa sin stabilitet.

Senterpartiet ynskjer å utvikle, ikkje avvike norsk petroleumssektor. Det skal framleis lysast ut nye areal gjennom dei årlege TFO-rundane og nummererte konsesjonsrundar.

Det er viktig for Senterpartiet at petroleumsnæringa tar sin del av Noreg sine klimaforpliktingar. Næringa har i dag kvoteplikt gjennom kvotesystemet, og betalar CO<sub>2</sub>-avgift.

Verda vil også i framtida trenge nokre produkt av petroleum, og Senterpartiet vil legge til rette for at produksjonen av petroleum på norsk sektor blir verdas reinaste. Senterpartiet ynskjer ein petroleumspolitikk som legg vekt på langsiktig forvaltning, næringsutvikling, inntekter til fellesskapet og miljø og klima.

I framtida vil verda etterspørje mindre fossil energi. Noreg må omstille seg, og det må skje på ein føreseieleg måte som sikrar stabil økonomisk utvikling, tryggleik for arbeidstakarar og stabil energitryggleik. Senterpartiet vil at teknologien, verdikjedene og kunnskapen frå petroleumsnæringa skal vere grunnlaget for framtida sine arbeidsplassar i fornybare næringar.

Det er avgjerande at omstillinga skjer på ein slik måte at kraft, ekspertise og teknologi opparbeidd i leverandørindustrien blir overført til prosjekt innanfor fornybar industri og annan industri. Store kapitalinvesteringar må gjerast i fornybare næringar. Slik kan kompetanse og kapital kanalisert til fornybare næringar basert på norsk eigarskap og norske ressursar, på same tid som norsk petroleumsnæring blir verdas reinaste og har føreseielege rammevilkår. Senterpartiet meiner det bør søkast eit breitt politisk forlik som sikrar føreseielegheit og nødvendige omstillingar på norsk sokkel.

Petroleumspolitikken må utformast slik at han i størst mogleg grad stimulerer til lokal verdiskaping og gjev positive ringverknader i området der aktiviteten er. Det er også viktig at olje- og gasspolitikken bidreg til industriell utvikling på miljøteknologifeltet, der norsk oljeindustri skal vere verdslende.

Senterpartiet vil ha olje- og gassutvinning som ikkje går på kostnad av fiskeri og havbruk og sårbare naturressursar. I områda der det blir drive petroleumsverksemd, leggast sameksistens til grunn for forvaltninga. I område som er særleg verdifulle for fiskerinæringa, som ligg nært land eller har stor risiko for ulykker, skal det ikkje vere petroleumsverksemd.

Gjennom det statlege eigarskapet i Equinor, det statlege selskapet Petoro og gjennom skatte- og avgiftspolitikken skal det sikrast at verdiane kjem fellesskapet til gode.

**Senterpartiet vil:**

- Styre tildeling av nye areal til petroleumsutvinning slik at omsynet til miljø, klima og berekraftige næringar veg tungt.
- Sikre Noreg som stabil gassleverandør til Europa.
- Arbeide for auka utnyttingsgrad av allereie opna oljefelt.
- Styrke oljevernberedskapen langs kysten.
- Gå imot å bruke kraft frå land for å dekke kraftbehov ved elektrifisering av olje- og gassinstallasjonar framover. Der kor olje- og gassinstallasjonar elektrifiserast, skal det krevjast bruk av energi produsert på sokkelen og at det sendast minst like mykje straum tilbake til land som det hentast ut frå land i det enkelte prosjekt. Alternativet til elektrifisering er fangst og lagring av CO<sub>2</sub> på sokkelen.
- Ikkje opne for olje- og gassverksemd på Mørebløkkene, i Lofoten, Vesterålen, eller utanfor Senja (Nordland 6, Nordland 7 og Troms 2) eller i nærleiken av iskantsona i Arktis.
- Sikre framleis statleg aksjemajoritet i Equinor og Petoro.

## Økonomi og skatt: Verdiskaping og fordeling

Senterpartiets økonomiske politikk byggjer på forvaltartankegangen. Forpliktinga vår er å overlevere samfunnet i betre stand til neste generasjon. Den økonomiske politikken er ein sentral reiskap for å oppnå dette. Derfor vil vi halde fram med å stimulere til å skape verdiar i næringslivet og lokalsamfunn, og å kombinere dette med fornuftige velferdsgode, som sikrar stabilitet i samfunnet.

Den offentlege pengebruken skal vere nøktern og ansvarleg, samtidig som vi skal løyse dei viktigaste fellesoppgåvene. Senterpartiet vil sikre langsiktig økonomisk stabilitet og bruke den finansielle styrken til staten til å drive aktiv motkonjunkturpolitikk. Slik vil vi sikre folk jobb og velferd også i krevjande tider.

Små forskjellar, sosialt og geografisk, har historisk sett gitt høg tillit til den norske modellen. Senterpartiets mål er sosial og geografisk jamlikskap. Senterpartiet vil redusere forskjellane i det norske samfunnet.

Noreg skal vere eit godt land å drive næringsverksemd i. Mykje av grunnlaget for velferda i samfunnet er ein sterk og lønnsam privat sektor. Norsk økonomi heng også sterkt saman med eksportnæringane. Senterpartiet vil ha ein økonomi- og skattepolitikk som fremjar privat sektor. Ein omfordelende skatte- og avgiftspolitikk, gode offentlege tenester, infrastruktur, satsing på teknologi, omstillingsevne og kunnskap er nødvendig for å sikre vekst og utvikling over heile Noreg. Vi ønskjer meir norsk og lokalt eigarskap av bedrifter.

Eigen valuta og pengepolitikk under nasjonal kontroll er avgjerande for å kunne gjere tilpassingar til svingingar i norsk økonomi. Senterpartiet er den sterkaste garantisten for den norske krona og ein sjølvstendig sentralbank.

Ein av hovudoppgåvene til folkestyret er å sikre at alle får høve til å forsørgje seg sjølv og sine næraste gjennom arbeid. Det å ha eit arbeid å gå til sikrar meining, sjølvrespekt, fridom, finansiering av felles velferd og inkludering. Alt dette gir grunnlag for sosial tryggleik og økonomisk vekst. Å inkludere fleire i arbeidslivet er det viktigaste tiltaket for å sikre betre liv for den enkelte og mindre forskjellar økonomisk og sosialt.

Noreg har, med solide bankar og ein mangfaldig bank- og finanssektor, eit godt utgangspunkt. Senterpartiet legg vekt på å føre ein politikk med rom for ein desentralisert banksektor. Sparebankar med lokal tilknyting og lokalkunnskap, som legg til rette for at gode lokale initiativ får finansiering, har ein naturleg plass i banksektoren. Reguleringa av bankar må i større grad tilpassast storleikane og risikobiletet til bankane.

### **Senterpartiet vil:**

– Sikre ein føreseieleg økonomisk politikk, som legg til rette for vekst og verdiskaping, sysselsetjing og god sosial og geografisk fordeling. For å sikre dette vil Senterpartiet ta initiativ til eit breitt skatte- og avgiftsforlik, basert på ei offentleg utgreiing der mellom anna partane i arbeidslivet deltek.

- Sikre eigen valuta og pengepolitikk under nasjonal kontroll.
- Grunnlovsfeste den norske krona.
- Kontantar skal vere gyldig betalingsform.
- Halde bruken av oljepengar innanfor dei rammene som handlingsregelen set.
- Legge vekt på at reguleringa av norsk banksektor ikkje påfører mindre bankar unødige regulatoriske krav. Det er viktig å sikre likeverdige konkurransevilkår mellom små og store bankar, og minst like gode for norske som utanlandske bankar.
- Sikre det norske Finanstilsynet norsk sjølvstende overfor EU.
- Fremme samvirkebaserte finansinstitusjonar og sparebankar, og sikre framleis konkurransedyktige vilkår.
- Sikre tilgangen til finansiering og gode, trygge og rimelege banktenester i heile landet.
- Behalde innskotsgarantien på 2 millionar kroner.

## Skattar og avgifter

Skatt på inntekt, formue og næringsoverskot er viktige finansieringskjelder for fellesskapen. Skattepolitikken skal innrettast effektivt, med breie skattegrunnlag og låge satsar. Skattebyrda skal fordelast rettferdig. Dette inneber skatt etter evne, både for inntekt og formue. Senterpartiet vil endre eigarskattlegginga, slik at ho i større grad blir berekna ut frå den personlege inntekta ein hentar ut frå eigarskapen sin, heller enn verdien av egedelane. Eit progressivt skattesystem er eit viktig verkemiddel i fordelingspolitikken.

Senterpartiet legg til grunn ein skattepolitikk som stimulerer til arbeid og innsats. Skattepolitikken skal bidra til auka entreprenørskap og nyskaping – og bidra til moglegheiter og utvikling i alle delar av landet. Derfor trengst ei vidare styrking av dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla i skattesystemet.

Norsk distriktpolitikk har vore basert på tiltak knytt til ulike næringar, til offentleg sektor og til ordningar i skatte- og avgiftssystemet. Eit avgjerande verkemiddel i dagens distriktpolitikk er den differensierte arbeidsgivaravgifta. Senterpartiet vil bevare denne ordninga og styrke den ytterlegare.

Senterpartiet vil differensiere fleire skattar og avgifter for å gjere det meir attraktivt å busetje seg og drive næring i distrikta. Slik kan kapitalmakt og arbeidsplassar desentraliserast.

Senterpartiet vil redusere avgiftene i Noreg. Avgiftsaukar rammar sosialt skeivt, ved at dei som har dårlegast råd ofte sit igjen med den største rekninga. Senterpartiet har i regjering sørgt for redusert elavgift, redusert trafikkforsikringsavgift, fjerna grunnavgifta på anleggsgas og halde avgiftene på mat og drivstoff nede. For å utvikle eit samfunn med små sosiale og geografiske forskjellar, er det langt meir omfordelende og formålstenleg å sikre finansiering av velferdsgode gjennom eit progressivt skattesystem.

Senterpartiet vil halde fram med å fremje det grønne skiftet. Dette ligg godt forankra i forvaltartankegangen vår. Vi vil derfor vurdere provenynøytrale skattegrep som fremjar grøn omstilling i næringslivet.

Den store marknadsmakta til teknologigigantane og evne til å unndra seg nasjonal skattlegging bidreg til å konkurrere ut mindre aktørar og heimlege bedrifter. Senterpartiet vil bidra til å endre dette for å sikre fellesskapen rettmessige skatteinntekter og eit meir mangfaldig næringsliv.

### **Senterpartiet vil:**

- Gjere skattesystemet meir progressivt gjennom å redusere skatten på låge og vanlege inntekter.
- Redusere avgifter som rammar folk flest, som elavgift og drivstoffavgifter.
- Fjerne moms på vatn og avløp.
- Halde bedriftsskattlegginga på eit nivå som bidreg til at bedrifter held oppe verksemda si i Noreg, og at overskotet blir reinvestert i bedriftene.
- Gå gjennom og forbetre dei skattemessige avskrivingsreglane for å gjere norsk næringsliv meir konkurransedyktig.
- Skjerme primærbustader med vanleg standard i skattesystemet og gå imot innføring av statleg eigedomsskatt.
- Redusere formuesskatten for eigarar av små og mellomstore bedrifter, mellom anna gjennom auka botnfrådrag og verdisetjingsrabattar.
- Differensiere fleire skattar og avgifter i tråd med sentralitetsklassane.
- Halde oppe differensiert arbeidsgivaravgift. Verkeområdet må utvidast slik at alle næringar og offentleg verksemd igjen blir omfatta av den differensierte arbeidsgivaravgifta.
- Styrke innsatsen mot svart arbeid, sosial dumping og skatte- og avgiftsunndragingar.
- Arbeide for at internasjonale konsern med aktivitet i Noreg ikkje tilpassar verksemda si med det formålet å unngå å betale skatt i Noreg.
- Arbeide for å innføre internasjonal skattlegging av multinasjonale selskap som er nullskatteytarar etter nasjonale skattetilpassingar.
- Styrke skattefrådraget for pendlarar.
- Innføre skattefrådrag på det årlege sparebeløpet i Gardssparing for unge (GSU).
- Arbeide for å innføre ei internasjonal avgift på valutahandel (Tobin-skatt).
- Styrke arbeidet mot kapitalflukt og skatteparadis.
- Ikkje innføre CO<sub>2</sub>-avgift på biologiske produksjonar.
- Vurdere skattar og avgifter som stimulerer til det grønne skiftet, som samtidig held oppe norsk næringslivs konkurransekraft.
- Sikre eit inntektssystem som jamnar ut geografiske og sosiale forskjellar og forskjellar i skatteinngang mellom kommunane.
- Gjennomføre endringar som gir kommunane større kontroll over egne inntekter og ha ein friare kommunal skatteprosent innanfor nasjonale rammer.
- Jobbe for å styrke konkurransekrafta til norske bedrifter slik at ein reduserer handelslekkasje til nabolanda.
- Gjere det mogleg for kommunar å setje eigedomsskatt på berre fritidsbustader og differensiere på eigedomsskatt for bustad og fritid.

- Auke Finnmarksfradraget eller gjere andre skattegrep i tiltakssona.
- Fjerne sone 4a i den differensierte arbeidsgivaravgifta slik at Bodø og Tromsø igjen får lik arbeidsgivaravgift som resten av Nord-Noreg med unntak av tiltakssona.

## Statens pensjonsfond utland

Statens pensjonsfond utland (SPU), betre kjent som Oljefondet, forvaltar ein sentral del av den felles nasjonale formuen vår. SPU skal forvaltast i eit langsiktig perspektiv. Forvaltninga må skje på ein måte som sikrar høgast mogleg avkastning over tid, innanfor ein akseptabel risiko. Kva typar investeringar fondet skal vere i og kvar fondet skal vere investert, må gradvis utviklast over tid.

Rammene for forvaltninga av fondet blir fastsette av folkevalde, men fondet skal ikkje vere eit utanrikspolitisk verkemiddel. Fondet skal i forvaltninga si, investeringane sine og eigarskapsutøvinga si styrke arbeidet sitt med etikk. Fondet skal fremje ei utvikling i dei verksemdene dei er investerte i som bidreg til å betre arbeidsmiljø og sosiale rettar, og reduserer negative helse- og miljøpåverknader.

Senterpartiet meiner vi framover må tenkje nasjonalt om forvaltninga av ein stor og veksande finansformue. Det å flytte ein større del av forvaltninga heim til Noreg vil bidra til å utvikle viktige arbeidsplassar og miljø i Noreg. På same vis som vi har tenkt langsiktig og industrielt rundt forvaltninga av naturressursane våre, bør vi gjere det same rundt forvaltninga av kapitalformuen vår.

### **Senterpartiet vil:**

- At ein størst mogleg del av investeringsaktivitetane til fondet skal styrast frå Noreg.
- Flytte delar av fondsadministrasjonen ut av Oslo.
- Flytte hovudkontoret for klima- og miljøinvesteringane i Oljefondet til Noreg.

## Statens pensjonsfond Norge

Norsk eigarskap er viktig for å sikre at kompetanse, arbeidsplassar og næringsutvikling finn stad i Noreg. Folketrygdfondet utgjer gjennom Statens pensjonsfond Norge den største institusjonelle investoren i Noreg, og forvaltar store verdiar på vegner av fellesskapen.

Senterpartiet vil behalde dagens mandat for Statens pensjonsfond Norge som slår fast at fondet skal forvaltast med formål om størst mogleg avkastning over tid.

Folketrygdfondet spelar gjennom eigarskapsutøvinga si ei sentral rolle for å sikre nasjonalt eigarskap og arbeidsplassar i Noreg.

Senterpartiet er oppteken av å styrke forvaltningsmiljøa i ulike delar av Noreg. Eit konkret tiltak har vore styrkinga av nærværet til staten i nord gjennom det nye kapitalforvaltningsmiljøet som er etablert i Tromsø. Denne satsinga bør førast vidare og styrkjast.

**Senterpartiet vil:**

- Opne for at Folketrygdfondet kan gjere strategiske investeringar med mål om å behalde arbeidsplassar og kompetanse i Noreg.
- Bruke Folketrygdfondet som eit verktøy for å sikre norsk eigarskap i selskap som er viktige for lokalsamfunn, nasjonal kontroll og norsk totalberedskap.
- Styrke Folketrygdfondets eining i Tromsø.

# Samferdsel: Heile Noreg må bindast tettare saman

Infrastruktur som veg, jernbane, hamnar og farleier, ferjar, hurtigbåtar, breiband og flyplassar bind heile Noreg saman. Gode kommunikasjonar i landet vårt og til allierte naboland styrker totalberedskapen vår. Senterpartiet vil føre vidare prioriteringa av å ta betre vare på det vi har, redusere vedlikehaldsetterslepet og sikre auka oppetid og robustheit i systemet. Vi må utbetre der vi kan og byggje nytt når vi må. Gjennom å vidareutvikle kollektivtilbodet og utvikle meir av eksisterande infrastruktur blir matjord og natur spart. Satsing på infrastruktur legg til rette for utvikling i heile Noreg.

Tilgang til høgfarts breiband og mobilnett med høg kapasitet er ein uunnverleg del av kvardagslivet for folk og bedrifter. Senterpartiet meiner at alle husstandar og verksemder skal ha tilgang til gigabitdekning seinast i løpet av 2029. For at gevinstane frå digitalisering og kunstig intelligens (KI) skal komme folk og verksemder over heile Noreg til gode må det takast politisk styring og gjerast store statlege investeringar. Staten må ta ansvar for å etablere nødvendig infrastruktur for KI. Senterpartiet vil vere garantisten for at distrikt-Noreg får tilgang på nødvendig KI-infrastruktur samtidig med sentrale strøk.

Grunnleggende beredskapsinfrastruktur som KI bør vere nasjonalt og offentleg eigd. Det er avgjerande å utvikle språkmodellar som er bygde på norske kjelder, slik at KI speglar norske språk, haldningar, verdiar og kultur. Desse språkmodellane må vere i offentleg eige og tilgjengeleg for private og offentlege aktørar. For å sikre KI til næringsliv og offentleg sektor over heile landet må det sikrast tilgang til nok reknekraft, mellom anna gjennom nasjonale superdatamaskiner og datasenter.

Senterpartiet vil styrke kollektivtransporten både i bygd og by, slik at fleire får ein enklare kvardag, bilbruken kan reduserast og privatøkonomien styrkjast.

Senterpartiet vil sikre at små og store norske entreprenørar i alle delar av landet kan delta i anbodskonkurransar.

Det er eit mål å redusere bompengane for folk. Belastninga for bilistane må ikkje vere for høg, verken i kvart enkelt prosjekt eller samla. Senterpartiet vil gå gjennom bompengebelastninga i ulike prosjekt og område. Ordninga for reduserte bompengesatsar i distrikta må førast vidare og styrkjast. Framtidige samferdselsprosjekt må i mindre grad baserast på bompengar. I nokre befolkningstette område vil rushtidsavgift/ trengselavgift vere eit formålstenleg verktøy for å regulere trafikken. Senterpartiet vil arbeide for at nedbetalingstid og finansieringsmodellen brukt ved utbetring og nybygging av fylkesvegar, må tilpassast regionar med låg årsdøgntrafikk (ÅDT), slik at bompengebelastninga ikkje blir uforholdsmessig stor.

Senterpartiet i regjering har gjort det gratis og rimelegare med ferjer og halvert maksprisane på flyrutenettet med statlege kjøp (FOT-rutenettet). Auka etterspurnad frå

lokalbefolkning, næringsliv og tilreisande er ein ønskt effekt av endringane. Senterpartiet vil føre vidare og styrke finansieringa av desse ordningane, slik at tilbodet kan forbetrast i tråd med auka etterspurnad og for å sikre tilstrekkeleg tilbod for lokalsamfunna. I tillegg vil vi gjere hurtigbåtrutene gratis etter same prinsipp som for ferjene.

Neste rullering av Nasjonal Transportplan må gi ei forsterka geografisk spreining av samferdselsinvesteringane over heile Noreg. Finansieringa av fylkesvegar, riksvegar og kystformål må styrkjast. Senterpartiet vil ha auka militær mobilitet i Noreg og styrkte samband til nabolanda våre Sverige og Finland. For å ivareta behovet for auka militær mobilitet, ivareta viktige beredskapsomsyn og meir næringstransport frå veg til bane, er det mellom anna viktig å utvikle ein jernbaneinfrastruktur i nord knytt til det svenske og finske jernbanenettet frå Troms og Finnmark. Aksene Trondheimsfjorden og Ofotfjorden står heilt sentralt i transportsambanda frå allierte og inn til Sverige og Finland. Vegar, jernbanar og kaianlegg i desse områda må sikrast ein stand til å ivareta det behovet. Det er også viktig å styrke aust-vestsambanda i andre delar av Noreg.

Senterpartiet vil forsterke satsinga på tiltak for å sikre rasfarlege strekningar. Transportpolitikken skal bidra til å oppfylle Noregs klima-, miljø- og jordvernsmål. Visjonen om null drap og hardt skadde i transportsektoren skal liggje til grunn, og tryggingstiltak skal tilpassast alle trafikantgrupper, inkludert MC. Vi vil forsterke satsinga på bruk av ny teknologi og innovative løysingar for betre og meir effektiv drift og vedlikehald og løysingar for overvaking og sikring mot ras og skred. Senterpartiet vil også gjennomføre ei kartlegging av det aller dårlegaste offentlege vegnettet, og gi løyvingar for standardhevingar til desse, og eit program for å fjerne flaskehalsar på fylkesvegane.

Nasjonal Transportplan må reformerast for å få sterkare politisk styring over avgjerder om store samferdselsprosjekt. Reforma skal gjere prioriteringane i planen meir oversiktleg, under dette den geografiske fordelinga, identifisering av regionale behov og prioriteringar på tvers av transportformer og infrastruktureigarar, og dessutan fordelinga mellom transportformene.

Senterpartiet vil endre dagens modell for porteføljestyling av vegprosjekt og etablere ei tilsvarande porteføljestyling for jernbaneprosjekt. I porteføljen blir alle planlagde prosjekt inkluderte på over 500 millionar kroner for høvesvis veg og bane i planperioden, herunder prosjekt som inngår i bypakkar. Alle prosjekt blir føresette ferdige og fullfinansierte i planperioden. Grensa for å bli omfatta av krava i prosjektmodellen til staten blir heva til 1,5 milliardar kroner. For digitaliseringsprosjekt skal grensa vere på 400 millionar kroner.

For at folk i alle aldrar skal kunne ferdast trygt langs vegane på sykkel og til fots, er det viktig å styrke satsinga på gang- og sykkelvegar og legge til rette for eit mest mogleg samanhengande gang- og sykkelvegnett. Det kan bidra til færre ulykker, at fleire vel sykkel og gonge, og dessutan betre miljø og folkehelse. Regelverket må bli meir fleksibelt slik at ein tek omsyn til lokale forhold ved bygging av gang- og sykkelveg. I

enkelte tilfelle, til dømes i grisgrendte strøk, bør det vere mogleg å gjere unntak frå Statens vegvesens standardar, som ved å tillate bruk av vegskulder.

### **Senterpartiet vil:**

- Redusere vedlikehaldsetterslepet på riks- og fylkesvegar.
- Gjennomføre eit særleg lokal- og fylkesvegløft der staten bidreg med minst 10 milliardar kroner ekstra i stortingsperioden.
- Styrke satsinga på flaum- og rassikring på offentleg infrastruktur, under dette riks- og fylkesvegar.
- Gjennomgå Statens vegvesens finansieringsmodell, for å sikre betre politisk styring.
- Vidareføre Nye vegar og sikre finansiering av prosjekt i porteføljen til selskapet, samtidig som styringsmodellen og mandatet til selskapet blir gjennomgått for å sikre betre politisk styring.
- Styrke ordning med gratis ferje gjennom å inkludere fleire samband, kompensere fylka fullt ut for ekstrakostnader knytte til auka kapasitet for å møte auka etterspurnad, og dessutan utvide ordninga til også å gjelde hurtigbåt.
- Forbetre og forlengje ferjeavløysingsordninga.
- Etablere eit system for "digitalisert ferjekø" i samarbeid mellom fylkeskommunane og Statens vegvesen, som i tillegg prioriterer ferjeplass for fastbuande og lokalt næringsliv.
- Styrke samarbeidet med trafikktryggleiksorganisasjonane.
- Føre vidare satsinga på nasjonale turistvegar, sykkelruter og vandringsleiar, mellom anna gjennom å inkludere nye strekningar.
- Sikre at Statens vegvesen har ressursar til å gjennomføre tilstrekkelege utekontrollar langs vegane og på grenseovergangane.
- Innføre førehandsbetaling eller andre garantiløysingar som sikrar at alle utanlandske køyretøy betaler bompengar på lik linje som norske køyretøy.
- Innføre eit obligatorisk kurs for utanlandske sjåførar på same nivå som for sjåførar med føraropplæring frå Noreg, for å meistre norske vintervegar og setje strengare standardar for vinterustrustinga til bilane.
- Prioritere å legge til rette for langtransportsjåførar gjennom etablering av fleire døgnkvileplassar, som minimum har lade- og fyllemoglegheiter og toalettfasilitetar.
- Byggje ut infrastruktur for lading og fylling av drivstoff over heile Noreg. Utbyggingstempoet for ladestasjonar til tungtransport må aukast raskt for å auke omstillingstempoet i transportnæringa. Lading for lette køyretøy må i større grad gjerast tilgjengeleg og saumlaus på tvers av ulike aktørar og tekniske løysingar.
- Gå gjennom regelverket for mopedbilar, med sikte på å sikre tryggare og meir trafikksikre køyretøy. Eit alternativ til dagens mopedbilar kan vere plombering eller system for intelligent fartstilpassing (ISA) av vanlege personbilar. Vilkår for førarrett for slike bilar vil vere førarkort klasse B, der ein i alderen 16 til 18 år berre kan køyre personbilar med slike restriksjonar, og at desse bilane berre kan køyrast på vegar med fartsgrense 80 km/t eller lågare.
- Legge til rette for auka bruk av ny teknologi, herunder KI, som verktøy for å forsterke og effektivisere Statens vegvesens kontrollverksemd.
- At styresmaktene skal bidra til utsleppskutt og teknologiskifte gjennom økonomiske insentiv og bruksfordelar i transportsektoren.

- Saman med næringslivet utvikle ein plan for logistikk- og terminalstruktur som kan flytte meir av varetransporten over frå veg til sjø og jernbane.
- Sørgje for at fylkeskommunar blir kompenserte for meirutgifter ved krav om nullutslepp frå ferjer og hurtigbåtar. Overgangen skal skje i samarbeid med norsk industri og sikre grøn omstilling langs heile norskekysten.
- Legge til rette for risikoreduserande tiltak for den maritime verdikjeda (reiarlag, verft, teknologi, energileverandørar) i utvikling i låg- og nullutslepps skipsfart.
- Auke Enovas satsar for investeringsstøtte ved kjøp av utsleppsfrie lastebilar og varebilar.
- Ha rabatterte takstar for store nullutsleppskøyretøy på ferjer og bomstasjonar.
- At offentlege aktørar skal etterspørje utsleppsfri transport av varer og tenester.
- Redusere klimautsleppa frå næringstransport/tungtransport, mellom anna ved å etablere eit CO<sub>2</sub>-fond for næringstransport.
- Legge til rette for fleire dele-, utleige- og utlånsordningar for bil.
- Legge til rette for at det kan givast transportstøtte for verksemder med lang avstand til marknaden.
- Stille krav om at det i utbygging og drift av samfunnskritisk infrastruktur og transport, berre skal nyttast selskap og personell frå land som Noreg har tryggingssamarbeid med.
- Ta initiativ til klimapartnerskap for anleggsbransjen etter same modell som for byggjenæringa.
- At gang- og sykkelveggar skal kunne stillast fri frå eksisterande vegtrase. Vi må vurdere moglegheita til å utnytte gamle ferdselstrasear for å redusere nedbygging av matjord og spare kostnader.

## Kollektivtilbod i heile Noreg

Senterpartiet vil utvikle kollektivtilbod i bygd og by over heile Noreg, slik at det skal vere lett og rimeleg å reise til og frå jobb og skule. Senterpartiet ønskjer trygge og raske reiser mellom landsdelar og regionar. For å lykkast med ei effektiv kollektivsatsing må pris, avgangsfrekvens, regularitet og komfort sjåast i samanheng. Auka bruk av kollektivtransport er viktig for å redusere klimagassutslepp, og Senterpartiet vil auke satsinga på null- og lågutsleppsløysingar i sektoren.

Senterpartiet vil ha ein integrert, offentlig jernbanesektor i Noreg. Majoriteten av forseinkingar og driftsstans på jernbanen kjem av gammal eller dårleg infrastruktur. For å auke driftsstabiliteten og punktlegheten vil Senterpartiet prioritere drift, vedlikehald, fornying og mindre tiltak framfor store utbyggingsprosjekt. For å styrke konkurransekrafta til godstrafikken vil Senterpartiet også prioritere lengre kryssingsspor, tilsvingar, stasjonstiltak og betre tilknytning til hamner og godsterminalar.

Senterpartiet vil legge til rette for bussruter langs strekningar som ikkje har togtilbod. I byområda vil ein godt utbygd og vedlikehalde infrastruktur for trikk, bane og buss vere viktig for å gi eit godt reisetilbod og fremje folkehelse. Senterpartiet vil avslutte togavtalane mellom fylkeskommunane og togoperatørane, og samtidig auke løyvingane til kollektivtransport. Dei kollektivreisande skal kunne flytte seg saumlaust mellom fylkeskommunale og statlege kollektivtilbod i heile landet. I område kor tradisjonelle

rutetilbod ikkje er formålstenleg, må det utviklast andre løysingar tilpassa folks behov. Senterpartiet ønskjer å satse på nye løysingar innan bestillingstransport, bilkollektiv og autonome køyretøy.

Drosjenæringa utfyller kollektivtrafikken i Noreg og har ein samfunnskritisk funksjon. Drosjetilbodet skal vere velregulert og sikkert for brukarane, og dei næringsdrivande skal ha gode rammevilkår. Senterpartiet i regjering har derfor pressa på for eit oppryddingsarbeid etter frisleppet til Solberg-regjeringa. Oppryddingsarbeidet må halde fram og styrkjast. Vi vil gjennomføre tiltak utover innføringa av krav til bankgaranti, kompetansekrav, krav om taksameter og taklampe, og gjeninnføringa av krav for løyvehavarane om å vere knytt til drosjesentral. Senterpartiet meiner det er viktig for pasienttryggleiken at anbod på pasientkøyting har pasienten i fokus. Noreg treng ei velregulert drosjenæring i bygd og by.

Auka bruk av kollektivtransport er viktig for å redusere klimagassutsleppa som Noreg har forplikta seg til. Senterpartiet vil auke satsinga på null- og lågutsleppsløysingar i sektoren.

#### **Senterpartiet vil:**

- Sikre statleg styring av norske jernbane, slik at staten får gode høve til å vidareutvikle tilbod og infrastruktur.
- Seie nei til konkurranseutsetjing, og halde fram arbeidet med å rydde opp etter jernbanereforma og redusere talet på selskap i jernbanesektoren.
- Greie ut korleis framtidens jernbaneinfrastruktur i og ut av Noreg på ein best mogleg måte kan dekkje framtidens transportbehov, til dømes gjennom å utbetre strekningar der jernbane effektivt kan og bør erstatte fly.
- Legge til rette for nye godsterminalar som kan bidra til betre heilskaplege transportløysingar, avlaste Alnabru og redusere sårbarheit i systemet.
- Byggje fleire og lengre kryssingsspor på viktige godsstrekningar, for å auke kapasiteten til godstransport, og dessutan etablere dobbeltspor på Ofofbanen.
- Styrke kollektivtransporten, gjennom auka statleg finansiering, slik at tilbodet kan aukast.
- Sikre at tog blir meir attraktivt for arbeids- og fritidsreiser gjennom å legge opp til gode arbeidsstasjonar og ikkje minst eit stabilt internett og mobilnett langs heile jernbanenettet.
- Byggje ut fleire pendlar- og sykkelparkeringar langs kollektivtrasear, og etablere fleire slike ved jernbanestasjonar og andre kollektivknutepunkt.
- Byggje ut, oppgradere og elektrifisere jernbanen for å sikre at fleire reisande og meir gods blir transportert på bane. Som del av ein samla beredskap er det ein klar fordel å ha lik driftsform på heile jernbanenettet i Noreg. Det er derfor viktig å så snart som mogleg setje i gang elektrifisering av dei strekningane som framleis har dieseldrift.
- Føre vidare byvekstavtalane, med prioritering av auka lokal handlefridom og geografisk utjamning som aukar gonge, sykling, kollektivbruk og reduserer bilkøar.
- Sikre fylkeskommunane finansiering for ordningar med fleksibel og brukartilpassa bestillingstransport.

- Sørgje for at kontraktsmarknaden (skulekøyning og pasientreiser) inngår i einerettar i dei områda der dette blir tildelt.
- Alle ungdommar i heile landet skal ha eit trygt alternativ for å komme seg heim, anten via ordinær kollektivtransport eller bestillingstransport, etter modell frå "heim for ein 50-lapp" og liknande ordningar.
- Effektivisere og samordne skuleskyssordningane. Det trengst eit nytt statleg regelverk om skuleskyss.
- Oppretthalde Kystruta Bergen–Kirkenes som eit reelt transporttilbod med daglege avgangar. Det må sikrast at inngått anbudsavtale kan haldast. I det nye anbudet må det sikrast at ein får frakta bilar og alle typar gods. ISPS-regelverket skal ikkje omfatte kystruta.
- Sikre døgnberedskap på drosjar i heile landet.
- Sikre innbyggjarane over heile landet gode drosjetenester, og sikre drosjenæringa anstendige lønns- og arbeidsvilkår.
- Sikre offentleg støtte til ekspressbussar på langruter der buss ikkje konkurrerer med jernbane.
- Legge til rette for at reiarlag, verft og teknologimiljø vel nullutsleppsløysingar og bidra til at norsk næringsliv tek ein internasjonal posisjon når det gjeld utsleppsfri skipsfart.
- Føre vidare rabatterte prisar på kollektivtransport, og inkludere lærlingar i studentprisrabattar.
- Endre pasientreiseforskrifta slik at der helseføretaka ikkje har inngått kontrakt om pasienttransport, skal helseføretaka tilby ei ordning der pasienten kan ta drosje utan å betale meir enn eigendelen for transporten.

## Luftfart

I store delar av landet er folk og næringsliv avhengig av eit godt flytilbod for å komme seg fram. Flyplassane står også heilt sentralt for rask transport av pasientar. Utviklinga av ei rekkje lokalsamfunn i Noreg er avhengige av eit godt flytilbod med låge prisar. Senterpartiet har sikra halvert makspris på flyruter med statlege kjøp (FOT-ruter). Vi vil halde fram med å satse tungt på kortbanenettet gjennom både å betre tilbodet og redusere prisane ytterlegare. Reduserte prisar vil gi fleire familiar meir fridom og større høve til å reise og det vil gi vekst og utvikling til næringslivet over store delar av Noreg. Det er eit mål å få ned utsleppa frå luftfarten ved å legge til rette for meir miljøvennlege fly- og drivstofftypar.

Senterpartiet vil halde oppe eksisterande lufthamner og finansieringa av desse gjennom flyplassavgifter/kryss-subsidiering. Avinor skal som hovudregel eige og drive lufthamnene.

Norske lufthamner er viktig for frakt av varer som krev rask og effektiv levering, både innan næringsliv og helse. Store mengder fisk frå Nord-Noreg blir i dag frakta store avstandar på veg, når dei i staden kunne vorte sende direkte ut frå lufthamner i nord. Det må legges til rette for meir flyfrakt av fisk direkte frå Nord-Noreg.

**Senterpartiet vil:**

- Sikre drift og utvikling av alle flyplassane på kortbanenettet.
- Styrke rutetilbodet og redusere prisane på flyruter i distrikta og halde fast ved ordninga med statlege rutekjøp i luftfarten.
- Fjerne flypassasjeravgifta.
- Sikre at vi får mest mogleg flyrørsler ut av det statlege flyrutekjøpet ved å vurdere heile innretninga på kjøpet, under dette vurdere bebuarordning.
- Sikre gode rammevilkår for drift og utvikling av dei regionale flyplassane som ikkje er ein del av Avinor-systemet.
- Framleis legge til rette for at Noreg blir ein arena for testing og utvikling av null- og lågutsleppsfly og stimulere til at null- eller lågutsleppsteknologi blir teken i bruk.
- Stille ambisiøse krav til innblanding av berekraftig biodrivstoff på lengre innanlandske flyruter.
- Sørge for at planane om ein tredje rullebane på Gardermoen blir skrinlagde.
- Bidra til at norsk luftfart baserer seg på verksemder som har ordna lønns- og arbeidsforhold og kvar fridommen til fagorganisering og krav til tryggleik blir respekterte.
  - Arbeide internasjonalt for at alle flyreiser skal inkluderast i klimaavtalar.
- Framme eit norsk initiativ til reforhandling av Chicago-konvensjonen med sikte på auka avgifter på internasjonale flyreiser, slik at all internasjonal flytrafikk tek sin del av utsleppsreduksjonar og omstilling.

## Hamner og farleier

Noreg har verdas nest lengste kystlinje. Senterpartiet vil legge til rette for ein effektiv og moderne infrastruktur langs kysten, som kan bidra til auka folketal og verdiskaping. Senterpartiet vil ha auka satsing på utbetring av hamner og farleier, auka statleg støtte til kommunale fiskerihamntiltak og styrking av maritim overvaking og andre tenester. Dette vil styrke Noregs beredskap, totalforsvaret vårt og vår evne til å ta imot allierte forsterkingar og forsyningar ytterlegare.

Fleire statlege aktørar, som til dømes Forsvaret, har rammeavtalar for frakt av gods sjøvegen. Samtidig føregår mykje av frakta til næringslivet av gods ved bruk av ferjer. Senterpartiet meiner vi må tenkje nytt for å oppnå ambisjonen om å få gods over frå veg og bane til kjøll. Derfor ønskjer vi å greie ut etablering av fleire godsruiter som kan gå mellom Finnmark og Østfold. Dette kan avlaste øysamfunn med godsbehov, Forsvarets behov, og det aukande behovet til kystruta.

**Senterpartiet vil:**

- Auke den statlege støtta til kommunale fiskerihamntiltak.
- Oppgradere eksisterande beredskapshamner.
- Legge til rette for å flytte meir av godstransporten frå land til sjø, mellom anna gjennom å legge til rette for fleire intermodale knutepunkt ved containerhamnene, slik at gods lett kan flyttast mellom skip, tog og bil.
- Sørge for rask utbygging av Stad skipstunnel.
- Arbeide for forpliktande utsleppsreduksjonar i kystflåten og internasjonal skipsfart.

- Arbeide for å vidareutvikle ladestasjonar for skipsfarten og styrke innsatsen for at alle hamner skal tilby landstraum innan 2030.
- Arbeide for at aktuelle norske hamner blir vidareutvikla for bygging, samanstilling og drift av havvindinstallasjonar.
- At farleisbevis berre skal havast av navigatørar frå land Noreg har tryggingssamarbeid med.

## Digitalisering

Digitale løysingar blir stadig viktigare innanfor dei fleste samfunnsområde. Digitalisering og auka bruk av kunstig intelligens kan bidra til å løyse store samfunnsutfordringar, men det fører også med seg nye dilemma og utfordringar som krev nye politiske løysingar. Det bør legges opp til ei forsiktig og moderat tilnærming for å sikre ivaretaking av grunnleggjende rettar. Kunstig intelligens skal ikkje trenast på datasett utan at eigar av dataa samtykkjer og nye løysingar bør testast nøye. For å sikre at dei metodane som blir brukte blir akseptert som rettferdige bør modellar og data som modellen blir trena på, vere tilgjengelege for allmenta. Forvaltninga og verksemdar må ha ei openheit rundt alle aspekt knytt til kunstig intelligens og bruken av den.

Senterpartiet vil føre vidare samarbeidet med partane i arbeidslivet om digitalt krafttak, der ambisjonen er at Noreg skal bli eit føregangslend innan digitalisering og kunstig intelligens.

Senterpartiet meiner det er eit statleg ansvar at alle hushald og bedrifter i Noreg har tilgang til høgfarbtreiband. Det er ein føresetnad for å utnytte potensialet som digitalisering og kunstig intelligens gir. Derfor har Senterpartiet i regjering jobba målretta for at det blir bygd ut tilgang til høgfarbtreiband til alle hus og leilegheiter med fastbuande, til alle bedrifter, og til alle innan offentleg verksemd.

Neste mål er at alle har tilgang til gigabitdekning i løpet av 2029. Senterpartiet vil at fylkeskommunane framleis skal ha ei sentral rolle i å sikre full treibanddekning, med framleis sterk statleg finansiering og tilrettelegging gjennom Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit (Nkom) for å nå måla.

Senterpartiets mål er at alle skal vere inkluderte heile livet. Ein stor del av den norske befolkinga har manglande digitale verktøy eller digital kompetanse. Senterpartiet vil derfor satse meir på utvikling av hjelpetenester, samtidig som ein legg til rette for analoge alternativ for dei som ønskjer det.

Senterpartiet vil stå i front for å skape moderne og effektive offentlege tenester gjennom digitalisering. Ny teknologi gjer at fleire tenester kan utførast lokalt. Slik kan digitalisering vere eit verkemiddel for å behalde spreidd busetjing og arbeidsplassar i heile landet.

Staten må samarbeide tett med leverandørar og med kommunal sektor for å legge til rette for større grad av standardisering av offentlege IKT-løysingar. Digitale løysingar er

viktig for å frigjere ressursar frå administrasjon som kan brukast på betre tenester nært folk.

Senterpartiet vil auke næringslivets og innbyggjaranes forståing for personvern og datatryggleik. Det totale risiko- og sårbarheitsbiletet i Noreg har vorte meir kompleks. Auka grad av digitalisering medfører større tryggingmessige utfordringar og utfordrar personvernet for kvar enkelt.

Nettangrep, tekniske feil og naturkatastrofar kan føre til omfattande feil, nedetid i kritiske løysingar og isolasjon av lokalsamfunn. Senterpartiet vil føre vidare arbeidet med digitale risiko- og sårbarheitsanalysar og styrke satsinga på forsterka elektrisk kommunikasjon (e-kom) i kommunane.

Stor informasjonsstraum og sosiale medium gjer kritisk tenking og kjeldekritikk blant befolkinga til ein del av totalberedskapen vår. Derfor må det legges til rette for at barn, unge og vaksne har kunnskap og haldningar som gjer nettkvardagen så trygg som mogleg. Den digitale beredskapen må styrkjast blant privatpersonar, privat sektor og offentleg sektor over heile Noreg.

#### **Senterpartiet vil:**

- Arbeide for praktiseringa av nettnøytralitet, for å sikre likebehandling av alle aktørar nasjonalt og internasjonalt.
- Hindre at sensitive data kan bli misbrukte gjennom å motarbeide føresegner i handelsavtalar om «fri flyt av data» over landegrensene.
- Sikre at offentlege digitale løysingar i Noreg også er tilrettelagde for dei samiske språka.
- Sikre framdrift i arbeidet med å digitalisere materiale i offentlege og private arkiv.
- Forsterke digitaliseringa i offentleg sektor og vidareutvikle sentrale digitale register og felleskomponentar som Matrikkelen, Folkeregisteret, Einingsregisteret og Altinn.
- Ha eitt enkelt digitalt kontaktpunkt der alle offentlege, økonomiske og rettslege krav er samla for privatpersonar, organisasjonar og verksemder.
- Innføre aldersgrense for sosiale medium med digital verifisering.
- Styrke det førebyggjande arbeidet for å forhindre overgrep på nett.
- Styrke fokus på internett som del av arbeidet med ungdom og psykisk helse.
- Gi eit godt tilbud til ungdom som blir mobba eller utsett for uønskt deling på nett, mellom anna ved å styrke slettmeg.no.
- At det blir utarbeidd nasjonale råd om digitale vanar.
- Styrke arbeidet og ha betre koordinering for oppfølging av ID-tjuveri.
- Styrke Etterretningstenesta og Cyberforsvaret slik at Noreg kan møte truslar mot digital infrastruktur og digitale løysingar frå militære og sivile aktørar, ved å investere i personell og materiell.
- Stramme inn karantenerregelverket for å styrke tilliten til forvaltninga og for å sikre sensitiv informasjon om norsk tryggleik og beredskap.
- Sikre at grunnleggjande digital infrastruktur blir lagd inn under tryggingsslova, inkludert underleverandørar.

- Pålegge offentlege og private verksemdar som eig kritisk digital infrastruktur å gjennomføre risikovurderingar for å identifisere digitale sårbarheiter og avhengingar mellom infrastrukturar.
- Styrke det førebyggjande arbeidet gjennom Norsk senter for informasjonssikring (NorsIS) og Næringslivets tryggingråd for å auke innbyggjarane og næringslivets forståing for personvern og datatryggleik, og samtidig sikre kvar enkelt hjelp ved ID-tjuveri, krenkjande åtferd på nett og digital økonomisk kriminalitet.
- Styrke den digitale beredskapen i kommunesektoren med rådgiving og formidling av kunnskap, informasjon om truslar, hendingar og sårbarheiter.
- Sikre alle hushald og verksemdar i heile landet tilgang til høgfarings breiband med minimum 1 gigabit/s, og sikre leveringsplikt for breiband i dei områda der det ikkje er grunnlag for kommersiell utbygging.
- Sikre framleis statleg finansiering av breibandutbygging på minst same nivå som i dag, og utan kommunal eigendel.
- Sikre utbygging av mobildekning i heile landet og prioritere rask utbygging der det manglar mobildekning langs hovudferdselsåra på land og sjø.
- At det blir etablert klare nasjonale tryggingreglar og kontrollrutinar for utkontraktering av norske datatenester.
- Auke utbyggingstakten av 5G og stille lovpålagde krav om dekning i griskrendte strøk ved tildeling av frekvensar.
- Ha ein offensiv patentpolitikk internt i offentleg sektor. Innovasjon utvikla av det offentlege skal vere under nasjonal kontroll.

## Post

Senterpartiet støttar eit system som garanterer effektiv postgang for folk og næringsliv i heile landet. Det er viktig å verne om distribusjonsløysingar som sikrar avisombering også på laurdagar.

### **Senterpartiet vil:**

- Forbetre landspostbodordninga, mellom anna gjennom samordning av fleire tenester innan distribusjon og varelevering.
- Vurdere å utvide prøveprosjektet "På dørterskelen" i regi av Posten og KS til å omfatte fleire kommunar.
- Sikre effektive ordningar som gjer at laboratorieprøver kan bli sende og mottatt også på laurdagar i alle delar av landet og styrke ordningane som gjer at aviser kan distribuerast alle kvardagar, inkludert laurdag.
- Sikre føreseielege rammer for postombering og levering av pakkar til dei som ikkje bur i nærleiken av posttenester eller post i butikk.
- Sikre lik brevporto i heile landet.

# Utdanning og forskning: Skulegang som gir jobb, gode liv og verdiskaping

Kunnskap, kompetanse og like moglegheiter i Noreg er grunnleggjende i enkeltmenneske sitt liv og for samfunnet samla sett. For å sikre nødvendig kompetanse over heile Noreg må vi legge til rette for fleksible og desentraliserte utdanningsløp.

Utdanningstilboda må møte og svare på endringar i samfunnet, og svare på behova det framtidige arbeidslivet har. Elevar og studentar må få opplæring som gir jobb.

Senterpartiet vil gjere skulen meir praktisk gjennom heile utdanningsløpet - frå barneskulen til høgare utdanning. I bygd og by bør skular ta i bruk nærmiljøet i undervisninga. Høgare utdanning skal ha yrkesrelevans og alle profesjonsutdanningane skal ha praksis.

Senterpartiet vil ha ein sterk og gratis offentleg skule. Skulen skaper rammer for ein fellesskap som er viktig for å jamne ut forskjellar og gi barn og unge felles referanserammer. Senterpartiet vil at grunnskular, vidaregåande skular og høgare utdanning skal ha ein desentralisert struktur. Utdanningsinstitusjonane må nytte seg av lokale og regionale fortrinn – og spele på lag med nærmiljøet.

Skulen skal ta utgangspunkt i den kristne og humanistiske kulturarven vår og verdiar som likeverd, likestilling, ytringsfridom og demokrati. Hovudmålet til skulen er å fremje kunnskap, meistring, ferdigheiter og kritisk tenking.

Nynorsk og bokmål er likestilte målformer i Noreg. Senterpartiet meiner at begge skrifttradisjonane skal sikrast. Dette krev ein særskild innsats for å styrke det nynorske skriftspråket. På ungdomssteget og i vidaregåande skule skal det vere obligatorisk opplæring i begge målformer med eigen standpunktkarakter og eksamen i hovud- og sidemål. Det må setjast av nok midlar til utviklinga av nynorske læremiddel og læringsressursar, og alle læremiddel og læringsressursar må liggje føre på nynorsk og bokmål på same tid.

Auka bruk av skjerm i skulen medfører moglegheiter og utfordringar. Elevar opplever i dag mange stressfaktorar frå digitale medium, som tidlegare generasjonar ikkje har opplevd. Skulen skal hjelpe elevane med å meistre den moderne digitale kvardagen, samtidig meiner Senterpartiet at auka skjermbruk i skulen har negative konsekvensar for barn og unge. Senterpartiet ønskjer eit nasjonalt mobilforbod i grunnskulen. Dei juridiske rettane til barna må ivaretas. Vi vil satse på betre leseferdigheiter og sikre skulane nok lærebøker og tradisjonelle læremiddel i tillegg til nødvendig IKT-utstyr. Metodevalet må overlatast til lærarane.

## Motivasjon, gjennomføring og rådgiving

Senterpartiet er bekymra over fråfallet i vidaregåande skule, og særleg innan yrkesfaga. Vi veit at fråfall i mange tilfelle kan sporast tilbake til barnehagen. Forsterka oppfølging i barnehage og grunnskule, og ein desentralisert vidaregåande skulestruktur, vil bidra til at fleire klarer å fullføre vidaregåande opplæring.

Heile skuleløpet må bli meir relevant for arbeidslivet. For dei som fell ut av skulen, er det avgjerande å få eit tilbod om jobb frå dag éin. Retten til å fullføre vidaregåande opplæring skal liggje fast. Dette kan gjerast gjennom å opprette ei fleksibel tilskotsordning til verksemder som tek inn dei som fell frå vidaregåande utdanning. Vi vil starte ordninga først i utsette område med høg del fråfall frå skulen. Senterpartiet ønskjer å ha fleire alternative opplæringsforløp i samarbeid med bedrifter. Utanforskap må også førebyggjast gjennom å styrke laget rundt eleven, mellom anna ved å tilsetje fleire miljøarbeidarar i skulane.

Nødvendig informasjon må følgje elevane når dei går frå barnehage til barneskule, frå barneskule til ungdomsskule og frå ungdomsskule til vidaregåande skule. Slik blir gode overgangar sikra for elevane.

Alle elevar skal oppleve eit trygt og godt skule- og læringsmiljø som bidreg til trivsel, motivasjon og lærelyst. Det er derfor behov for gode fagmiljø rundt elevane, som kan bestå av lærarar, helsesjukepleiarar, skulepsykologar, miljøarbeidarar, yrkes- og utdanningsrådgivarar, lærling-, elev- og mobbeombod og sosionomar. Rådgiving og karriererettleiing frå eit tidleg tidspunkt kan gi auka gjennomføring gjennom samarbeid med arbeidslivet. Vi vil satse på tiltak som styrker den psykiske helsa til elevane, og sikre elevane god tilgang til psykologteneste.

### **Senterpartiet vil:**

- Styrke yrkesretteiinga for alle elevar ved å auke kompetansen til rådgivarane og utvikle nye reiskapar for formidling av yrke og utdanningar.
- Gi alle elevar i ungdomsskulen tilbod om arbeidslivsfag, i samarbeid med private og offentlege verksemder, og legge til rette for at alle elevar kan opprette ei elevbedrift eller eit tilsvarande prosjekt.
- Sikre alle ungdommar moglegheit til å reise på lokale yrkesmesser og besøkje eller få besøk på skulen av lokalt næringsliv.
- Styrke skulehelsetenesta slik at den kjem opp på dei nasjonale måla for talet på årsverk per elev.

## Læraren

Ein godt leidd og driven skule med kvalifiserte lærarar er avgjerande for elevane og for samfunnet. Senterpartiet vil gi læraren profesjonelt handlingsrom. Rollefordelinga mellom lærar og forelder bør gjerast tydeleg for å legge til rette for samarbeidet mellom skule og føresette. Lærarar og skuleleiarar bruker stadig meir tid på rapportering og dokumentasjon, og får nye arbeidsoppgåver som aukar den totale arbeidsmengda.

Læraren må få tid og tillit til å vere lærar. Senterpartiet vil prioritere tida til læraren med elevane.

God praksis er avgjerande for alle lærarstudentar. Lærarutdanningane må styrkjast, og gjerast meir praksisnære. Senterpartiet vil halde fram arbeidet med å gjere lærarutdanningane meir opne, fleksible og gi fleire høve til å ta ei lærarutdanning. Vi vil gjere det meir attraktivt å vere lærar som kan undervise i meir enn to fag. Det skal vere høg kvalitet på grunnskulelærarutdanninga, alle lærarar bør få rett til etter- og vidareutdanning, særleg innanfor spesialpedagogikk.

### **Senterpartiet vil:**

- Styrke den desentraliserte lærarutdanninga som er viktig for å redusere talet på ufaglærte i norsk skule, og auke lærarrekrutteringa i heile landet.
- Gjere lærarutdanninga meir praksisnær og relevant, og gi kommande lærarar moglegheit for kompetanse i fleire fag og emne tilpassa behova til små skular.
- Lærarutdanningane må stå friarar til å organisere praksis og betre praksisrettlegg, som sikrar eit best mogleg grunnlag for å bli lærar.
- Sikre høg kvalitet og relevans på etter- og vidareutdanningstilboda for lærarar.
- Opne for treårig lærarutdanning til grunnskulen med rom for to års påbygging til mastergrad.
